



Institutt for arkeologi, historie, religionsvitenskap og teologi

Dei falnes dal

80 år med minne og gløymse om den spanske borgarkrigen

Sigurd Sælthun

Masteroppgåve i historie ved lektorutdanninga

HIS-3980

mai 2020



‘Valle de los Caídos’ av Sigilis,

https://commons.wikimedia.org/wiki/File:El_Valle_de_los_Ca%C3%ADdos.jpg

Lisens ved <https://creativecommons.org/licenses/by-sa/3.0/es/deed.en>

Føreord

Fyrst ei innrømming: eg har aldri sett Dei falnes dal. Rett nok var eg veldig nære i mars 2019, då eg køyrde med ein kamerat frå Madrid og nordover. Vi var på veg til Nord-Spania for å klatre. I vegkanten stod det plutselig skilta mot “Valle de los Caidos”. Eg lurte på om vi kunne køyre innom, men min venn var ikkje spesielt interessert i historie og hadde ikkje høyrte om Franco. Eg aksepterte avslaget, da eg sikkert fekk sjansen til å sjå det seinare. Hadde eg vist at Franco vart flytta frå monumentet eit halvt år seinare, at koronakrisa skulle inntreffe eit halvår etter det igjen, og at eg sidan bestemte meg for å bruke eit drygt halvår av livet mitt til å skrive ei oppgåve om plassen, hadde eg nok vore litt meir påståeleg. Samstundes: kanskje ein del av det som fekk meg til å velge dette monumentet kom av mystikken av det å aldri ha sett det. Kanskje denne oppgåva vart meir objektiv og distansert sidan eg aldri har sett Dei falnes dal. Eller kanskje ikkje.

Målet med denne oppgåva var å lære noko meir om Spania og det spanske samfunnet i dag. Etter at eg skreiv bachelor om borgarkrigen hadde eg framleis mange spørsmål knytta til tema. Størst av desse var korleis spanjolane såg på fortida si i dag. Etter at eg tok eit årsstudium i spansk har eg også ønska å nytte språket til noko praktisk. Eg føler at eg kan mykje meir om dette no, men langt i frå alt. Eg ynskjer å takke hovudvegveieren min Narve Fulsås som frå fyrste stund har vore interessert i problemstillinga mi, stilt dei rette spørsmåla og hjelpt meg på vegen. Takk til bivegleiar Joakim Aalmen Markussen som har kome med gode råd og praktisk hjelp til å strukturere oppgåva. Takk til eit godt samhald til dei fire andre på lesesal M-023. Tusen takk til mine foreldre, Kari og Sander, som har rydda opp i brokete nynorsk. Til slutt, takk til min sambuar Oda som har støtta meg gjennom heile prosessen til mangt. Utan dykk hadde ikkje dette gått.

Føreord

Introduksjonskapittel	1
Bakgrunn	1
Problemstilling, avgrensing og metode	3
Kva er Dei falnes dal?	5
Teori	10
Minne og kollektivt minne	11
Politisk og sosialt minne	13
Historiografi	15
Tolking av Dei falnes dal i nyare forskingslitteratur	16
Kan monumentet endrast?	17
1939-1959: Sigerherrane sitt monument	23
Borgarkrigen og følgene av den	23
Borgarkrigen si rolle under regimet	25
Eit delt samfunn	27
Kva type minne formidlar Dei falnes dal?	29
Eit tvetydig monument?	32
Diktaturet sitt minnekollektiv	33
1960-1975: Forsøk på å skape ein inkluderande minnekultur	35
Stabiliseringsplanen	35
Ny form for legitimering	36
Dei falnes dal sett frå utsida	38
Eit splitta regime og ein samla opposisjon	40
Eit monument - to minne	43
1975-2000: Overgang, gløymslepakt og avpolitisering av minnet	45
Franco døyr	45
Det nye regimet gjer klar for overgang	46
Fortida som lærebok	48
Høgresida sitt syn på fortida	51
Opposisjonen sitt syn på fortida	53
Alternativt narrativ på fortida	54
Moderasjon og samarbeid	57
Eit vedtatt kollektivt minne	59
Avpolitisering av Dei falnes dal	62
Vidareføring av eit minne	65
2000 - i dag: Eit splitta minne	69
Massegravene blir attfunne	69
Massegravene blir knytta til Dei falnes dal	71
Politisering av konflikten	73

Lova om historisk minne	74
Overgangen si rolle	77
Komiteen for endring av Dei falnes dal	80
Flyttinga av Franco	82
Dei falnes dal - sentrum for minnekonflikten	85
Konklusjon og avslutning	87

Introduksjonskapittel

Bakgrunn

Dei falnes dal er eit massivt monument over den spanske borgarkrigen og ligg i Cuelgamuros-dalen, omtrent fem mil utanfor Madrid. På grunn av ein 150 m høg steinkross kan du sjå monumentet på fleire kilometers avstand. Monumentet er ikkje mindre overveldande når du nærmar deg det. Komplekset omfattar ein massiv paradeplass, gondol og eiga togbane som tek deg rundt på anlegget, ei underjordisk kyrkje som er større enn Peterskyrkja i Roma, eit eiga kloster og er sist, men ikkje minst siste kvileplass for omlag 70 000¹ falne frå den spanske borgarkrigen.

I dag er Dei falnes dal sentrum for ei større minnekonflikt som er knytta til framstillinga av borgarkrigen og diktaturet i dagens Spania. Dei ulike sidene er usamde om kva monumentet symboliserar, og med dette også framtida til Dei falnes dal. Medan tilhengerar kallar det eit bevis på forsoninga mellom spanjolar etter borgarkrigen, kallar kritikarane det for verdas største fascistiske fornøyelsepark.² Dei falnes dal var bestemt bygd av general Francisco Franco, leiaren av dei nasjonalistiske opprørarane som vann borgarkrigen, og seinare diktator i Spania. Monumentet vart opna 20 år etter at borgarkrigen slutta, i 1959. Franco styrte landet fram til 1975 da han sjølv blei gravlagt i monumentet. I 2019 vart han flytta frå monumentet til ein privat gravplass i Madrid. Byggverket vart eit ideologisk sentrum for regimet, og fylte derfor mange ulike funksjonar under diktaturet. Dette gjer at det også er vanskeleg å klassifisere det: Dei falnes dal grenser mellom mausoleum, massegrav, monument, religiøs samlingsplass, minnesmerke og turistattraksjon. I dag er det rekna som nasjonalarv av den spanske staten og er blant dei mest besøkte turistattraksjonane i landet, med 400 000 besøkande i 2018. Trass dei høge besøkstala går Dei falnes dal i underskot og vert subsidiert av staten.³

Modernisering, klassekamp og rivaliserande ideologiar hadde ført til store motsetningar i Spania under heile 1900-talet. Den spanske borgarkrigen starta med eit kuppforsøk frå militæret mot ei demokratisk valt regjering 18. juni 1936. Målet til kuppakarane var å fjerne den progressive regjeringa og styre landet basert på tradisjonelle verdier og katolsk tru. Borgarkrigen utspelte seg i ein periode med intens spenning i resten av Europa, noko

¹ Antall falne er eit omdisktuert tall og har høg usikkerheit. Denne diskusjonen blir omtalt seinare i oppgåva

² Gareth Stockey, *Valley of the Fallen: The (N)ever Changing Face of General Franco's Monument* (Critical, Cultural and Communications Press, 2013), 23.

³ Ibid., 43; El Diario, "Valle de Los Caídos: Casi 400.000 Visitas Y 1,5 Millones En Venta de Entradas," El Diario, October 10, 2019, https://www.eldiario.es/cultura/valle-caidos-visitas-millones-entradas_1_1319369.html.

som førte til at konflikten heile tida var utsett for stor utanlandsk påverking. Då kuppemakerane vann krigen i april 1939, var det på grunn av støtte frå det fascistiske Italia og nazistiske Tyskland. Slutten på krigen markerte starten på eit nesten 40 år langt militærdiktatur leia av general Francisco Franco med klare høgreekstre tendensar. Dette diktaturet var prega av ekstrem undertrykking av den tapande sida. Dei som hadde delteke på feil side eller sympatisert med den republikanske regjeringa vart fengsla eller avretta. Men også dei som blei oppfatta som for progressive eller moderne for det nye regimet blei undertrykt. Desse forfølgelsane heldt fram også etter krigen var slutt. Fleire hundre tusen reiste også i eksil.⁴ Franco sat på makta heilt fram til sin død i 1975, da han blei gravlagt som nasjonalhelt i Dei falnes dal.

Kort tid etter Franco døydde starta ein forsiktig overgangsprosess mot eit nytt styre som førte til det fyrste valet i 1978. Denne prosessen vart sett i gang av regimet sjølv med den tanken at dei kunne behalde noko av makta sjølv under eit nytt styresett. Men det hadde aldri komme til nokon forsoning mellom dei to sidene frå borgarkrigen under diktaturet. Ingen påtok seg noko ansvar for overgrepa og brotsverka som hadde skjedd under eller etter krigen. Under overgangen til demokrati var derfor frykta stor for at ei ny konflikt kunne bryte ut. Det blei derfor brei politisk semje mellom det gamle styret og den nye opposisjonen om å legge fortida bak seg og gløyme både borgarkrigen og diktaturperioden for å kunne gå vidare. Ein meinte at det var nødvendig å gravlegge striden for å skape eit nytt Spania.⁵ Dette har seinare blitt kalla 'gløymslepakta' og var ein uskreven regel om å ikkje omtale eller bruke fortida for å oppnå politisk vinning. Dette har blitt rekna som den viktigaste årsaka til at ein fekk ein fredeleg overgangen til demokrati. I samband med dette blei det vedtatt eit strafferettsleg amnesti som gjaldt for både regimet og politiske motstandarar.

Da Dei falnes dal blei reist, var formålet med monumentet å vise den einsidige sigeren til den nasjonalistiske sida over den demokratisk valde republikanske regjeringa. I følge regimet hadde dei redda landet frå kommunisme og ei destruktiv modernitet som ville øydelegge Spania. Monumentet skulle sikre at regimet sitt syn på borgarkrigen ville overleve i framtida, samstundes etablerte det eit skille mellom den vinnande og tapande sida. Dei falnes dal var berre eit monument for sigerherrane, der den tapande sida var utelaten. Det faktum at monumentet var primært bygd av krigsfangar frå den tapande sida

⁴ The Editors of Encyclopedia Britannica, "Spanish Civil War," in *Encyclopedia Britannica*, July 10, 2020, <https://www.britannica.com/event/Spanish-Civil-War>.

⁵ Marcus Buck, *The Exemplary Transition from Authoritarianism: Some Notes on the Legacy of Undemocratic Decision-Making in Spain*, 1998, 1618.

er med på å legge ekstra symbolikk i denne betydninga. Dei falnes dal skulle vere eit tidlaust og storslege monument som plasserte Francodiktaturet inn i den spanske historia, og slik vere diktaturet sin arv til ettertida. I monumentet finn vi fleire referansar til ei storslegen fortid som Franco og regimet skulle vende tilbake til.⁶

Men Franco sitt syn på fortida skulle ikkje vare evig. Med overgangen til demokrati var det behov for nye tolkingar av fortida. I denne samanheng blei det hevda at Dei falnes dal heilt frå starten hadde hatt eit forsonande formål. På denne måten fortsette monumentet som eit nasjonalt symbol, men som no skulle samle nasjonen også i det demokratiske Spania. Dette trass i at diktatoren hadde bygd monumentet for sigerherrane, og sidan var gravlagt der. Gløymlepakta førte til at det ikkje blei noko oppgjær med fortida. Store deler av regimet og symbola etter diktaturet beholdt sine posisjonar i det nye Spania, noko Paul Preston karakteriserte som “å byggje eit nytt Spania med delane av det gamle”.⁷

Problemstilling, avgrensing og metode

Oppgåva si problemstilling er følgjande:

Korleis har ein forsøkt å skape eit felles minne om den spanske borgarkrigen? Kvifor har ein ikkje lykkast?

Dei falnes dal er det viktigaste symbolet på Francoregimet, deira partiske syn på borgarkrigen og undertrykking av den tapande sida. Derfor ønskjer eg å undersøke dette minnet gjennom monumentet Dei falnes dal. Kva var årsaka til at det blir hevda å ha eit forsonande formål i ettertida? Korleis kunne demokratiet gløyme fortida si dersom ein bevarte eit slikt høgst problematisk monument? Splittar eller samlar Dei falnes dal befolkninga?

Det finst tusenvis av andre monument knytta til borgarkrigen i Spania, men eg ønskjer å fokusere på Dei falnes dal sidan dette er det største og viktigaste av monumenta som regimet har etterlatt seg. Dei falnes dal har også blitt sentrum for den større debatten om borgarkrigen og diktaturet som utfoldar seg i Spania i dag. Eg kjem til å sjå på bruken, framstillinga og kritikken av monumentet frå det blei påbegynt i 1939 og så nært fram til i dag som mogleg. På denne måten kan ein sjå etter endring og kontinuitet i det minnet som har blitt formidla gjennom Dei falnes dal under diktaturet, overgangen til demokrati og

⁶ Stockey, *Valley of the Fallen: The (N)ever Changing Face of General Franco's Monument*.

⁷ Dacia Viejo-Rose, *Reconstructing Spain: Cultural Heritage and Memory after Civil War* (Apollo Books, 2011), 153.

fram til i dag. I samband med dette er det også naudsynt å forklare konteksten rundt monumentet: regimet sin ideologi og dei politiske endringane. Kan dette forklare oss det som ved fyrste augekast kan framstå som uforklarleg: Kva gjer eit minnesmerke over eit høgreekstremt diktatur i eit vestleg demokratisk land? Monumentet står framleis likt som den dagen det blei bygd, utan noko form for kontekstualisering. Det er vanskeleg å sjå for seg at det same skulle kunne skje i andre land som har hatt liknande autoritære styre, som til dømes Tyskland og Italia.

Oppgåva vil primært vere ein litteraturstudie der eg undersøker den tidlegare forskingslitteraturen om borgarkrigen og det kollektive minnet i Spania, og sidan drøftar korleis dette minnet har påverka eller kjem til uttrykk i Dei falnes dal. Eg kjem til å fokusere på dei ulike narrativa som til ei kvar tid eksisterer om borgarkrigen, og korleis monumentet blir framstilt i dei. Minna er like avhengige av behova i notida som dei historiske hendingane. Der det har vore naudsynt har eg også brukt eit utval primærkjelder.

Både minnet om borgarkrigen i Spania og Dei falnes dal har blitt behandla tidlegare, kvar for seg og saman. Mykje av den nyare forskinga er gjort som antropologiske undersøkingar der ein ser på monumentet si rolle i dag, kva som var det opprinnelige meiningsinnhaldet då det blei bygd, og tek ut i frå dette eit standpunkt om kva som burde gjerast vidare med monumentet. Dei tek i mindre grad omsyn til korleis betydninga er forsøkt endra gjennom monumentet si levetid. Berre ved å ta omsyn til dette kan vi forstå dei ulike standpunkt til minnekonflikten og Dei falnes dal i Spania i dag. Ei historiografisk framstilling av minnet knytta til monumentet vil derfor kunne gje nye perspektiv som kan brukast til å forstå dagens debatt. Eg meiner dette monumentet kan fungere som ein slags lakmustest på graden av konsensus om det minnet som til ei kvar tid eksisterer i Spania.

I oktober 2019 blei Franco gravd opp frå Dei falnes dal og flytta til ein privat gravplass i Madrid. Flyttinga var resultatet av eit arbeid som blei starta i 2011 da ein komite blei nedsatt for å finne ut korleis ein kunne gjere om monumentet slik at det blei ein minnestad for alle som hadde falle under borgarkrigen. Men flyttinga kunne fyrst skje etter lang rettsleg kamp mot familien til Franco, som ønskte at han skulle bli verande i monumentet, og som fekk støtte av kyrkja og store deler av den politiske høgresa. Frå 2000 hadde gløymsepakta stadig blitt utfordra etter som gamle sår har blitt opna. Borgarkrigen og diktaturet hadde blitt ein del av den politiske agendaen og ført til intens politisk drakamp. Forsøk på å stille gamle regimepolitikarar for retten, økonomisk erstatning til dei som

hadde blitt undertrykt av regimet og bistand til å opne massegraver er berre av nokon av episodane knytta til fortida som har prega den offentlege debatten dei siste åra. Mest dominerande er kanskje framtida til Dei falnes dal. Kva skal skje med det største monumentet etter regimet? Skal det endrast, rivast eller bevarast? Det er også naudsynt å sjå på kvifor denne minnekonflikten oppstår akkurat no. I over 60 år har monumentet fått stå i fred, på trass av eit regimeskifte der ein gjekk frå eit autoritært styre til eit demokrati. Er dagens minnekonflikt i Spania berre eit forseinka oppgjer med fortida som skulle vore teke under overgangen til demokrati, eller er den eit resultat av eit endra syn på fortida?

Den tilsynelatande gravlagde fortida har gjenoppstått, og i sentrum for diskusjonen om korleis fortida skal forstås står Dei falnes dal. Minnekonflikten og andre kriser som korrupsjon, økonomisk nedgang og separatisme har ført til at mange stiller spørsmål om det er samanheng mellom den uavklarte fortida til Spania og problema i dagens samfunn. Kan eit land vere eit velfungerande demokrati med ei undertrykt problematisk fortid? Eller er kva som faktisk hende under borgarkrigen og diktaturet noko partane aldri kan einast om, og derfor bør både minnet og Dei falnes dal stå uberørt og ubehandla? For å kunne forstå forholdet mellom Dei falnes dal og det kollektive minnet i Spania trengs ei grundig beskrivelse av monumentet, symbolikken og kva tanken bak det var. Det står framleis likt den dagen det blei opna i 1959, etter som Franco både blei gravlagt der i 1975 og fjerna i 2019.

Kva er Dei falnes dal?

Franco gav ordre om bygging av Dei falnes dal allereie før borgarkrigen var avslutta. Bygginga starta i 1940 og var forventa ferdig etter få år. Men landet var øydelagt etter mange år med krig. Økonomisk krise og svolt prega samfunnet. Ute i Europa herja andre verdenskrig, noko som gjorde at det var stor mangel på alle materialer og matvarer. Det einaste ein hadde nok av var arbeidskraft: tusenvis av krigsfangar frå den tapande republikanske sida blei sett til å arbeide på monumentet som ikkje blei ferdig før i 1959, nesten 20 år etter at det var påbegynt. Den lange byggjeperioden vitnar om størrelsen og omfanget ved monumentet.

Det fyrste ein ser når ein nærma seg Dei falnes dal er den enorme steinkrossen som ruvar over landskapet omkring. Laga i granitt med ei høgde på 150 meter og vingspenn på 50 meter gir den raskt eit teikn på den religiøse betydinga til monumentet. Dimensjonane er så voldsomme at det er plass til både ein heis og ei trapp inni krossen opp til toppen. Krossen er støtta opp av dei fire evangelistane, kvar av dei 18 meter høge og hogd ut i

mørk stein. Under steinkrossen, inne i fjellet, er det bygd ei kyrkje. Den er sprengt inn i fjellet og måler 260 meter i lengde, noko som gjer den større en Peterskyrkja i Vatikanet. Den er utan vindauger og sparsomt opplyst, slik at den får ei dyster framtoning. Den blei utnevnt til basilika av pave Johannes den 23. likt med opninga av monumentet.⁸ Kyrkja, krossen og eit benediktinerkloster som ligg bak fjellet er knytt saman med underjordiske heisar og gangar. Klosteret er også eit storslege byggverk som er oppført i same type granitt som krossen. Den har ei rektangulær utforming i nyklassisistisk stil med ein stor åpen plass i midten, og måler 150 ganger 300 meter. Klosterområdet inneheld utanom boligkvarter og eiga gravplass for munkane, ein restaurant, skule og overnatting for besøkande.⁹




Framsida og inngangen til den underjordiske kyrkja, av Godot13

⁸ Basilika er i tillegg til ein byggjestil ei benemning på den hierariske posisjonen til eit gudshus innafør den katolske kyrkja. Ei basilika vil bety at det er ei sær s viktig kyrkje, men mindre viktig enn til dømes katedral. K. Hite, "The Valley of the Fallen: Tales from the Crypt," *Forum for Modern Language Studies*, 2008, 110, <https://academic.oup.com/fmls/article-abstract/44/2/110/589539>.

⁹ Stockey, *Valley of the Fallen: The (N)ever Changing Face of General Franco's Monument*, 43–65.

[https://commons.wikimedia.org/wiki/File:SPA-2014-San_Lorenzo_de_El_Escorial-Valley_of_the_Fallen_\(Valle_de_los_Ca%C3%ADdos\).jpg](https://commons.wikimedia.org/wiki/File:SPA-2014-San_Lorenzo_de_El_Escorial-Valley_of_the_Fallen_(Valle_de_los_Ca%C3%ADdos).jpg)



Baksida og klosteret, av Jorge Díaz Bes

https://commons.wikimedia.org/wiki/File:Valle_de_los_caidos.jpg



Høgaltaret i kyrkja, av Håkan Svensson

https://commons.wikimedia.org/wiki/File:ValleDeLosCaidos_High_Altar_w_Christ_crucified2.jpg

Den nyklassisistiske stilen er særeigen for Dei falnes dal og andre offisielle byggverk frå den tidlege diktaturperioden.¹⁰ Uforminga gir eit storslege uttrykk med høge søyler, kuplar og bogar. Inngangen til basilikaen er ein halvsirkel i bogar og søyler som måler 70 meter i diameter. Den er dekorert med våpenskjoldet til Franco og symbolet til Falangen, den nasjonalistiske organisasjonen og einaste lovlege parti under diktaturet. Ein går inn til kyrkja gjennom ein port i bronse på om lag 10 meter med avbilingar av forskjellige religiøse og krigerske motiv. Utanfor inngangen er ein massiv paradeplass på omlag 30 000 kvadratmeter, noko som tilsvarer om lag seks fotballbaner.¹¹ Denne plassene blei brukt til offisielle seremoniar, som den årlege 'sigersdagen' som er datoen for når den republikanske regjeringa kapitulerte og borgarkrigen slutta. Dette var den viktigaste nasjonaldagen under Francoregimet og blei kvart år markert militære parader i alle større byar.¹² Paradeplassen ligg høgt i terrenget med utsikt mot utkanten av Madrid. For å komme opp hit må ein gå ei lang marmortrapp inndelt i avsatsar. Mellom kvar avsats er det ti trappetrinn som ei referanse til dei ti boda. Mot slutten breiar trappa seg ut, og måler 100 meter i breidda når den møter paradeplassen.

Dei religiøse undertonane er påfallande i monumentet. Inne i kyrkja finn ein statuar og symbol der kristen tru og krigersk kultur blir blanda saman. Eit av hovudmåla med monumentet var å knyte militærdiktaturet saman med den katolske kyrkja som var ein viktig støttespelar under borgarkrigen og diktaturet som følgde.¹³ Katolisismen var på denne måten den nasjonale religionen i Spania i dobbel forstand. Borgarkrigen blir oftast betegna som 'Korstoget' av regimet, der ein reinska Spania for det som blei framstilt som den kommunistiske og ateistiske ondskapen frå den republikanske sida. Regimet framstilte det som om korstoget blei gjennomført på vegne av den katolske kyrkja. Konflikten var langt på veg eit oppgjær mellom det tradisjonelle, katolske Spania og eit moderne Spania med sekulære tendensar. Fleire statuar er laga av omsmelta metall frå ulike krigsartiklar frå borgarkrigen. Kanonar, fly og anker har fått plass inne i kyrkjebygget men med utforming som englar med sverd og tildekkja fjes under store hetter. Overalt finn ein krigerske motiv langt over det som er vanleg i kyrkjer, noko som heile tida minner ein om borgarkrigen. På mosaikken i den store kuppelen, som ligg over alteret og direkte under

¹⁰ Ibid., 47–48.

¹¹ Justin Crumbaugh, "AFTERLIFE AND BARE LIFE: THE VALLEY OF THE FALLEN AS A PARADIGM OF GOVERNMENT," *Journal of Spanish Cultural Studies* 12, no. 4 (December 1, 2011): 423.

¹² Paloma Aguilar, *Memory and Amnesia: The Role of the Spanish Civil War in the Transition to Democracy* (Berghahn Books, 2002), 76.

¹³ Stockey, *Valley of the Fallen: The (N)ever Changing Face of General Franco's Monument*, 34.

steinkrossen på toppen av fjellet, finn ein blant anna nasjonalistiske soldater som stig opp mot himmelen og avbildinga av ei kanon. Dette er den einaste kjente framstillinga av ei kanon i kyrkjemosaiikk.¹⁴ Langs sidene på kyrkja er det ei rekkje mindre alter til ulike helgenar. Dette er helgenane over viktige slag under borgarkrigen og ulike militære greiner.

Sjølv om dei krigerske referansene er dominerande i dei religiøse symbola, er monumentet si tilknytning til borgarkrigen aller tydelegast gjennom si rolle som krigsgrav. Regimet si tilknytning til borgarkrigen var det viktigaste formålet til Dei falnes dal. Inne i veggane på kyrkja ligg “dei falne”. Offisielt ligg det gravlag 33 800 soldatar frå borgarkrigen, men ein reknar med at så mange som 70 000 kan ligge her.¹⁵ I utgangspunktet var det berre soldatar frå den nasjonalistiske sida som skulle gravleggast her, men rett før opninga av monumentet bestemte Franco at nokon republikanske soldatar med dokumentert katolsk tru også kunne få plass i krypten. Dette er martyrane som ‘Fall for Spania og for Gud’ som det står fleire plasser. Originalt var det to namngjevne graver framme ved alteret. Før Franco sin død og på nytt etter han vart fjerna er grava til Jose Antonio Primo De Rivera den einaste som er namngjeven. Primo de Rivera var leiar for Falangen når borgarkrigen starta og vart avretta av republikanske styrker kort tid etter at krigen starta.

Samanhengen mellom Francoregimet og fjern fortid er eit siste viktig element i Dei falnes dal. Monumentet viser kontinuitet til fortida gjennom å peike på den felles lagnaden til Franco og dei kristne kongane som tok tilbake Spania gjennom sin *Reconquista*, den 700 år lange gjenerobringa av den iberiske halvøya frå dei muslimske maurerane. Den katolske trua var definerande som den raude tråden gjennom heile det spanske imperiet, og Franco ønskte å gjenreise den spanske gullalderen, perioden på femten- og sekstenhundretalet da det spanske riket var på sitt største og spansk kunst og kultur blomstra som mest, ved å vende seg tilbake til dei opphavleg, kristne verdiane.¹⁶ Det finst mange slike referansar til fortida i Dei falnes dal, men den viktigaste er den nyklassistiske utforminga på byggverket som er ein imitasjon etter stilen til Juan de Herrera, den fremste arkitekten under gullalderen og opphavsmann til mange klassiske bygg frå denne perioden.¹⁷ Andre referansar er fire massive obeliskar som står ved inngangen til komplekset. Desse vart laga

¹⁴ Ibid., 68.

¹⁵ På grunn manglande registreringer, overføringar frå massegraver og ikkje-individuelle gravkammer i monumentet er det store sprik i dei oppgitte tala. Andrea Hepworth, “Site of Memory and Dismemory: The Valley of the Fallen in Spain,” *Journal of Genocide Research* 16, no. 4 (October 2, 2014): 472.

¹⁶ Stockey, *Valley of the Fallen: The (N)ever Changing Face of General Franco's Monument*, 71.

¹⁷ Francisco Ferrándiz, “Unburials, Generals, and Phantom Militarism: Engaging with the Spanish Civil War Legacy,” *Current Anthropology* 60, no. S19 (February 1, 2019): 69.

til Karl den femte¹⁸, den store katolske monarken, og flytta dit under stor merksemd kort tid før opninga av monumentet. Inne i kyrkja heng det fleire store biletevevar som blei henta frå Fillip den andre sitt slott, La Granja. Desse viser ein apokalyptisk kamp mellom gud og djevelen, ei klar referanse til Franco si oppfatning av borgarkrigen. Også den geografiske plasseringa av Dei falnes dal har referanser til den spanske gullalderen, da den er plassert i nærleiken av ei rekkje byggverk frå denne perioden, som til dømes klosteret El Escorial som er kvilestad for dei spanske kongelege.

Teori

Denne oppgåva handlar om korleis fortida blir brukt. Historie som blir nytta med eit spesielt mål blir kalla for historiebruk. Fokuset i oppgåva er retta mot korleis fortida blir nytta til å skape eit meningsfellesskap. I Spania har borgarkrigen blitt nytta som eit verktøy for å mobilisere, skape identitet og legitimere handlingar i notida. Dette skjedde under regimet, og skjer framleis i dagens samfunn. Kva for lærdom er det som blir formidla om borgarkrigen, og korleis kan denne konflikten påverke dagens samfunn? Det er over 80 år sidan konflikten slutta. Ein svært liten del av befolkninga har opplevd krigen, og den delen som sjølv har opplevd diktaturet i dag er også i mindretal.¹⁹

Bruken av fortida i samfunnet skil seg frå det akademiske historiefaget. Den følger ikkje dei same vitenskaplege retningslinene, har ikkje same kjeldekritikk eller tek ikkje sikte på å vere så objektiv som mogleg. Den er ein subjektiv bruk av fortida der ein leitar etter samanhengar som passar til sitt eige syn på notida. Målet rettferdiggjjer midlane. Samstundes er det moderne historiefaget fødd ut i frå eit slikt behov om å rettferdiggjere handlingar i samtida. Nasjonalismen og legitimeringa av nasjonalstaten er det moderne historiefaget sitt opphav. Historia skulle fungere som eit lim for nye nasjonale fellesskap, samstundes som den avgrensa kven som var medlem av denne nasjonen. I dag har historiefaget vakse til å vere noko meir enn grunnlaget for nasjonar eller andre politiske ideologiar. Men framleis er historikaren påverka av det samfunnet ein kjem i frå. Behov og verdiar i notida påverkar også den akademiske historieskrivinga.

Dagens historieskriving om borgarkrigen i Spania følgjer notidas interesser og behov, anten den blir gjort som forskning av faghistorikarar eller tolka i talar til politikarar. Den relativt sett korte avstanden i tid til hendingane gjer at dei fleste i Spania har ei tilknytning

¹⁸ Kalla Carlos den fyrste i Spania, men konge over heile det tysk-romerske keisarriket frå 1519-1556. Medlem av det habsburgske kongehuset. Hentet 18. april 2021 fra https://snl.no/Karl_5_-_tysk-romersk_keiser

¹⁹ Ola Svein Stugu, *Historie i bruk* (Det Norske Samlaget, 2008), 34–36.

eller eit forhold til borgarkrigen eller diktaturet som følgde etter den. Også vi som ikkje er oppvaksne i Spania tek stilling til fortida når vi tolkar, derfor blir heller ikkje historia om fortida i Spania ei objektiv forteljing. Dette forholdet til fortida er noko eg som lesar av andre sine verk og etter kvart forfattar av ei eiga oppgåve må vere bevisst på, spesielt når eg behandlar eit så omdiskutert tema. Forteljingane vi skapar om fortida er ikkje identisk med det som skjedde, men heller vår tolkning og vårt utval, i stor grad påverka av vår bakgrunn. Mitt mål med denne oppgåva er ikkje nødvendigvis å gje ei nøytral framstilling av historia i Spania, men heller presentere mitt syn på korleis fortida blir tolka og brukt.²⁰

Minne og kollektivt minne

Dei falnes dal vart laga for å framstille eit bestemt syn på fortida. Den opphavlege meining har vore forsøkt endra fleire gonger, trass i at historien, det som skjedde, er det same. Det har dei siste tiåra vore eit fokus på denne skilnaden mellom det som faktisk har skjedd og forteljingane vi skapar i ettertida. Desse forteljingane, minnet om fortida, har etter kvart blitt eit eiga tverrfagleg forskingsfelt kalla for “minnestudier”. Både faghistorikarar og andre aktørar som rekonstruerer fortida vel å framheve noko frå fortida vår, medan andre ting blir utelatt. Dette er bevisste og ubevisste val i vi tek når vi gjenskarar fortida. Målet med minnestudier kan tolkast som å finne ei forklaring på kvifor vi minnst noko, medan andre ting vert gløymt. Kva slags minne er det Dei falnes dal formidlar? Kva slags syn på borgarkrigen blir framheva i monumentet, og kva blir utelatt?

Prosessane for korleis vi minnst er ikkje reint individuelle prosessar, men påverka av dei fellesskapa vi deltek i. Den franske sosiologen Maurice Halbwachs lanserte begrepet *kollektivt minne* alt på 1920-talet.²¹ Han meinte at ein ikkje kunne prate om noko minne utan å prate om eit kollektiv. Ein minnst berre som del av ei gruppe. Det som framstår som eit individuelt minne er eit resultat av påverking frå større og mindre sosiale grupper som individ deltek i, i følge Halbwachs. Døme på slike grupper eller kollektiv er familien i den eine enden av skalaen, og nasjonen i den andre. Sjølv om det er individa som gjer handlinga, å minnst, er desse minna avhengige av eit fellesskap for å utfalde seg og bli vidareformidla. Det kollektive minnet blir derfor forma av behova til kollektivet. Det er kollektivet som bestemmer kva som skal minnst, ikkje enkeltpersonar, i følge Halbwachs. På denne måten tilpassar kollektivet rekonstruksjonen av fortida slik at den passar sine eigne behov. Dette betyr at det primære formålet med det kollektive minnet ikkje er å gjenskape historia mest mogleg korrekt. Denne dissonansen mellom kva som faktisk

²⁰ Ibid., 33–40.

²¹ Maurice Halbwachs, *The Collective Memory* (Harper & Row, 1980).

skjedde og kva vi hugsar blir derfor forklart ut i frå samfunnet sitt behov i notida.²² Ut i frå denne tanken kan vi også tolke endringane som skjer i framstillingen av fortida i Spania i løpet av dei 80 åra som har gått sidan Dei falnes dal blei påbegynt. Fortida endrar seg trass alt ikkje, i motsetning til minnet om fortida. Med Halbwachs tankar så skal vi ikkje undersøke fortida, men heller rette fokuset mot behova i det spanske samfunnet. Ein kan spørje seg om Dei falnes dal formidlar eit statisk og uforanderleg syn på fortida, eller om denne framstillinga har blitt endra i takt med dei endrande behova.

Behovet for eit kollektivt minne, eller årsaka til at vi har det, er i følge Halbwachs at samfunnet treng ein felles referansebakgrunn til fortida. Dette er det som skapar ei felles identitet og fungerer som eit "lim" i kollektiva. Han byggjer på tankane til Emilie Durkheim, som meinte at alle fungerande samfunn treng ei form for kontinuitet mellom fortid og notid.²³ På denne måten forklarar Halbwachs den viktige rolla til det kollektive minnet i samfunnet ved at det skapar felles identitet og samhald. Dei felles minna blir grunnleggande for menneska si evne for å leve saman. Kollektivet definerer kva som blir hugsa og korleis det blir hugsa, og på denne måten er det felles minnet avgjerande for å skape engasjement og tilhørsle. Men Halbwachs sin definisjon av det kollektive minnet gjev oss også ei utfordring når vi skal tolke minnet om borgarkrigen i Spania. Ein borgarkrig er ei traumatisk og splittande hending som blir definert som ein konflikt der befolkninga går til åtak på kvarandre. Her finst det ikkje lengre noko felles identitet eller solidaritet blant befolkninga, men eit kollektiv som har gått i oppløysing og ulike sider i konflikten som har grunnleggande ulike oppfatningar om behovet til samfunnet. Kan vi prate om eit kollektivt minne i eit land som har ein borgarkrig bak seg? Spania har ei konfliktfylt og traumatisk fortid, og i dag foregår det ein ein kamp mellom ulike minnekollektiv der målet er å minnes borgarkrigen på "riktig" måte. Dei falnes dal er eit eksempel på korleis ein påfører eit slikt partisk minne, og gjere dette til det felles minnet for heile på befolkninga.

Denne traumatiske fortida gjer at gløymsele har blitt ein sentral del av minnene om borgarkrigen i Spania. Fortid som ein ikkje kan einast om, er enklare å legge bak seg enn å behandle. Ein som har via merksemd på forholdet mellom gløymsele og minne er Aleida Assmann.²⁴ Gløymselepakta frå overgangen mellom diktaturet og demokrati viser at å utelate noko er like viktig som å framheve for det kollektive minnet. Assmann skiller

²² Joseph R. Llobera, "Halbwachs, Nora and 'History' versus 'Collective Memory': A Research Note," *Durkheimian Studies/Études Durkheimiennes* 1 (1995): 39.

²³ Stugu, *Historie i bruk*, 26.

²⁴ Aleida Assmann, "Canon and Archive," in *Cultural Memory Studies*, ed. Astrid Erll And Nünning, 2010, 101.

mellom aktive og passive utgaver av begge prosessar. Den aktive forma for gløymsle handlar om nekting, tabu eller sensur, medan den passive omfattar neglisjering, oversjåing. Gløymslepakta i Spania minnar om ein slik aktiv prosess der samfunnet brukte ei form for sjølvensur for å hindre at gamle konflikter kjem til overflata på nytt. I følge Assmann betyr også aktiv gløymsle øydelegging av symbol, medan dersom ein passivt gløymer fører det til ei forlating eller slutt på bruk. Korleis passar Dei falnes dal inn i desse kategoriane? Monumentet står der framleis, med hundretusenvis av besøkande kvart år, og det blir vedlikehalde på staten si rekning av skattepengar. Assmann skriv at det som ein ønskjer skal minnast blir presentert i det offentlege rom gjennom monument og offentlege markeringar.²⁵ Dette gjer at bruken av Dei falnes dal meir minner om ei aktiv form for å minnast, der fortida inneheld noko ein ønskjer å framheve.

Politisk og sosialt minne

Assmann skiller mellom eit sosialt og eit politisk minne. Det sosiale minnet baserer seg på individuelle erindringar og blir delt mellom menneske i mindre grupper. Det sosiale minnet er naturleg avgrensa av levetida til ein person, men kan samstundes overførast på tvers av generasjonar. Likevel har Assmann merksemd på at kvar generasjon opplever ting på ein unik måte. Dei har dei same erfaringane, og sjølv om dette er uskreven likskap pregar det alle i ein generasjon. Desse uskrevne lærdomane kan aldri bli fullt ut synlege for andre generasjonar, i følge Assmann. Ho peiker på same måte som Halbwachs på korleis kollektivet er avgjerande for kva som blir minna. Denne kollektiv lærdomen innad i ein generasjon påverkar dei individuelle minna. I Spania har den generasjonen som opplevde borgarkrigen, trass i at mange av dei stod på kvar si side av konflikten, liknande traumatiske erfaringar, same håp om ei betre framtid og sterkt ønskje om å unngå ein ny krig. Desse skilnadane mellom generasjonane blir mest tydeleg ved generasjonsskifta, skriv Assmann.²⁶ Dette skjer omlag kvart 30. år, når den nye generasjonen overtek styringa av samfunnet. Med bakgrunn i Assmanns teoriar er det derfor naudsynt å fokusere på korleis minnet om borgarkrigen skil seg mellom ulike generasjonar, og sjå på kva slags følgjer dette fekk for synet på fortida når ein ny generasjon overtok styringa av nasjonen.

På trass av at dei minna som blir overført mellom generasjonane vert opplevd ulikt av kvar generasjon, er framleis denne forma for minne ei svært potent form å formidle fortida på. Fortida vert opplevd nærare når vi får den frå dei som erfarte den sjølv, spesielt når

²⁵ Ibid.

²⁶ Assmann, "Canon and Archive."

denne “nokon” står oss nære i følge historikaren Jay Winter.²⁷ På denne måten kjennes fortida meir levande enn om vi les det i skulebøker eller på andre måter får framstilt ei fortid distansert frå oss sjølve. Assmann skriv at dei minnene som gir aller størst påverknad på tvers av generasjonsskillet, er traumatiske minne. Desse traumatiske hendingane blir ofte ikkje løfta fram kort tid etter, men heller undertrykt på grunn av eit behov for å beskytte seg sjølv frå det ein har opplevd.²⁸ I staden kan den heller bli løfta fram av seinare generasjonar som har fått større avstand til hendingane. Denne forseinkinga, skriv Assmann, kan ta mellom 15 og 30 år.²⁹ Men i Spania ser vi at dei traumatiske minna om borgarkrigen ikkje blei løfta fram før rundt år 2000. Kva er årsaka til denne forseinkinga?

Medan det sosiale minnet er nedanfrå og opp, er det politiske minne ovanfrå og ned. Det politiske minnet er minnet til institusjonar, land og organisasjonar. Desse einingane kan ikkje minnast fortida sjølve. Deira minne er laga for å konstruere eit fellesskap. Det politiske minnet “finn opp” ein kollektiv identitet, gjennom å peike på eit felles opphav og ein felles historisk lagnad. Ut i frå dette formålet er enkelte ting framheva og andre ting utelatt. Det politiske minnet blir formidla gjennom museum, monument, men også bøker, rituale og lærdomar. Det er eit spesifikt og emosjonelt lada syn på fortida som fungerer som felles referanse eller lærdom som former den kollektive identiteten. Dei falnes dal vart bygd av diktaturet for å formidle eit slikt politisk minne. Vi må derfor forsøke å finne kva lærdomar monumentet skulle formidle. Assmann seier at både i demokrati og autoritære statar blir det politiske minnet påført befolkninga gjennom symbol og ritual. Men måten det skjer på er ulik. I demokratiske land skjer dette gjennom media og offentleg debatt, medan det i autoritære statar blir påtvunge gjennom indoktrinering og propaganda.³⁰ Det er derfor viktig å sjå på korleis minnet endra seg etter overgangen, men også om formidlingen av dette minnet blei annleis.

Forskjellen mellom politisk og sosialt minne handlar i stor grad om avstand i tid ifølge Assmann.³¹ Medan det sosiale minnet er levande erfaringar som blir formidla mellom menneske, er det politiske ikkje avhengig av personleg erindring eller overføring mellom generasjonar. Dei blir mediert, eller overført, gjennom meir varige formidlarar som

²⁷ Jay Winter, “Notes on the Memory Boom,” in *Memory, Trauma and World Politics: Reflections on the Relationship Between Past and Present*, ed. Duncan Bell (London: Palgrave Macmillan UK, 2006), 54–73.

²⁸ Aleida Assmann, *Memory, Individual and Collective* (Oxford University Press, 2006), 216.

²⁹ Aleida Assmann, “Memories of Nazi Germany in the Federal Republic of Germany,” *A Companion to Nazi Germany*, 2018, 583.

³⁰ Assmann, *Memory, Individual and Collective*, 216–217.

³¹ *Ibid.*

symbol eller ritual. Dei falnes dal er eit døme på korleis eit politisk minne blir formidla. Assmann skriv at det sosiale minnet kan bli eit politisk minne, men da mistar det i stor grad den personlege erfaringa og generasjonelle tolkninga. Det blir i staden til meir statiske politiske minne som er tilgjengeleg for generasjonar lenge etter hendingane. På denne måten kan eit politisk minne gjenskape erfaringar og hendingar lang tilbake i tid som ingen av den nolevande generasjon har opplevd. I utgangspunktet kan ein tenke seg at eit autoritært styre, slik som Francoregimet, hadde monopol på formidlinga av det politiske minnet slik det passa dei. Men i Dei falnes dal er det forsøkt å lage eit politisk minne til noko som ligg nære i tid, borgarkrigen, som framleis er ein del av det sosiale minnet. Her var det ingen avstand mellom det politiske og sosiale minnet i tid, slik som Assmann forutset. I kva grad kan ein innføre eit politisk minne dersom det er i strid med det sosiale minnet? Det politiske minnet til Franco kunne potensielt møte motstand frå det sosiale minnet til dei som hadde opplevd krigen og ikkje delte erfaringane og lærdomane til regimet. Klarte regimet å få monopol på historia gjennom monument som Dei falnes dal, og på den måten undertrykke og fjerne minnet til den tapande sida? Eller overlevde minnet til taparane som eit sosialt minne? Kva skjedde i såfall med dette sosiale minnet når ein gjekk over til eit demokrati?³²

Historiografi

Under diktaturet førte sensur til at ein fekk ei einseitig framstilling av Dei falnes dal. Men allereie i 1977, medan overgangen til demokrati pågjekk, skreiv den spanske journalisten Daniel Sueiro boka *La verdadera historia del Valle de los Caídos* (Den verkelege historia til Dei falnes dal). Her dokumenterte han blant anna byggeplanane, og gjorde intervju med tidsvitner slik som kunstnarar, arkitektar og krigsfangane som deltok i bygginga av monumentet. Denne boka skilte seg i stor grad frå den offisielle historieskrivinga i samtida ved at den hadde eit kritisk syn på monumentet og den offisielle historieskrivinga til Francoregimet. Gløymslepakta førte til at fortida skulle verte gløymd og ikkje kritisk vurderast slik som Sueiro si bok gjorde. Eit narrativ om at borgarkrigen var ei delt skuld mellom den republikanske og nasjonalistiske sida etablerte seg, samstundes som ein meinte at overgrepa mot krigsfanger og sivile var like ille på begge sider. Diktaturet blei i stor grad sett på som uungåeleg og delvis positivt da det førte til ein stabilitet i landet som hadde vore fråværande sidan slutten av 1800-talet. Etter overgangen utfordra fleire litterære og kunstneriske framstillingar dette synet på fortida, men utan at dette førte til

³² Jay Winter, "The Memory Boom in Contemporary Historical Studies," *Raritan* 21, no. 1 (2001): 52–66.

noko større endring i narrativet som blei etablert under overgangen.³³ I den grad Dei falnes dal blei omtalt i offentleg samanheng, så blei det religiøse og forsonande perspektivet vektlagt.

Etter kvart har generasjonsskifta delvis endra synet på fortida i Spania. Nye generasjonar som ikkje var prega av borgarkrigen, har gradvis fjerna seg frå tanken om kollektiv skuld og over mot at det var nasjonalistane som hadde ansvar for konflikten. Dei falnes dal har fått ny merksemd og vore utsett for intens offentleg debatt i samband utfordring av dei etablerte narrativa. I ein akademisk samanheng er det i eit minnefagleg perspektiv at dei fleste undersøkingane av monumentet har blitt gjort, og ikkje i eit reint historiefagleg perspektiv.³⁴ Denne tverrfaglege disiplinen har forsøkt å seie noko om monumentet si rolle i dagens Spania, og korleis det påverkar befolkninga sitt minne om borgarkrigen og regimet. Under dagens debatt har det blitt retta merksemd mot den opphavlege betydninga til monumentet for diktaturet, Franco si plassering i monumentet fram til 2019, bruken av straffangar under bygginga og gravlegging av republikanske soldatar utan samtykke. Mange har derfor meint at monumentet ikkje kan ha den forsonande og religiøse betydninga som vart tillagt monumentet under overgangsperioden.

Tolkning av Dei falnes dal i nyare forskingslitteratur

I nyare forskingslitteratur om Dei falnes dal finn vi ulike syn på kva som skaper betydninga til minnesmerket, og i kor stor grad og eventuelt på kva måte denne betydninga kan endrast. Det er ut i frå den opphavlege rolla som eit verktøy for å innføre eit einsarta minne om borgarkrigen at monumentet blir tolka. Dette blir undersøkt grundig i boka til den engelske forfattaren Gareth Stockey om Dei falnes dal, *Valley of the fallen: The (n)ever changing face of General Franco's monument* frå 2013, der han tolkar symbolikken i og bruken av monumentet.³⁵ Stockey sin dekonstruksjon av symbolismen er eit viktig utgangspunkt for denne oppgåva. Han hevdar at dersom ein analyserer monumentet og har kjennskap til regimet som bygde det, kan ikkje monumentet tolkast som eit forsonande monument, sjølv om det er falne frå begge sider i monumentet.

Ein av forfatarane som har skrive mest om korleis minnet om fortida påverka overgangen til demokratiet og dagens Spania, er den spanske statsvitaren Paloma Aguilar. Ho har ei stor mengde publikasjonar og bøker om det kollektive minnet i Spania. Ho nemner også

³³ Paloma Aguilar, "Justice, Politics, and Memory in the Spanish Transition," *The Politics of Memory and Democratization*, 2001, <https://doi.org/10.1093/0199240906.003.0004>.

³⁴ Queralt Solé, "The Valley of the Fallen: A New El Escorial for Spain," *Human Remains and Violence An Interdisciplinary Journal* 3, no. 1 (2017): 5–6.

³⁵ Stockey, *Valley of the Fallen: The (N)ever Changing Face of General Franco's Monument*.

monumenta etter Franco og Dei falnes dal spesielt som ein av dei viktigaste måtane å forstå korleis Francoregimet indoktrinerte sitt ein-sidede syn på borgarkrigen for å legitimere si makt. Ho forklarar også korleis regimet gradvis reviderte dette synet og til dels endra budskapet til Dei falnes dal til noko som i større grad handla om religion og forsoning etter kvart som behova til diktaturet endra seg. På denne måten endra dei dels budskapet til Dei falnes dal ved å tone ned den splittande retorikken, og dels ved å omtale det som eit primært religiøst symbol for begge sider. Samstundes deler ho oppfatninga til Stockey om at betydninga til monumentet ikkje enkelt tillet ei slik endring sidan det er knytt til regimet sine handlingar og framleis har ei lik utforming som den dagen det blei bygd. Hennes bok *Memory and Amnesia: The Role of the Spanish Civil War in the Transition to Democracy* har vore eit viktig bidrag for denne oppgåva til å få kjennskap til det kollektive minnet i Spania opp til overgangen.³⁶

Kan monumentet endrast?

Den spanske antropologen Francisco Ferrandiz deltok i den statlege komiteen som i 2011 såg på korleis ein kunne gjere Dei falnes dal til eit forsonande monument for begge sider av borgarkrigen. Han, og mange andre antropologar tek utgangspunkt i at monumentet *kan* endrast for å skape ei forsoning mellom sidene, samstundes som han viser kor vanskeleg det er å tilfredsstille begge sider. Han peiker på at det store oppgjeret med arven etter Francodiktaturet starta i år 2000, då ein for alvor byrja med masseutgravingar av falske republikanarar. Fyrst med desse rettsmedisinske undersøkingane kom det søkelys på at ei overvekt av krigsbrottsverkene var gjort av den nasjonalistiske sida. I samband med dette blei også dei fyrste tilfella av at republikanske soldatar vart flytta til Dei falnes dal utan kjennskap eller godkjenning frå dei etterlatte, dokumentert. Denne nye interessa for fortida set Ferrandiz i samband med internasjonale trender der det er eit auka fokus på menneskerettar og rettfærd for etterlatte. Han meiner at arven til regimet framleis er til stades i det spanske samfunnet, og oppgjeret med denne arven må skje gjennom fjerning og endring av minne etter den nasjonalistiske sigeren og det påfølgjande diktaturet. Dette er den viktigaste måten Spania kan bli fortruleg med si eiga fortid på, meiner Ferrandiz. Dei falnes dal er det fremste eksempelet på ei arv som held fram med å prege ettertida. Derfor har monumentet blitt sentrum for debatt både om minnet om borgarkrigen men også om diktaturet som følgde.³⁷

³⁶ Aguilar, *Memory and Amnesia: The Role of the Spanish Civil War in the Transition to Democracy*.

³⁷ Ferrándiz, "Unburials, Generals, and Phantom Militarism: Engaging with the Spanish Civil War Legacy."

Andrea Hepworth har skrive fleire artiklar om spansk minnepolitikk, der ho i fleire av dei kjem inn på Dei falnes dal. Ho, som Ferrandiz, argumenterar for at Dei falnes dal må omgjerast til ein plass der alle kan minnast fortida. Hepworth meiner at slik som monumentet står i dag, har det eit sterkt budskap som berre fremjer minnet til den eine sida av borgarkrigen. Samstundes har rolla det har hatt under diktaturperioden gitt det symbolsk kapital som tener til å halde ved like delinga av det spanske samfunnet i vinnarar og taparar. Vidare seier ho at dette skillet har ført til mistru til det spanske politiske systemet sjølv etter overgangen til demokrati. Ho nyttar Pierra Nora sitt begrep *Lieux de memoire* om monumentet. Dei falnes dal framstår som ein minneplass der etterkomarar av den vinnande sida i konflikten kan få eit positivt møte med fortida, medan den tapande får sterke negative erfaringar. For å fremje demokratisering av Spania i dag, og støtte dei som har eit traumatisk minne om borgarkrigen eller diktaturperioden, er det viktig at Dei falnes dal blir re-presentert med eit besøksenter der falne frå begge sider vert minna, meiner ho.³⁸

Antropologen Jaqueline Sheean har undersøkt tre ulike kjelder knytta til Dei falnes dal, ei frå før overgangen og to frå etter overgangen. På denne måten ønskjer ho å undersøke endring i framstillinga av monumentet. Medan monumentet framstår som ei *Lieux de memoire* for diktaturet, kan betydinga modererast ved å bli supplert med andre framstillingar utanfor monumentet. Ho bruker Jacques Derrida sitt konsept om arkivet for å forklare korleis kulturelle arkiv, som består av kunstnariske tolkingar og alternative framstillingar av monumentet anten kan støtte eller utforde minnet slik som det var meint å bli framheva. Gjennom alternative framstillingar av det opphavlege budskapet kan ein utfordre det diktatoriske minnet og erstatte det med noko anna. Det kulturelle arkivet rundt monumentet er viktigare for å endre minnet knytta til diktaturet og borgarkrigen enn å forsøke å endre utforminga til monumentet. Ho meiner at sjølv om ein har flytta Franco frå Dei falnes dal og byggjer eit minnesenter ved monumentet slik som kommisjonen og Hepworth foreslår, vil det vere vanskeleg å gje monumentet eit nytt meiningsinnhald på grunn av den historiske konteksten det har. I staden er det eit utvida kulturelt arkiv rundt monumentet som kan gje ny kontekst og tilføre eit demokratisk minne. Hennar poeng er at minnet ikkje ligg fast, men at det kan både bli undergrave og bekrefta av det kulturelle arkivet. På denne måten ligg det med tida eit potensiale for å skape nytt meiningsinnhald til monumentet.³⁹

³⁸ Hepworth, "Site of Memory and Dismemory: The Valley of the Fallen in Spain"; Andrea Hepworth, "Preservation or Destruction of *Lieux de Mémoire*: Contested Spaces in the Realm of Memory," *Journal of Iberian and Latin American Research* 21, no. 2 (May 4, 2015): 283–94.

³⁹ Jacqueline Sheean, "Monument and Memory: The Valley of the Fallen and Its Cultural Archive," *Arizona Journal of Hispanic Cultural Studies* 23, no. 1 (2019): 9–32.

Nokre har peika på det problematiske nasjonalnarrativet som Dei falnes dal har vore sett inn i og har vore med på å skape. Den katalanske historikaren Queralt Sole har samanlikna Dei falnes dal med det nærliggande klosteret El Escorial frå gullalderen, der dei spanske monarkane ligg gravlagt. Ho meiner at Dei falnes dal etterliknar, men samstundes også skal overgå dette klassiske nasjonale monumentet, og på denne måten skulle Franco etablere regimet som eit nytt dynasti i ein nasjonal kontekst.⁴⁰ Den amerikanske statsvitaren Katherine Hite følger dette nasjonalhistoriske sporet vidare og viser til at Dei falnes dal er ein plass der Spania kjem i kontakt med eldre og meir etablerte nasjonale mytar som Franco ønskjer å framstille seg som arvtakar til. Eit einseitig og nasjonalistisk syn på det spanske imperiet - der ein marginaliserer utdrivinga av jødar og muslimar - finst framleis i den spanske debatten. Dei falnes dal knyter saman denne fortida med diktaturperioden, og dermed blir monumentet også eit symbol for undertrykking og kolonialisering lengre tilbake i tid.⁴¹

Breanna Kerr skriv i sin mastergrad frå 2020 om overgangen frå autoritært styre til demokrati i Spania og Portugal. Ho ville undersøke i kva grad dagens demokrati er prega av overgangane, og om det finst nokon arv igjen av diktatura i dagens samfunn. Ho undersøker dette ved å samanlikne debatten rundt Dei falnes dal og ein minnestad i Portugal, Museu Salazar, og sidan analysere korleis denne arven materialiserer seg i utspel frå politikarar knytta til flyttinga av Franco. Ho konkluderer med at sjølv om ei slik arv finst i begge landa, så er monumenta ein plass der ein blir konfrontert med fortida si, og som fremmer ein debatt som er positiv for demokratiet. Samstundes kan det også føre til at høgreradikale krefter slepp til i debatten og auker oppslutninga om dei som ikkje deler det kritiske synet på fortida. Dette har blitt ei svært aktuell problemstilling i og med framgangen til det ytre høgre både i Spania og elles i Europa.⁴²

Den amerikanske etnografen J. Rubin skriv i sin artikkel at dei spanske minneorganisasjonane ønskjer å omskape minnet i det offentlege rom i Spania. Dei ønskjer å skape eit konkurrerande minne til det som finst i dag og som er bygd på å gløyme fortida, gjennom å endre monument og drive med utgravingar av massegraver frå borgarkrigen og ettertida. Dei meiner spesielt at den spanske staten skal påta seg ansvar for den uretten som var utført under borgarkrigen og det påfølgjande diktaturet. Dette

⁴⁰ Solé, "The Valley of the Fallen: A New El Escorial for Spain."

⁴¹ Hite, "The Valley of the Fallen: Tales from the Crypt."

⁴² Breanna Kerr, "How Effective Were Transitional Justice Measures in Post-Authoritarian Iberia?," 2020, <https://cdr.lib.unc.edu/concern/dissertations/k643b678p>.

meiner dei er viktig både for å gje rettferd og støtte til traumatiserte etterkomarar, men også fordi ein må behandle den udemokratiske fortida for å kunne framstå som ein legitim stat. Gjennom monument som Dei falnes dal er regimet framleis tilstades i det spanske samfunnet og held fram med å minne om erfaringar og ulikskapar i samfunnet som framleis finst i befolkninga. Monumentet framstår samstundes som eit bevis på nærværet av det gamle regimet i det moderne Spania, og kampen om monumentet blir også ein symbolsk kamp om Spania si framtid.⁴³

Dei falnes dal si påverking på omverda blir også utforska av kunstforskarer Jose Manuel Barros. Han meiner at den politiske betydninga av monumentet og den estetiske utforminga er to områder som ikkje kan analyserast separat, men må sjåast i samanheng. Monumenta har ei betydning utover det reint kommunikative, da utforminga av monumentet skapar erfaringar og kjensler som påverkar mottakaren. Ein klarer ikkje nøytralt å observere det kunstneriske uttrykket ved Dei falnes dal utan å bli påverka på ein eller anna måte av det politiske budskapet, da desse to heng tett saman. Samstundes meiner Barros at moderering av estetikken kan endre budskapet Dei falnes dal sender ut til omverda.⁴⁴

Dei fleste minnestudia knytt til Dei falnes dal avviser at monumentet kan ha ei forsonande rolle, men forklarar ikkje kvifor mange meiner at det likevel har ei slik betydning. Dei vektlegg at slik som monumentet er i dag, er det berre ein minnestad for den vinnande sida, men at endringar kan gjerast for at monumentet kan få ei nytte i bearbeiding av trauma for den tapande sida og deira etterkomarar. Desse undersøkingane er i stor grad normative da dei seier noko om kva som bør gjerast for at monumentet kan tjene ei nytte, noko som kan ha samanheng med at undersøkingane har eit antropologisk utgangspunkt. Samstundes vektlegg dei behovet for informasjon og kontekstualisering av regimet og borgarkrigen ved monumentet, slik at ein kan sikre seg at noko slikt ikkje kan skje igjen.

Trass i den openberre dissonansen mellom symbolikken i Dei falnes dal og den tillagte betydninga som fekk feste blant befolkninga under overgangen, held ein stor del av høgresida i Spania i dag fast ved at monumentet har ei forsonande betydning. Ei meir moderat venstreside meiner at sjølv om den ikkje har ei slik betydning i dag, kan den

⁴³ J. S. Rubin, "How Francisco Franco Governs from beyond the Grave: An Infrastructural Approach to Memory Politics in Contemporary Spain," *American Ethnologist*, 2018, <https://anthrosource.onlinelibrary.wiley.com/doi/abs/10.1111/amet.12633>.

⁴⁴ José Manuel Barros García, "Political Artefacts, Aesthetics and Heritage: The Valley of the Fallen," *International Journal of Heritage Studies* 26, no. 3 (March 3, 2020): 253–66.

gjennom endring og kontekstualisering bli eit monument som verkeleg representerer begge sider, og på denne måten kan bli forsonande. Men det finst også dei som ikkje pratar om forsoning i det heile. Ein del av samfunnet meiner at Dei falnes dal aldri kan få noko anna betydning enn den opphavlege, og bør fjernast som ein del av eit større oppgjer med fortida. Til slutt finst det også dei som ser med eit nostalgisk blick på denne opphavlege betydninga til monumentet. Kva skjer når dei ulike narrativa om fortida møtes i Dei falnes dal?

Denne oppgåva tek sikte på å gjere greie for heile livsløpet til minnet om borgarkrigen. Ei slik historiografisk framstilling av dette minnet gir eit lenger tidsperspektiv enn det som har vore gjort tidlegare. Minnet om borgarkrigen i dag kan ikkje forståast isolert ut i frå notidas minnekonflikt eller borgarkrigen sjølv, men heller som eit produkt av historiebruken i fortida. Dei fleste som har sett på monumentet tidlegare har i mindre grad tatt omsyn til den re-presenteringa som har som har skjedd undervegs i levetida. Endringane i framstillinga av Dei falnes dal har gjort at eg har periodisert dette minnet annleis enn den vanlege inndelinga som skiller mellom eit minne i diktaturet og eit anna i demokratiet. Mine fire perioder er konstruert for å sette merksemd på at det er endring i minnet under Franco, samstundes som det finst kontinuitet mellom minnet før og etter overgangen til demokrati.

1939-1959: Sigerherrane sitt monument

Dei falnes dal var det viktigaste av regimets reiskap for å forme det kollektive minnet om borgarkrigen. For å skjønne kva for eit kollektivt minne monumentet skulle formidle er det nødvendig å forstå kva type regime det var og borgarkrigen. Eg har definert dei fyrste 20 åra etter borgarkrigen som ei eiga periode da eg meiner vi ser ein kontinuitet i det minnet som blei kommunisert i heile denne perioden. På denne måten ønskte regimet å forme det kollektive minnet til befolkninga. I løpet av desse åra vart monumentet bygd, og derfor var monumentet si utforming sterk påverka av denne perioden, trass i at Dei falnes dal ikkje blei offisielt opna før i 1959. Det er naturleg å tenke seg at diktaturet hadde hegemoni på minnet i denne perioden. Likevel kan vi sjå konturane til eit alternativt narrativ til borgarkrigen allereie kort tid etter krigen.

Dei falnes dal var berre ein del av eit større program for å minnast borgarkrigen. Det vart påbegynt da krigen slutta i 1939. Rundt omkring i Spania blei det oppført sigersmonument og minnesmerke over dei falne. Dette kunne vere små steinkross og minneplakettar, eller storslegne monument som Triumfbuen i Madrid som var oppført på slagmarka rett utanfor bykjernen.⁴⁵ Felles for desse monumenta er at dei utelukkande vart reist til minne om dei falne på den nasjonalistiske sida. Dei falnes dal var det største og viktigaste av desse. Men på grunn av storleiken og dei store økonomiske utfordringane var monumentet det siste til å bli ferdig i dette prosjektet. Fordi regimet sine behov endra seg undervegs i den lange byggjetida skjedde det også små endringar frå dei opprinnelige planane til monumentet blei innvia.

Borgarkrigen og følgene av den

Monumentet vart bygd til minne om ein borgarkrig som hadde framstått som ei eksistensiell konflikt for begge sider i følge Paul Preston.⁴⁶ Den ideologiske ulikskapen mellom den nasjonalistiske og den republikanske sida under krigen, gjorde at det var vanskeleg å sjå for seg ein fred der begge sider var representert. For Franco og nasjonalistane var total siger og utslettelse av motstandarene det einaste alternativet. Borgarkrigen var ei ideologisk konflikt der høgresida stod mot venstresida. Før krigen

⁴⁵ Trass i at det er mange triumfbuer rundt omkring i verda, er dette den einaste som er oppført på sjølve slagmarka. Aguilar, *Memory and Amnesia: The Role of the Spanish Civil War in the Transition to Democracy*, 85–87.

⁴⁶ Paul Preston, *The Spanish Holocaust: Inquisition and Extermination in Twentieth-Century Spain* (W. Norton & Company, 2012), 5–10.

braut ut hadde venstresida leda ei demokratisk valgt regjering som hadde styrt landet sidan 1934. Den Spanske republikk, ofte kalla den andre republikk, hadde blitt oppretta i 1930 etter at den førre diktatoren hadde mista makta og konge abdiserte. Denne republikken var prega av kaos, kuppforsøk og streikar.

Regjeringa hadde representert ei progressiv del av samfunnet som ønskte å modernisere og byggje ut ein velferdsstat med sosialistiske inspirasjon. Dei ville minske makta til samfunnseliten: kyrkja, borgarklassen og jordeigarar, gjennom radikale reformer som dei kunne gjennomføre trass sitt knappe fleirtal i parlamentet. Regjeringa var støtta av den urbane befolkninga, arbeiderklassene, jordlause på landsbygda og mange intellektuelle. Mot desse stod overklassen og dei konservative som ønskte å behalde den tradisjonelle samfunnsstrukturen som ein fann ute i distrikta. Militæret var i stor grad styrt av den same overklassen, og hadde mista mykje av den opphavlege makta si under den republikanske regjeringa. Dei ønskte å gjenvinne si gamle makt samstundes som dei ville få tilbake mange av dei gamle koloniane som Spania måtte gje frå seg i det førre århundret. Tanken om at Spania var delt i to kulturelt ulike og samstundes uforsonlige delar er ei velkjent myte som er datert heilt tilbake til 1800-talet, og ofte kalla for “Dei to Spania”.⁴⁷

Undervegs i konflikten var partane blitt vidare polarisert av utanlandsk påverking. I resten av Europa var spenningane store mellom det ekstreme venstre og det ekstreme høgre i mellomkrigstida. Liberale land som England, Frankrike og USA nekta å blande seg i borgarkrigen for å verne om den demokratisk valde sentrumsorienterte regjeringa som styrte ved krigens utbrot. Dette førte til at kommunistar og anarkistar som fekk støtte frå Sovjetunionen, gradvis fekk større påverknad på den republikanske sida. På den nasjonalistiske sida var dei høgreekstreme elementa styrka gjennom militære bidrag frå Hitler og Mussolini. Mot slutten av krigen prøvde den republikanske sida i desperasjon å forhandle fram ei våpenkvile med Franco og nasjonalistane, men utan lykkast. Dei håpte å kunne forlenge krigen slik at ei større konflikt i Europa braut ut, og England og Frankrike måtte ta deira side mot den nasjonalistiske sida støtta av Tyskland og Italia.⁴⁸

Dei ideologiske skilnadane og splittinga i landet gjorde at begge sider avhumaniserte biletet av fienden. Spesielt på den nasjonalistiske sida var masseavrettingar vanleg. Det finst dømer på korleis sivile som sympatiserte med den demokratisk valde regjeringa vart samla saman i tyrefektararenaer og meia ned av miltrajøsegevær.⁴⁹ Fleire har meint at

⁴⁷ Stockey, *Valley of the Fallen: The (N)ever Changing Face of General Franco's Monument*, 32–35.

⁴⁸ Hugh Thomas, *The Spanish Civil War* (Random House Digital, Inc., 2001), 676.

⁴⁹ Preston, *The Spanish Holocaust: Inquisition and Extermination in Twentieth-Century Spain*, 121.

nasjonalistane kunne ha vunne krigen raskare om dei ønskte det, men dei prioriterte i staden å drive store utrenskningar i områda bak fronten. På republikansk side blei det også avretta tusenvis av fangar frå den nasjonalistiske hæren, men også tilfeldige frå borgarklassen og katolske tjenestemenn. I seinare tid har arkeologiske utgravingar likevel slege fast at utrenskingane på nasjonalistisk side var meir systematiske enn dei på republikansk side, og var ein vedteken strategi for å vinne krigen.⁵⁰ Ein av dei fremste leiarane på nasjonalistisk side, General Mola, sa allereie i starten av krigen at “det er nødvendig å etablere eit terrorvelde”.⁵¹ På republikansk side framstod dei fleste av massedrapa som ukontrollerte lynsjingar eller svar på overgrep på nasjonalistisk side. Ein reknar med at det blei avretta om lag 150 000 krigsfangar og sivile på nasjonalistisk side under krigen mot rundt 50 000 på republikansk side.⁵² Men på grunn av omfattande propaganda frå begge sider under krigen og regimet si svartmåling av fienden etter krigen, var det uklart om nokon av sidene var meir skuldig enn den andre i overgrep mot befolkninga.

Borgarkrigen si rolle under regimet

Når nasjonalistane vann krigen i 1939 var deira narrativ at dei hadde redda landet frå ein sikker undergang. Dei republikanske motstandarane blei beskrevne som “anti-spanske” styrt av utanlandske agentar. Frykta for internasjonal kommunisme med mål om å fjerne landegrensar og borgarklassen hadde brei oppslutning blant alle lag av befolkninga over heile Europa. Diktaturet såg på seg sjølv som ein mur mot “dei marxistiske hordane” og dermed beskyttar ikkje berre av Spania, men heile den vestlege sivilisasjonen. Derfor kalla ikkje Franco konflikten for ein borgarkrig, men eit “korstog” der alle verkemiddel var lov og fienden blei demonisert. Denne demoniseringa under krigen la premissa for forteljinga etter krigen.

Denne fortellinga til regimet minnar om det Assmann kallar ei opphavsmyte.⁵³ Sjølv autoritære regimer treng å forklare sitt eiga grunnlag for makt og valdsbruk. Minnet om borgarkrigen fungerte som den viktigaste legitimeringa av regimet. Narrativet som regimet etablerte forklarte kvifor dei måtte ta makta frå den demokratisk valde regjeringa, noko som i seg sjølv kunne framstå som ulegitimt dersom ein ikkje forklarte omstenda. Derfor svartmåla Francodiktaturet den spanske republikk og hevda at Spania ikkje kunne vere eit demokratisk land som dei andre europeiske landa i samtida. Francoregimet er eit døme på

⁵⁰ Ibid., 307.

⁵¹ Ferrándiz, “Unburials, Generals, and Phantom Militarism: Engaging with the Spanish Civil War Legacy,” 69.

⁵² Ibid.

⁵³ Assmann, “Canon and Archive,” 100.

det vi kan kalle eit opphavsbasert regime i følge Paloma Aguilar.⁵⁴ Slike regime driv eit aktivt minnearbeid der ein sørgjer for at hendinga som grunnla det, opphavsmyta, blir framheva og repetert med sikte på å gjere det til samfunnets dominante minne. Dette minne blei etablert ovanfrå-og-ned og sørgja for at borgarkrigen ikkje blei gløymt og regimets krigsnarrativ rådde. Ei slik framheving av eit bestemt minne frå dei rådande myndigheiter med formål om å legitimere seg sjølv liknar på det Aleida Assmann kallar for eit politisk minne.⁵⁵ Dei falnes dal hadde ei viktig rolle i denne minnepolitikken da det massive monumentet sikra at krigen ikkje blei gløymd, og sikra at regimet sitt minne blei det rådande. Det var ikkje rom for minner som stod i opposisjon til den forteljinga som regimet la fram, da dette også ville truge deira legitimitet til makta. Regimet la derfor stor vekt på å verne om det kollektive minnet også i tida etter at borgarkrigen var over.

I åra etter konflikten var landet svært prega av øydeleggingane i borgarkrigen, noko som førte til ekstrem fattigdom og svolt. Gjennom å vende tilbake til dei opphavlege verdiane meinte diktaturet å kunne reise Spania til ny stordom. Gareth Stockey viser korleis desse verdiane er svært tydelege i Dei falnes dal⁵⁶. Dei katolske symbola viser til dei tradisjonelle kjerneverdiane i samfunnet, samstundes som dei knytter regimet saman med dei katolske kongane og reconquistaen av den iberiske halvøya frå muslimane i middelalderen. Gullalderen og det spanske imperiet blir konstant referert til gjennom byggjestilen og dei mange historiske artefaktene som er henta hit frå andre stader. Ny territoriell stordom skulle sikrast gjennom eit kraftig militærvesen. Dei krigerske symbola i Dei falnes dal er eit teikn på dette. Krigarkultur og masochisme blei dyrka, medan kvinner skulle ha ei sekundær rolle i samfunnet med ansvar berre i heimen. Stockey viser at den viktigaste legitimeringa til Francoregimet var gjennom makt og bruk av vald; dette hadde gjort at dei hadde vunne krigen, men skulle også sikre eit mektig Spania i framtida. På denne måten peika Dei falnes dal også framover. Slik kombinerte diktaturet nær og fjern fortid som samsvarte med deira behov i notida.

Korleis Dei falnes dal skulle hindre at borgarkrigen blei gløymt er tydeleg i den fyrste annonseringa av monumentet 1. april 1940, eit år etter kapitulasjonen til dei republikanske styrkane. Her stod det blant anna at :

⁵⁴ Aguilar, *Memory and Amnesia: The Role of the Spanish Civil War in the Transition to Democracy*, 36.

⁵⁵ Assmann, *Memory, Individual and Collective*, 216.

⁵⁶ Stockey, *Valley of the Fallen: The (N)ever Changing Face of General Franco's Monument*, 66.

Dimensjonane av vårt korstog, dei heroiske offera som blei gjort og rolla denne hendinga har hatt for framtida vår, gjer at denne storslegne forteljinga [borgarkrigen] ikkje kan verte gløymd. Monumentet må overgå vanlege minnesmerke som blir sett opp i byar og landsbyar. Steinane som blir sett opp må ha storheita til fortidas monument, slik at dei vil motstå tida og gløymsla. På denne måten kan vi sikre at det blir ein plass der framtidige generasjonar kan hylle dei som gav dei eit betre Spania”.⁵⁷

Denne utsegna viser tanken bak monumentet. Borgarkrigen var ei hending som aldri kunne verte gløymd, da den var definerande for framtida til landet. Borgarkrigen blir skildra som ei episk forteljing og blir sett i samheng med fortida og framtida. Myten skulle bli like definerande for landet og tidlaus som reconquistaen var for den spanske nasjonalkjensla. Dei falnes dal skulle sikre at også framtidige generasjonar forstod dette, og på den måten vidareføre minnet til regimet, sjølv om regimet ein dag blei avløyst av eit anna styre. Diktaturet ønskte med dette å påverke framtidas syn på dei sjølve og hindre at dei hamna i gløymsle. Gjennom Dei falnes dal ønskte dermed diktaturet å etablere eit tidlaus monument og skrive seg inn i den nasjonale historia for all framtid. Vi kan sjå på dette som det Assmann beskriv som eit politisk minne som ikkje er avhengig av personleg erindring for å formidlast i framtida.

Eit delt samfunn

Fordi regimet var avhengig av minnet om borgarkrigen og biletet av fienden, var det heller ikkje mogleg med nokon forsoning etter krigen. Etersom regimet legitimerte sin eigen eksistens gjennom det kollektive minnet, kunne det berre vere ei forteljing om borgarkrigen. Ein kunne heller ikkje rekne med at fienden var borte sjølv om nasjonalistane hadde vunne krigen. Derfor proklamerte regimet at det var ein “merksam fred” der ein ikkje lot desse kreftene slippe til igjen i samfunnet. Spania sine fiendar fanst framleis både innanfor og utanfor landegrensene. Dette gjaldt spesielt kommunistar og sosialistar, men alle dei som truga dei verdiane Spania var tufta på blei sett på som noko som øydela samfunnet. For å sikre framtida til Spania var det derfor nødvendig at ein heldt fram å styre landet med ei sterk hand. Slik brukte regimet minnet om fortida til å legitimere politikken for samtida. Det kollektive minnet blei forma med sikte på eit konkret resultat: forklare kvifor diktaturet var naudsynt for Spania også etter borgarkrigen og forsvare kvifor ein framleis brukte vald mot befolkninga. Også dei regionale identitetane måtte fjernast for å sikre samholdet i landet. Den spanske kulturen og språket

⁵⁷ Ibid., 39.

var basert på det gamle kongeriket Castilla sitt kjerneområde. Tanken om regionalt sjølvstyre måtte undertrykkast for å sikre den sentraliserte styringsforma. Språk som baskisk og katalansk var ulovleg å bruke i det offentlege rom. Men dette var ein vanskeleg balanse også for sigerherrane, da mange av deira støttespelarar hadde sterke regionale identitetar.⁵⁸

Då den republikanske sida kapitulerte 1. april 1939 var det derfor ikkje plass til noko tilgjeving av den andre sida – det var rett og slett for mykje som stod på spel. Utreinkinga av politiske motstandarar heldt fram i tida etter den republikanske kapituleringa, og spesielt dei fyrste åra etter krigen. Situasjonen blir skildra som ein krigstilstand til langt ute på 40-talet på grunn av militært nærvere og omfattande masseavrettingar. Omlag 200 000 forsvann som følge av regimet sine forfølgingar dei fyrste åra etter borgarkrigen.⁵⁹ Dette var dei som blei rekna som “ikkje-tilbakeførbare” til samfunnet av regimet, deira definisjon på å vere uhelbredeleg politisk opposisjonelle som ikkje kunne omskulerast og ville fortsette å utgjere ein trugsel for regimet i framtida. Folk blei avretta eller sett i fengsel utan nokon form for dom og utan at dei pårørande blei varsla. Dei avretta blei stort sett lagt i umerka massegraver, likt dei som ein hadde brukt under borgarkrigen. Desse var ofte i kløfter og andre naturlege formasjonar, eller utanfor kyrkjegardane. Dei som blei sett på som mindre trugslar mot regime kunne vende tilbake til samfunnet etter omskulering eller straffearbeid.⁶⁰

Denne skilnaden mellom vinnarar og taparar dominerte samfunnet under Francoregimet. Dette var ein bevisst strategi som gjorde at ein heldt konflikten i live. På denne måten var minnet om borgarkrigen levande i kvardagen. Samfunnet vart delt opp i to delar. Dei som hadde stått på feil side blei utstøytt frå samfunnet. Dei blei diskriminert i det offentlege systemet og måtte ha eigne løyve for å jobbe eller forflytte seg. Deltaking på den republikanske sida var eit skambelagt tema som førte til utfrysing og hindra sosial mobilitet. Også andre sosiale grupper som ikkje passa inn i regimet sitt bilete eller dei tradisjonalistiske og strengt katolske verdiane blei forfølgde: homofile, kvinneforkjemparar og frimurarar. På denne måten kan vi sjå at minnepolitikken som innebar å halde konflikten i live fungerte. Det vart skapt ein sosial kontroll med negative implikasjonar dersom du hadde tilhøyrt feil side under krigen. Dette blei oppretthalde ikkje berre av regimet, men heile befolkninga som var prega av skillet mellom vinnarane

⁵⁸ Aguilar, *Memory and Amnesia: The Role of the Spanish Civil War in the Transition to Democracy*, 45–49.

⁵⁹ Preston, *The Spanish Holocaust: Inquisition and Extermination in Twentieth-Century Spain*.

⁶⁰ Ibid.

og taparane. Store delar av samfunnet var omskulert på ein slik måte at dei heldt ved like regimet sin politikk av eigen fri vilje. Det skjedde ikkje berre ei juridisk diskriminering av den tapande sida, men også gjenno sosiale normer. Dermed blei kvardagen til folk var prega av regimet sitt syn på fortida.⁶¹

Kva type minne formidlar Dei falnes dal?

Dei falnes dal skulle minnast borgarkrigen som var opphavet til regimet. Det fungerte som eit minne om borgarkrigen generelt, men viste også til nokon meir spesifikke minner eller myter knytta til konflikten. Desse minnene hadde spesielle funksjonar for regimet. Skilnaden mellom vinnarar og taparar er eit eit av desse.⁶² Monumentet er dedisert til sigerherrane og står som eit symbol på kven som vann krigen, medan den tapande sida utestengd av monumentet og skal verte gløymd, på same måte som dei var utestengd av samfunnet. Forbudet mot å sørgje over republikanske falne var lovfesta.⁶³ Dei etterlatne hadde ingen minnesmerke eller eller gravsteinar å gå til. Dette har Andrea Hepworth kalla for eit “mnemocide” der både den tapande sida blei utsett for eit folkemord, men også eit forsøk på total utsletting av deira minne i ettertid.⁶⁴ På denne måten kan vi sjå at det Assmann kallar ei aktiv gløymsele som inneber sensur, tabu og forbod, også ein viktig del av å forme det politiske minnet til diktaturet.

Dei falnes dal formidla minnet om martyrane, dei falne heltane til Franco. Alle nasjonalistar som hadde falle under “det store korstoget”, også dei som blei avretta av republikanerane, blei erklært som martyrar i tråd med regimet si tilknytning til den kristne trua. Heidringa av dei falne har i alle fall to funksjonar for diktaturet. Som alle martyrar hadde også desse martyrane ofra seg for ei spesifikk sak. Denne saka var verdiane til regimet og framtida til Spania, i følge diktaturet.⁶⁵ Omkring i Dei falnes dal står det at dei gravlagde har falle for “Spania og Gud”. Gravene til soldatane er ikkje namngjevne. Dette gjer at soldatane mistar sin individuelle verdi, men heller inngår i ei større sak. Gjennom å heidre martyrane viste ein også kva slags verdiar samfunnet skulle hegne om i ettertida. Denne martyrkulta var ein sentral del av regimet sin ideologi. Rundt omkring i Spania fanst det minnesmerke og kors med teksta “Fall for Spania og Gud”. Alle landsbyar hadde ein plakett med namna på sine falne frå den nasjonalistiske sida. På denne måten var borgarkrigen til stades over alt. Alle skulle vere klar over kven som hadde kjempa på rett

⁶¹ Aguilar, *Memory and Amnesia: The Role of the Spanish Civil War in the Transition to Democracy*, 29–33.

⁶² Stockey, *Valley of the Fallen: The (N)ever Changing Face of General Franco's Monument*, 31–32.

⁶³ Hepworth, “Site of Memory and Dismemory: The Valley of the Fallen in Spain,” 467.

⁶⁴ *Ibid.*, 471.

⁶⁵ Stockey, *Valley of the Fallen: The (N)ever Changing Face of General Franco's Monument*, 66.

og kven som hadde kjempa på feil side, sjølv i den minste landsby. Fremst av alle martyrane, og den einaste som var namngjeven i Dei falnes dal heilt til Franco sjølv blei gravlagt er, er Jose Antonio Primo de Rivera, leiar for Falangen. Han var også sonen til diktatoren som leia Spania i perioden mellom 1923-1930. På trass av hans opphøgde plass i monumentet, var han ingen viktig skikkelse under borgarkrigen. Det var gjennom sin død at Jose Antonio, eller “Den fråværande” (El ausente), blei ein viktig person for diktaturet. Han blei sjølv symbolet på offervilje på vegne av Spania i følge Stockey.⁶⁶ Franco brukte dette minnet til å binde til seg dei ulike fraksjonane innanfor dei nasjonalistiske styrkene under krigen og i diktaturet som følgde, i tillegg til å å innsette seg sjølv som overhovud for Falangen.

Skilnaden mellom vinnarar og taparar i Dei falnes dal blir tillagt enda meir symbolsk kapital når vi veit at taparane måtte byggje monumentet til ære for sigerherrane. Sjølv om landet var i økonomisk og fysisk ruin etter borgarkrigen, var det nok av rimelig arbeidskraft – sett fra regimet sin ståstad. Krigsfanger var ein betydeleg del av arbeidsstokken som bygde Dei falnes dal. Straffearbeid var ein av måtane krigsfanger kunne gjere opp for tidlegare synder og på denne måten redusere straffa si gjennom arbeid, og i tillegg få litt lønn undervegs. Samstundes jobba krigsfangene med dei farlegaste arbeidsoppgåvene og hadde mangel på mat og dårlege sanitærforhold. Alternativet til å arbeide for regimet kunne vere eit liv i fengsel eller i verste fall avretting.⁶⁷ Dermed er talet på fangar som jobba under bygginga omdiskutert. Mange hevdar at bruken av straffanger er sterkt overdrive, og meiner dei utgjorde berre ein liten del av arbeidsstokken. Daniel Sueiro som skreiv den fyrste boka om Dei falnes dal i 1977, viser at i 1943 jobba 600 fangar i Dei falnes dal, noko som tyder på at gjennom dei 20 byggjeåra må fleire tusen straffearbeiderar ha vore innom byggjeplassen. Han og fleire hevdar også at sprengingsarbeidet i basilikaen berre blei gjort av krigsfangar, på grunn av den høge risikoen.⁶⁸ Også tala på døde blant krigsfangene varierer stort. Medan legen i området berre rapportere om 14 dødsfall på byggjeplassen under heile perioden, melder tidlegare krigsfanger om at fleire tusen døydde. Ei årsak til den store variasjonen kan vere at dødsfall vart rapportert på dei sjukehusa som arbeidarane blei innlagt på. I tillegg døydde svært mange av seinvirkningar av å ha pusta inn støv frå sprengingsarbeidet.⁶⁹

⁶⁶ Ibid., 65–66.

⁶⁷ Hepworth, “Site of Memory and Dismemory: The Valley of the Fallen in Spain,” 468.

⁶⁸ Ibid.

⁶⁹ Ibid.

Ein annan viktig grunn for å heidre martyrane var å tilfredstille dei pårørande til dei mange nasjonalistiske soldatane som hadde falle. Ein måtte fjerne tvilen og følelsen av det unødvendige ved at fleire hundre tusen soldatar hadde falle i ein krig mot eigne landsmenn. Gjennom å opphøge deira offer til noko viktig og verdifullt prøvde ein å stilne desse røystene i samfunnet. I staden ønskte ein å gjere denne gruppa til viktige allierte som støtta regimet etter å ha blitt smigra med storslegne monument som heidra minnet om deira næraste. Ved opninga av monumentet i 1959 var det omlag 20 000 falne i monumentet. Det blei i åra fram til 1983, fem år etter overgangen til demokrati, tilført nye falne slik at det totale talet reknast å vere opp mot 70 000, der den store majoriteten er frå den nasjonalistiske sida. På grunn av ufullstendige register frå diktaturet si side og utforminga på krypten der dei falne ligg gravlagt saman, er det vanskeleg både å seie kor mange som ligg der, og å identifisere dei.⁷⁰

Innviinga av monumentet var på “sigersdagen”, den viktigaste årlege markeringa til regimet, 1. april 1959, 20 år etter at dei republikanske styrkene hadde kapitulert. Dette var den viktigaste merkedagen i regimet og fungerte som ein nasjonaldag saman med 18. juli, datoen i 1936 da dei nasjonalistiske styrkene gjorde opprør. Desse dagane vart markert med store militærparadar og ritualer med referansar til hendingar under borgarkrigen, på den store plassen utanfor Dei falnes dal og i alle byar omkring i Spania. Slike markeringar viste kva som var dei definerande hendingane for landet si historie, samstundes som dei skulle få fram visse lærdomar som ikkje kunne verte gløymt, i følge Aguilar.⁷¹ I talen under opninga av Dei falnes dal minner Franco om ein slik lærdom. Her fortel han at “djevelen framleis ligg på vent medan han med list planlegg nye feller, meir passande for desse nye tidene”.⁷² Store hendingar som innsetting av nye ministrar, publisering av planar og markering av hendingar i fortida var dei primære bruksområda av Dei falnes dal etter opninga i 1959. Dette viste den sentrale posisjonen til både borgarkrigen og monumentet for regimet, og heldt fram med å auke den symbolske kapitalen til Dei falnes dal og tilknytninga til regimet.

Medan diktaturet prøvde å gjere det politiske minnet til den einaste tolkningen av fortida, stemte ikkje denne svart-kvitt framstillinga av borgarkrigen med erfaringane til den tapande sida. Denne dissonansen mellom dei opplevde erfaringane og det politiske minnet førte til at det etablerte seg eit sosialt mot-minne, ifølge Aguilar.⁷³ Sjølv i land med

⁷⁰ Ibid., 472.

⁷¹ Aguilar, *Memory and Amnesia: The Role of the Spanish Civil War in the Transition to Democracy*, 74.

⁷² Ibid., 83.

⁷³ Ibid., 32–33.

totalitære regimer finst det visse avgrensingar i kva grad ein kan manipulere fortida, da regima ikkje har kontroll på den private sfæren. Dette gjorde at det var vanskeleg for diktaturet å etablere sitt narrativ som det rådane i heimane til folk, trass i at regimet kontrollerte den offisielle diskursen. På grunn av minnepolitikken til regimet kunne ein heller aldri sørge over dei republikanske falne, noko som gjorde at deira etterlatne aldri fekk nokon avslutning på traumet. Assmann peiker på at dei traumatiske minna overleverer fleire generasjonar. På denne måten mislykkast forsøket på å utrydde minnet til den tapande sida, trass i at regimet kunne kontrollere all den offentlege diskursen rundt borgarkrigen. Minnet til dei tapande oppstod i staden på fleire ulike tidspunkt, men i ein ny kontekst. Dette skal vi komme tilbake til seinare.

Eit tvetydig monument?

Dei falne frå den andre sida av konflikten er ikkje synlege i monumentet sin symbolikk i følge Stockey, trass i at mellom 5000 og 12 000 republikanske soldatar med katolsk tru er gravlagt i monumentet.⁷⁴ Årsaka til dei store sprika i tala har å gjere med at dei republikanske falne blei flytta frå massegraver utan nokon form register. I motsetning til dei nasjonalistiske styrkene blei det ikkje ført noko nøyaktig oversikt på dei republikanske falne når dei blei lagt inn i monumentet, noko som kan tolkast som at dei er “annan rang”. I Dei falnes dal er heller ikkje dei falne lagt i individuelle graver, noko som gjer det vanskeleg å kontrollere tala i ettertid.⁷⁵ Årsaka til at republikanske soldatar blei inkludert i monumentet like før det blei ferdigstilt har å gjere med ei delvis endring i korleis regimet ønskte å framstille borgarkrigen og seg sjølv for omverda. Diktaturet sitt behov endra seg mot slutten av 1950-talet, noko som påverka framstillinga av Dei falnes dal i den neste perioden.

I tillegg er det mykje som tyder på at desse soldatane blei flytta til Dei falnes dal på grunn av at regimet havna i ein uventa situasjon der dei mangla kroppar å legge i monumentet.⁷⁶ Dei etterlatne av nasjonalistiske falne kunne motsetre seg å flytte sine næraste til monumentet. Dette var noko etterlatne av dei republikanske som vart flytta hit, ikkje hadde påverkningskraft på. Dette kan vi tolke som at ikkje alle på den nasjonalistiske sida stod bak den minnepolitikken som regimet førte. Nasjonalistane hadde vore ei brei koalisjon med alt frå moderate høgreside, katolske grupperingar, rojalistar til dei høgreekstrem falangistane. Det var ikkje gitt at Franco skulle stå igjen som eineveldig leiari når denne samansette grupperinga gjorde oppgjær mot den demokratisk valde

⁷⁴ Stockey, *Valley of the Fallen: The (N)ever Changing Face of General Franco's Monument*, 22–23.

⁷⁵ *Ibid.*, 23.

⁷⁶ Hepworth, “Site of Memory and Dismemory: The Valley of the Fallen in Spain,” 470.

regjeringa. Denne innad splittinga kan vere med på å forklare kvifor Franco var avhengig av opphavsmåta - da dei ulike fraksjonane primært var botne saman av borgarkrigen.

Også blant den gruppa som vann krigen eksisterte det sosiale minne som skilte seg frå det politiske minnet til regimet. Når det var klart at Franco ikkje ønskte noko forsoning med den andre sida sjølv om krigen var slutt, viser Aguilar at det dukka det opp spreidde kritiske røyster mot minnepolitikken.⁷⁷ Dette viser oss at blant den vinnande sida fanst det også dei som ønskte seg ei anna framtid der heile befolkninga var inkludert.

Minnepolitikken til regimet og deira ønskje om å halde oppe hatet mot den tapande sida stemte ikkje med den oppfatta verkelegheita til ein stor del av befolkninga som hadde eit reelt ønskje om forsoning, i følge Aguilar.⁷⁸ Når ikkje desse meiningane når fram, må vi sjå det i samband med den kraftige sosiale kontrollen og frykta for represalier. Kunne diktaturet legitimere seg på ei opphavsmåta som innebar ein trugsel om vald i all framtid?

Diktaturet sitt minnekollektiv

Skilnaden mellom vinnarane og taparane og framheving av martyrane som ofra seg for Spania var den viktigaste måten regimet heldt minnet om borgarkrigen i live. Vi kan sjå på det som ei operasjonalisering av opphavsmåta til regimet. Halbwachs peiker på at eit fungerande samfunn består av eit minnekollektiv med ei felles forståing av fortida. Han seier at dette felles biletet av fortida er grunnleggjande for at menneske skal kunne leve saman i grupper, og eit vilkår for sosial orden og samhald.⁷⁹ Franco prøvde å skape eit samfunn der befolkninga var føyeleg og støtta regimet. Opphavsmåta forklarte kvifor dei skulle sitte ved makta og forsvare deira bruk av vald, medan minnet til den tapande sida skulle fjernast fullstendig. Dei falnes dal var den viktigaste brikka i denne planen om å lage eit einsidig minne om fortida. Men gjennom si diskriminering av taparane splitta han befolkninga og skapte eit minnekollektiv for taparane og eit for vinnarane. Franco klarte ikkje å utrydde det republikanske minnet som overlevde som eit sosialt minne hos den tapande sida, eller hos den delen av den vinnande sida som ikkje var einige med regimet sin splittande politikk.

Vi kan med dette sjå at sjølv om det ikkje eksisterte noko offentleg kritikk mot diktaturet sitt minne, klarte ikkje Franco å innføre sitt narrativ om borgarkrigen på heile befolkninga. Det politiske minnet til Franco splitta nasjonen i staden for å samle den. Assmann

⁷⁷ Aguilar, *Memory and Amnesia: The Role of the Spanish Civil War in the Transition to Democracy*, 84–92.

⁷⁸ *Ibid.*, 84.

⁷⁹ Stugu, *Historie i bruk*, 30; Halbwachs, *The Collective Memory*.

vektlegg at ein beveger seg i tid når ein skiller mellom eit sosialt minne og eit politisk minne. Då Franco sleit med å innføre det politiske minnet sitt, kan ein tolke dette som at den korte avstanden i tid til borgarkrigen gjorde at eit motstridande sosialt minne hindra ei slik dominans. Spania blei også meir og meir isolert frå omverda som ikkje akseptere slike overgrep på eiga befolkning i kjølevatnet av andre verdskrig. Samstundes var det på slutten av 50-talet tydeleg at tanken om autarki, sjølvberging, fungerte dårleg. Landet hadde framleis ikkje kome seg etter den øydeleggjande borgarkrigen, trass i at den var slutt for 20-år sidan. Landet hadde desperat behov for utanlandsk bistand og investeringar, men dette blei forhindra av regimet sin minnepolitikk og tanke om sjølvberging.

1960-1975: Forsøk på å skape ein inkluderande minnekultur

Medan diktaturet ofte blir sett på som ei periode der opphavsmitta pregar minnet om borgarkrigen, kan vi også peike på store endringar i det politiske minnet til regimet. Denne perioden skiller seg frå den fyrste med at diktaturet sjølv etablerer eit alternativt minne om borgarkrigen. Dette var i fyrste omgang retta mot utanlandske styresmakter og sett på som naudsynt for å kunne delta i den vestlege økonomien. Økonomisk utvikling og liberalisering av landet fører til ei minsking av undertrykking og mogleggjorde alternative narrativ til det splittande minnet til regimet. Slik er diktaturet sjølv med å etablere det narrative som skal prege den seinare overgangen. I samband med dette blei Dei falnes dal tillagt ei stadig meir tvetydig rolle.

Stabiliseringsplanen

I 1959 vedtok regimet 'Stabiliseringsplanen' som skulle gjenreise Spania frå det økonomiske uføret og dei materielle øydeleggingane. Fattigdom og svolt prega framleis landet. Regimet erkjente at dei måtte betre dei økonomiske tilhøva og levekåra til befolkninga dersom dei skulle behalde makta. Gjennom stabiliseringsplanen forkasta regimet idealet om autarki, nasjonen si evne til å vere sjølvforsynt, og erstatta den med økonomisk liberalisering. Ei ny og meir moderat gruppe innanfor regimet fekk med dette større påverkningskraft på styret.⁸⁰

Ei slik endring av den økonomiske politikken førte også nødvendigvis til behov for utanlandsk anerkjenning av regimet. Spania mangla økonomiske ressursar og var avhengige av utanlandsk samarbeidsvilje og kapital. I løpet av dei siste 20 åra hadde landet havna i ei bakevje i Vest-Europa og fekk ikkje delta i den økonomiske utviklinga som raskt hadde avløyst gjenoppbygginga etter andre verdskrig. Franco sin høgreekstreme ideologi og undertrykkande regime hadde klare likheitstrekk med Tyskland og Italia sine regime under andre verdskrig. Dette var ikkje kompatibelt med den liberale tankegangen og skepsisen mot autoritære styre som rådde i Europa i etterkrigstida. Nasjonalistane hadde i tillegg motteke omfattande militær og økonomisk hjelp frå Italia og Tyskland under borgarkrigen. Under den andre verdskrigen hadde landet stått som "ikkje-stridande alliert" til aksemaktene heilt fram til krigslykka snudde i 1943.⁸¹ Gjennom å ta imot hjelp frå sine allierte hadde Franco vunne borgarkrigen, men denne hjelpa og ideologiske

⁸⁰ Aguilar, *Memory and Amnesia: The Role of the Spanish Civil War in the Transition to Democracy*, 114.

⁸¹ *Ibid.*, 86.

likheita med aksemaktene gjorde at landet blei utfrose frå resten av Europa og ikkje fekk delta i det økonomiske samarbeidet som prega etterkrigstida. Det uforsonlege tilhøvet til motstandarane under borgarkrigen, og undertrykkinga av den tapande sida stod i kontrast til dei verdiane vestmaktene sjølv hadde lagt til grunn for gjenoppbygginga av Europa etter andre verdskrig. Spania fekk til dømes ikkje delta i Marshall-planen til USA.

Ny form for legitimering

Dette behovet for økonomisk utvikling og betre levekår gjer at ei ny form for legitimering av regimet blir vektlagt. Medan opphavet og minnet om borgarkrigen hadde vore primære forklaringar på kvifor diktaturet skulle styre landet, ville ein nå også vise fram at regimet var eit velfungerande styresett som forbetra landet. Dette er det Paloma Aguilar kallar for eit prestasjonsbasert regime. Franco var avhengig av å peike mot ei betre framtid for å kunne behalde makta i følge Aguilar.⁸² Medan opphavsmyta kunne akseptast for dei som hadde opplevd krigen, mista denne legitimeringa truverdet for yngre generasjonar som ikkje hadde erfart konflikten på eiga hand. Dette kan vi sjå i samanheng med det som Assmann kallar “uskrevne lærdomar” som ikkje kan overførast til den neste generasjonen. For dei som ikkje hadde opplevd krigen kunne opphavsmyta oppfattast som ei primitiv form for legitimering som kravde vald og trugslar for å haldast ved like. Den prestasjonsbaserte forma for legitimering, om ho lykkast, kunne derimot føre til ei meir ektefølt støtte til regimet.⁸³ Det finst nok av autoritære regimer som har hatt støtte i befolkninga og fått lov til å styre trass i openberre manglar når det gjeld folk sin fridom. Tanken var at så lenge landet hadde ei klar økonomisk utvikling og forbetring av levekåra var dette nok til at diktaturet framsto som ei legitim og rettmessig styreform. Diktaturet innsåg at opphavet deira åleine ikkje var nok, dei måtte supplere med reell utvikling for landet for å kunne behalde makta i det lange løp.

Trass i ei auke i den prestasjonsbaserte legitimeringa så utgjorde opphavsmyta framleis ein viktig del av maktgrunnlaget som regimet bygde på. Aguilar viser korleis borgarkrigen heldt fram med å vere den primære forklaringa på kvifor Franco og regimet hadde komme til makta.⁸⁴ Bodskapet i opphavsmyta blei repetert for å sikre at dei som ikkje hadde opplevd krigen også skulle ha kjennskap til konflikten og offeret som var gjort for å sikre Spania si framtid. Utvikling av landet var berre ein annan og komplementerende måte å roe massene. Spania si befolkning fekk både pisk og gulrot gjennom kombinasjonen av ei prestasjonsbasert og ei opphavsbasert legitimering. I åra etter at stabiliseringsplanen blei

⁸² Ibid., 45.

⁸³ Ibid., 36.

⁸⁴ Ibid., 48–49.

sett i gang brukte regimet dei to formene for legitimering av makt om kvarandre når det passa dei. Regimet tilpassa seg situasjonen og vurderte kven av dei to som var mest hensiktsmessig i dei ulike tilfella. Når det gjaldt tryggingsspørsmål og undertrykking av regimemotstandarar blei den opphavbaserte legitimeringa nytta, medan den prestasjonsbaserte legitimeringa var nytta for å skape eit bilete av eit regime som moderniserte og utvikla landet til det beste for innbyggerane.

Den prestasjonsbaserte legitimeringa var spesielt viktig når dei appellerte til utanlandske makter. Her blei borgarkrigen og opphavsmyta tona ned til fordel for biletet av eit forsona land med fokus på framtida. På denne måten ville regimet framstå som eit velfungerande styre. Målet var å kvitte seg med det autoritære stempelet og dei fascistiske trekka som blei avskydd av det vestlege samfunnet etter andre verdskrig. Det engelskspråklege magasinet “Spanish Newsletter” er eit døme på korleis regimet prøvde å gi inntrykk av at Spania var eit land som fokuserte mot framtida og hadde lagt fortida bak seg. Her blir landet framstilt som at det er i voldsom økonomisk utvikling. Dersom vi undersøker Francos årlege tale til folket frå 1967, presentert for eit utanlandsk publikum i bladet, er det kun nytta prestasjonsbasert legitimering. Her vektlegg ein at utviklinga berre er mogleg gjennom den freden som Franco har sikra, noko som viser oss at denne legitimeringa hang tett saman med biletet av eit forsona land.⁸⁵ Samstundes viser Aguilar at i Spania blei eit slikt budskap kombinert med den splittande opphavsmyta og ei sterk undertrykking av alle kritiske røyster.⁸⁶

Ei årsak til at Franco framleis kunne bruke opphavsmyta var at denne også til ei viss grad kunne aksepterast av USA. Diktaturet si haldninga til kommunistar og narrativet om borgarkrigen som ein kamp mot internasjonal marxisme var kompatibelt med amerikanske haldningar under den kalde krigen. Samstundes frykta også amerikanske styresmakter kva alternativet til Franco kunne vere. Dei ønskte eit stabilt styre i landet som Francoregimet tilsynelatande kunne garantere. Fatih Tayfur viser korleis Spania blei ein viktig alliansepartnar til dei amerikanske styrkane trass i at landet ikkje var medlem av NATO.⁸⁷ Dei hadde bruk for ein sikker alliert i kampen mot sovjetisk innflytelse i Middelhavet, samstundes som Spania kunne leige ut land til amerikanske flåtebasar ved innseglinga til Middelhavet. På denne måten sikra Franco seg økonomisk bistand som ikkje krevde at han

⁸⁵ US Embassy of Spain-Information Department, “Franco’s Annual Message,” *Spanish Newsletter*, 31 januar, 1967.

⁸⁶ Aguilar, *Memory and Amnesia: The Role of the Spanish Civil War in the Transition to Democracy*, 132–148.

⁸⁷ M. Fatih Tayfur, *Semiperipheral Development and Foreign Policy: The Cases of Greece and Spain* (Ashgate, 2003), 230.

avvikla den viktige opphavsmyta, samstundes som samarbeidet med supermakta gav anerkjening til diktaturet både i og utanfor landets grenser. Bodskaen til Franco var at “korstoget mot kommunistar” kunne halde fram både i og utanfor Spania sine grenser med hjelp frå USA. Men Tayfur vektlegg også at den amerikanske bistanden var med på å opne opp det spanske samfunnet, da amerikanarane kravde ei liberalisering av økonomien i bytte mot dei økonomiske bidraga.⁸⁸

Dei falnes dal sett frå utsida

Denne kombinasjonen av begge formene for legitimering er spesielt tydeleg for oss i Dei falnes dal, som blei ferdigstilt samstundes som dei økonomiske reformene blei innført. Monumentet var den tydelegaste framstillinga av borgarkrigen overfor utlandet, og blei brukt ved alle offisielle besøk av utanlandske statsleiarar. Samstundes var det eit av Spanias mest besøkte attraksjonar i eit land med stadig fleire utanlandske turistar. Ønsket om ei moderert framstilling av borgarkrigen overfor utlandet førte derfor til at det var naudsynt at enkelte element blei nedtona medan andre blei inkludert før innviinga av monumentet.⁸⁹ Til dømes hadde Franco planlagt utskjeringar med motiv frå borgarkrigen på begge sider av gangen inn til kyrkjerommet.⁹⁰ Monumentet blei plassert i regimet si turistrute utanfor Madrid, Ruta Imperial. Med dette ønskte ein å framstille monumentet som ein tidlaus og religiøs stad som inngjekk i andre store nasjonalmonument frå gullalderen. Dei falnes dal skulle peike på minnet om ein katolsk nasjon som bygde på det spanske imperiet, og dermed vise at diktaturet var eit tradisjonelt regime med røter som strekte seg langt tilbake.⁹¹ Viktigast av endringane i monumentet var inkluderinga av republikanske falne. Desse blei brukt for å hevde at Dei falnes dal var meint for begge sider av borgarkrigen. På denne måten kan vi sjå at den forsonande meininga med Dei falnes dal oppstod allereie under diktaturet. Men for spanjolar og andre som hadde inngåande kjennskap til bruken av symbolikk i monumentet og regimet, var ei forsoning med store avgrensingar. Desse republikanske falne måtte ha ei dokumentert katolsk tru for å kunne bli lagt i monumentet. På denne måten, meiner Aguilar, at dei kunne forklarast som spanjolar som ikkje eigentleg hadde tilhøyrt den republikanske sida men blitt utsett for tvungen militærtjeneste.⁹² Dette viser at gravlegginga av falne frå den tapande sida ikkje opphavleg var lagt fram som eit forsonande element til spanjolane.

⁸⁸ Ibid.

⁸⁹ Stockey, *Valley of the Fallen: The (N)ever Changing Face of General Franco's Monument*, 72–84; Aguilar, *Memory and Amnesia: The Role of the Spanish Civil War in the Transition to Democracy*, 78.

⁹⁰ Stockey, *Valley of the Fallen: The (N)ever Changing Face of General Franco's Monument*, 69.

⁹¹ Ibid., 45–48.

⁹² Aguilar, *Memory and Amnesia: The Role of the Spanish Civil War in the Transition to Democracy*, 80.

Eit tydeleg teikn på at re-presenteringa av Dei falnes dal primært var meint for å påverke utanlandsk oppfatning av regimet, kan ein sjå gjennom dei offisielle informasjonshefta turistar og utanlandske statsleiarar fekk når dei var på besøk i Dei falnes dal. Stockey viser korleis budskapet blir ulikt presentert for spanske og utanlandske besøkande ved å vise forskjellane på dei engelske og spanske tekstane. Brosjyrane framstår som identiske dersom ein ikkje kunne spansk da dei hadde likt format, inndelingar, avsnitt og bilete. Den hardaste retorikken er nedtona i den engelske utgåva for å gje eit inntrykk av at monumentet, og dermed regimet som heilheit, er meir tolerant og forsonande enn det som faktisk var tilfellet. Til dømes så står det i den spanske utgåva at:

“Monumentet til dei som fall for Spania, ein ide som oppstod under [sic]Korstoget og vedteke bygd når det slutta, må sjåast på som ein rettferdig hyllest til minnet om alle dei som ved å beskytte eit slikt reint ideal, ofra det største og viktigaste nokon mann kan gje: livet”

I den engelske teksten står det:

”Monumentet for alle dei som fall under [sic]Den Spanske Borgarkrig, som var planlagt medan krigen pågjekk og bestemt gjennomført då den slutta, må betraktast som ein rettferdig hyllest til alle dei som gav livet deira for sine ideal. Ingen mann kan gje meire.”⁹³

På denne måten ser vi korleis små omskrivingar endrar meiningsinnhaldet til monumentet. Monumentet framstår med to ulike budskap avhengig av om ein les den spanske eller engelske utgåva av informasjonshefta. I det spanske heftet brukar ein den kjente retorikken som skal oppretthalde splittinga mellom vinnarar og taparar, medan den engelske er moderert på ein slik måte at det tvert om verkar som eit forsonande monument. I den engelske utgåva skulle alle ideal hyllast, i den spanske berre ideala til den vinnande sida.

Dette er det Paloma Aguilar har kalla for “kalkulert tvetydigheit” frå regimet si side.⁹⁴ Dersom ein ikkje har kjennskap til diskursen under diktaturet, skilnaden mellom vinnarar og taparar, myta om martyrane og blandinga av religiøs og krigersk symbolikk, er det lite som avslører den opprinnelige betydninga til monumentet. Dei fleste symbola inne i kyrkja krev førstehandskunnskap om regimet og opphavsmyta for å bli avslørt som eit

⁹³ Stockey, *Valley of the Fallen: The (N)ever Changing Face of General Franco's Monument*, 74.

⁹⁴ Aguilar, *Memory and Amnesia: The Role of the Spanish Civil War in the Transition to Democracy*, 74–75.

splittande monument med berre plass til sigerherrane. Den opphavlege betydninga til Dei falnes dal er fyrst tilgjengeleg dersom du har kjennskap til diktaturet sine lærdomar om borgarkrigen. Dei einaste symbola som er knytta til diktaturet direkte, er våpenskjoldet til Franco og symbolet til Falangen på inngangen av kyrkjebygget.

På denne måten kunne Dei falnes dal framstå som eit monument som heldt fram med å splitte spanjolane gjennom å representere opphavsmitta, samstundes som utanlandske gjester tvert imot oppfatta det som eit forsonande minnesmerke der begge sider var representert. På denne måten kan vi seie at Dei falnes dal tilsynelatande gav inntrykk av at spanjolane hadde eit felles kollektivt minne om borgarkrigen og dermed, i følge Halbwachs, var eit velfungerande samfunn med ein felles identitet sjølv etter ein opprivande borgarkrig i nær fortid. I realiteten var monumentet eit verktøy for å innføre eit partisk minne. At strategien om “kalkulert tvetydigheit” fungerte, kan vi sjå gjennom fleire skildringar frå turistar og reisejournalistar som Stockey har samla.⁹⁵ Her beskriv dei utanlandske gjestane Dei falnes dal som eit storslege bygg med religiøs og forsonande betydning, utan å sjå monumentet i samheng med den politiske situasjonen i Spania. I staden blir Dei falnes dal samanlikna med dei andre og mykje eldre nasjonalmonumenta som ligg i same området utanfor Madrid.

Eit splitta regime og ein samla opposisjon

Aguilar viser korleis den prestasjonsbaserte og opphavsbaserte forma for legitimering delte regimet i to grupper i løpet av 60-tallet. Dei økonomiske behova til nasjonen gjorde at den gruppa som hella mot prestasjonsbasert legitimering stadig fekk meir makt. Den yngre garde, teknokratane, som prioriterte utvikling og opna opp samfunnet, blei kalla for *aparturistas*, medan den eldre generasjonen som hadde sitt maktgrunnlag frå borgarkrigen og meinte kontroll over samfunnet var det viktigaste, blei kalla *búnkers*.⁹⁶ Dei yngre i regimet, *aparturistas*, hadde heller ikkje opplevd krigen, og vektla økonomiske prioriteringar framfor politiske budskap når dei argumenterte for politikken sin. Dette innebar også ei viss form for openheit i samfunnet og tryggleik for individa, som blei sett på som viktige liberale prinsipp for ei økonomisk utvikling. Styret måtte framstå føreseieleg og stabilt nok til at ein våga å gjere økonomiske investeringar.

⁹⁵ Stockey, *Valley of the Fallen: The (N)ever Changing Face of General Franco's Monument*, 84.

⁹⁶ Dei to uttrykka er heller ikkje ulada begrep. Medan *aparturistas* betyr ‘Dei som åpnar’, kjem *búnker* frå eit nedlatande omtale frå den kommunistiske leiaren Santiago Carillo der han beskriv korleis den harde kjerne av regimet prøver å halde på makta til siste slutt, likt det Hitler gjorde i sin bunker fram til slutten av andre verdskrig. Stanley G. Payne, *The Franco Regime, 1936–1975* (University of Wisconsin Pres, 2011), 597.

Aguilar meiner at det politiske minnet som den opphavsbaserte delen av diktaturet heldt fram med å bruke, ikkje var kompatibelt med folk sine minne om borgarkrigen. Det fanst framleis eit traumatisk minne blant store deler av befolkninga. Dette gjorde at mange, også deler av regimet, ikkje godtok den skilnaden som blei gjort mellom vinnarar og taparar. Ho meiner at dei fleste spanjolar hadde eit genuint ønske om forsoning med den tidlegare motparten, både dei som identifiserte seg med den nasjonalistiske og med den republikanske sida. Fleire frykta at den splittande politikken som regimet førte kom til å skape ei ny konflikt i framtida.⁹⁷ Sjølv eit autoritært styre har visse avgrensingar for kva minne dei kan tvinge på befolkninga. Dersom det sosiale minnet ute blant befolkninga i for stor grad er i strid med det som regimet kommuniserer, vil det verke lite truverdig og ikkje bli godteke av befolkninga. Vi kan tolke dette som at ein stor del av samfunnet hadde eit behov for forsoning og for å legge fortida bak seg, i motsetning til regimet som fortsatte å halde konflikten i live. Det sosiale minnet om borgarkrigen var derfor konstruert ut i frå eit anna opplevd behov i samfunnet enn det diktaturet sitt politiske minne la til grunn.

Dette er mest synleg gjennom det såkalte “Münchenmøtet” som fann stad i 1962 og dei påfølgande hendingane knytt til dette. Møtet var ei samling av opposisjon mot Franco. Denne opposisjonen bestod både av folk som var i eksil etter borgarkrigen, men også moderate som framleis oppheldt seg i Spania. Spesielt innanfor kyrkja hadde fleire byrja å etterlyse reel forsoning blant dei to partane i Spania. Ein opposisjon hadde etablert seg på tvers av dei som hadde kjempa mot kvarandre i borgarkrigen, og på dette møtet kunne dei møtast og diskutere ei felles framtid for Spania. Ei felles forståing blant deltakarane var at framtida til Spania var demokrati, og for at dette skulle vere mogleg, måtte dei to partane i borgarkrigen forsonast. I følge Aguilar viser møtet i München at det eksisterte eit sosialt minne i dei breie lag i den spanske befolkning som skilte seg frå det narrative regimet hadde.⁹⁸ Den uforsonlege lina til regimet når det gjaldt borgarkrigen verka ikkje tilfredsstillande for ein stor del av befolkninga, og den økonomiske utviklinga var ikkje nok til å dempe dette. For å sameine landet, trengte ein ei felles forståing av fortida i følge münchendeltakarane, i staden for det politiske minnet til regimet, som fortsatt splitta befolkninga. Dette synet på forholdet mellom samfunnet og det kollektive minnet liknar det Halbwachs argumenter for, noko som var umogeleg så lenge diktaturet stadig baserte maktgrunnlaget sitt på si opphavsmyta.

⁹⁷ Aguilar, *Memory and Amnesia: The Role of the Spanish Civil War in the Transition to Democracy*, 140–148.

⁹⁸ *Ibid.*, 101–104.

Møtet i München var ei krise for Francoregimet, nettopp fordi det viste at det eksisterer ein opposisjon til styret og deira syn på fortida. Dette truga regimet sin legitimitet både for spanjolar og for utanlandske styresmakter som nå kunne sjå etter eit mogleg alternativ til både Francoregimet og deira syn på fortida. Regimet forsøkte å undergrave møtet og møtedeltakarane. Undertrykking av regimemotstandarar i Spania auka, og fleire av møtedeltakarane kunne ikkje returnere til Spania da dei blei truga med fengsling.⁹⁹ Dette var eit av mange bevis på at det spanske regimet stadig vart meir utdatert og ikkje klarte å følge samfunnsutviklinga og dei forventningane som var til eit vestleg styre. Trugslar om å avslutte samarbeidet frå europeiske stormakter og USA førte til at Franco stadig måtte sette inn meir reformvillige politikarar i ministerstillingar. Desse heldt fram med å opne landet gjennom liberaliserande lovar. Til dømes fekk ein langt på veg pressefridom i 1964, og benåding av dei siste krigsfangene i 1969. Forfølgingane på 60-talet var mykje mindre enn det dei hadde vore dei to fyrste tiåra etter borgarkrigen, men fekk på same tid større konsekvensar for regimet da Spania vart stadig meir opent, og utanlandske journalistar fekk kjennskap til overgrepa mot sivilbefolkninga.

Var motivasjonen til desse reformvillige politikarane, *aparturistas*, å skape eit felles minne om borgarkrigen og avslutte delinga av samfunnet i ei vinnande og tapande side? Eller var det primært for å blidgjere utanlandske makter og dermed betre dei økonomiske tilhøva i Spania? Tayfur vektlegg dei reformvillige politikarane sine øverste ambisjon, å bli medlem i EU-forgjengaren ECC som den viktigaste motivasjonen for denne opninga av samfunnet.¹⁰⁰ Om vi skal følge hans argument for diktaturet si liberalisering så var dette basert på kyniske vurderingar for å auke den prestasjonsbaserte legitimeringa av regimet. Samstundes meiner Aguilar at det finst teikn på at mange av desse ministrane også innsåg at det å halde konflikten og minnet om borgarkrigen i live kunne by på problem i framtida.¹⁰¹ Ein av desse var Manuel Fraga som var innanriksminister og turist- og informasjonsminister i perioden mellom 1962 og 1975. Han og mange andre av reformistane såg på borgarkrigen som naudsynt, men meinte at det var på tide å legge konflikten bak seg. Ut i frå dette behovet etablerte gradvis *aparturistas* eit minne som tona ned splittinga i Spania og prata om eit behov for forsoning og gløymse for å kunne gå vidare. Dette innebar ikkje eigentleg ei forsoning mellom sidene, men heller ei einseitig tilgjevning av taparane frå diktaturet si side. Aguilar meiner at ingen i diktaturet, verken *aparturistas* eller *búnkers*, var innstilt på at den vinnande sida skulle akseptere noko

⁹⁹ Ibid., 104–109.

¹⁰⁰ Fatih Tayfur, *Semiperipheral Development and Foreign Policy: The Cases of Greece and Spain*, 230.

¹⁰¹ Aguilar, *Memory and Amnesia: The Role of the Spanish Civil War in the Transition to Democracy*, 140–148.

juridisk skuld for overgrepa som var begått. Opphavsmyta vart ikkje forkasta i så måte, da den blei akseptert som grunnlag for stabiliteten og framgangen landet hadde hatt etter borgarkrigen, men heller at den hadde tent sitt formål og no måtte leggjast til side for framtida si skuld.¹⁰²

Eit monument - to minne

Auka makt til dei reformvillige politikarane fekk derfor påverknad på kva minne regjeringa hadde ønskje om å fremje, både i Dei falnes dal og i talar til folket.

Aparaturistas slutta i stor grad å nemne borgarkrigen eller opphavsmyta i talar, men la i staden vekt på diktaturet si evne til å sikre freden og utviklinga som hadde skjedd etter krigen. Utover 60-talet vart derfor budskapet om Dei falnes dal som eit forsonande og primært religiøst monument gradvis brukt overfor det spanske folket, av reformvillige politikarar. Sjølv om dette budskapet ikkje var synleg i dei offisielle tekstane til regimet om monumentet eller dei symbolske detaljane, byrja etter kvart talar og utsegner frå den nye generasjon regimepolitikarar å reflektere ideen om at Dei falnes dal tilhørte heile den spanske befolkninga. Fleire og fleire regimepolitikarar hevda at monumentet ikkje skilte mellom vinnarar og taparar eller ideologi.¹⁰³ Dette viser at også at innanfor regimet fanst det ei aukande oppfatning om at eit kollektivt minne var nødvendig for å samle samfunnet, og at dette ikkje lengre berre blei brukt mot eit utanlandsk publikum.

Samstundes var ein stor del av regimet, inkludert Franco, innstilt på å bevare opphavsmyta som ein sentral del av det kollektive minnet. Ein slik drakamp mellom dei to partane ser vi tydeleg under 25-års jubileumet til borgarkrigen i 1964. Her var “sigersdagen” omdøyppt til “fredsdagen”. Det var ikkje lenger sigeren som skulle feirast, men heller dei 25 åra med fred og framgang. Men under talar frå Franco og hans næraste støttespelarar i Dei falnes dal blei opphavsmyta stadig nemnt. Frå Carrero Blanco, Franco sin nestkommanderande og forventa arvtakar, blei det for fyrste gong nemnt at Dei falnes dal var eit forsonande monument som var reist for “alle falne, uavhengig av side” også av dei som blei definert som búnkars. Seinare, under same tale, brukte han også likevel opphavsmyta og truga med at den “raude faren” stadig fanst i samfunnet.¹⁰⁴ Året etter gjekk dei tilbake til det gamle navnet på paraden. Desse hendingane viser oss korleis dei to minna i praksis var uforeinelege med kvarandre. Regimet si delvis tilgjevning av den tapande sida var lite truverdig så lenge regimet heldt fram med å bruke opphavsmyta.

¹⁰² Ibid., 147–148.

¹⁰³ Ibid., 83.

¹⁰⁴ Ibid., 78.

Regimet hadde gjort seg heilt avhengige av minnet om borgarkrigen. Samstundes kravde den økonomiske situasjonen at landet framstod som framtidsretta og ein del av Europa. Dette førte til at regimet sjølv etablerte eit konkurrerande og motsigande minnet til opphavsmyta. Forskarar som Hepworth og Ferrandiz har framstilt regimet sin minnepolitikk som relativt konstant for heile diktaturperioden, men denne endringa viser at dette ikkje var tilfellet.¹⁰⁵ Medan det forsonande minnet og retolkinga av Dei falnes dal i starten berre var meint som eit slags dekke for regimet i utlandet, vart det etterkvart naudsynt å kommunisere dette også til spanjolane. Den gradvise opninga diktaturet gjorde for å appellere til utanlandske krefter førte derfor til at opphavsmyta var under press både utanfrå Spanias grenser og innanfrå. Sakte, men sikkert gjorde opninga av samfunnet gjennom slutt på sensur og avtakande vald mot regimemotstandarar, at det blei mogleg å hevde alternative narrativ til det som regimet prøvde å gjere til det einerådige. Den prestasjonsbaserte legitimeringa var ikkje nok for å halde på makta for regimet. Ein ny opposisjon som stamma frå begge sider av borgarkrigen, og den yngre befolkninga som aldri hadde opplevd konflikten, frykta begge at det politiske minnet til diktaturet ville fortsette å splitte nasjonen og skape grunnlaget for ein ny konflikt ein gong i framtida. Medan den reformvillige delen av regimet var einig i at det var naudsynt å legge fortida bak seg og skape eit felles minne, var Franco og resten av den eldre garde framleis avhengig av den splittande opphavsmyta for å legitimere si makt. Dette gjorde at Dei falnes dal skulle framstå som både forsonande og splittande i ei og same tid. På denne måten blir monumentet eit bilete på dei to motstridende minna som regimet prøvde å halde i live heilt fram til Franco døydde i 1975

¹⁰⁵ Hepworth, "Site of Memory and Dismemory: The Valley of the Fallen in Spain"; Ferrándiz, "Unburials, Generals, and Phantom Militarism: Engaging with the Spanish Civil War Legacy."

1975-2000: Overgang, gløymslepakt og avpolitisering av minnet

Med Franco sin død i 1975 startar overgangen til demokrati. Overgangen i Spania blir sett på som blant dei fredelegaste og mest suksessfulle demokratiseringane av eit autoritært regime. Samstundes har det i det seinare vore debatt rundt i kva grad overgangen førte til brot eller kontinuitet med diktaturet. I samband med dette kan vi også sjå ein stor del av kontinuitet med det kollektive minnet om borgarkrigen, sjølv om overgangen blir sagt å føre til ei 'gløymslepakt' der fortida må leggst bak seg. Kva lærdommar tek ein frå borgarkrigen når samfunnet på nytt står ovanfor ei stor utfordring? Dei falnes dal held fram med å vere eit offisielt minnesmerke under demokratiet, utan at det skjer nokon endring av monumentet. Kva er årsaka til at Dei falnes dal ikkje blir øydelagt eller går ut av bruk ved eit slikt regimeskifte? I dette kapittelet skal vi sjå nærmare på kva rolle fortida og Dei falnes dal fekk under overgangen og den påfølgande perioden.

Francó døyr

Når Franco døyr den 20. november i 1975 er timinga perfekt for å føye han inn i opphavsmysten om borgarkrigen. Datoen er den same som da den andre store helten frå borarkrigen, Jose Antonio Primo de Rivera, blei avretta av republikanske styrkar 39 år tidlegare. Det har blitt spekulert i om Franco hadde bestemt på førehand at han skulle haldast kunstig i live fram til denne datoen for å oppnå ein slik symboleffekt.¹⁰⁶ Gjennom Franco sin død og gravlegging i Dei falnes dal ved sidan av Jose Antonio blir også monumentet på mange måter ferdigstilt. Det er framleis debatt om i kva grad Franco sjølv planla at han skulle gravleggast i monumentet. Det har lenge blitt hevda at han sjølv ikkje hadde ønske om å bli gravlagt her, men at denne beslutninga blei teken av den nye kongen, Juan Carlos. Mykje tyder likevel på at det heile tida var Franco sin plan at han også skulle gravleggast i monumentet, i følge blant anna vitneutsagn til arkitekten.¹⁰⁷ Gravlegginga var ein storstilt seremoni med omlag 30 000 tilskodarar, blant dei kongen. Kista hans blei køyrt frå Madrid til Dei falnes dal i ein åpen bil. Bisettinga var kringkasta på offentleg TV, og det var erklært landesorg. Det spanske flagget, enno dekorert med våpenskjoldet til Franco i midten, hang på halv stong over heile Spania.

¹⁰⁶ Giles Tremlett, *Ghosts of Spain: Travels through Spain and Its Silent Past* (Bloomsbury Publishing USA, 2008), 71–73.

¹⁰⁷ José Carlos Rueda Laffond, "Medios, imágenes y memoria: el Valle de los Caídos" (Universidad Complutense de Madrid, 2016), 61, <https://eprints.ucm.es/38116/>.

Med Franco si gravlegging i Dei falnes dal blir det bevist at monumentet ikkje berre er eit symbol på borgarkrigen, men også på heile regimet. I følge diktaturet blei Spania redda av nasjonalistane, og ved å gje Franco denne betydningsfulle plassen blir han til ei personifisering av opphavsmyta og ein landsfader i diktaturet sine auger. Franco sin posisjon i monumentet gjer også at den forsonande rolla til Dei falnes dal blir mindre truverdig, da han ikkje fall under borgarkrigen. Ved å gravlegge han her, såg regimet for seg at monumentet framleis skulle vere ein samlingsplass for regimet der opphavsmyta fortsatt kunne leve. Endringar i den politiske situasjonen gjer at det likevel ikkje er dette minnet styresmaktene prøver å knyte til monumentet i åra som følgjer.

Det nye regimet gjer klar for overgang

Franco sitt mål for framtida var at regimet skulle leve vidare i følge Giles Tremlett.¹⁰⁸ Framtida til diktaturet skulle sikrast ved å halde fram med å kombinere den opphavsbaserte og den prestasjonsbaserte legitimeringa. Gravlegginga av Franco i Dei falnes dal viser at opphavsmyta framleis skulle spele ei rolle i Spania sjølv når Franco var død. Demokrati var ikkje ein del av Spania si framtid i følge Franco, men i staden skulle eit autoritært styre halde fram gjennom kongehuset. Franco hadde demonisert demokratiske parti og hevda at folkestyre var umogeleg for Spania, gjennom å peike på den kaotiske spanske republikken og hevda at denne var årsaka til at landet vart kasta ut i ein borgarkrig.¹⁰⁹ For Franco var Dei falnes dal ei forsikring om at diktaturet og deira syn på borgarkrigen ikkje skulle bli gløymd i framtida. For å sikre framtida til regimet utnemner Franco prins Juan Carlos, arvtakar til den spanske kongetrona, til sin etterfølgjar. Juan Carlos kom frå kongeslekta Bourbon, som hadde regjert i Spania sidan 1700-talet, men kongehuset hadde vore i eksil sidan far hans blei avsett og den spanske republikk blei oppretta i 1931. Franco hadde hoppa over eit ledd i kongerekka då han henta tilbake prinsen i til Spania i 1947. Juan Carlos hadde i fleire år blitt innvia av Franco til den nye rollen. Dei hadde vore nære venner, og dei siste åra hadde han delt balkong med Franco under sigersparaden. Juan Carlos var ei vidareføring av militærdiktaturet og skulle halde fram med å styre med den legitimiteten som opphavsmyta gav han i følge Franco.¹¹⁰ Samstundes knytta kongetittelen diktaturet og fortida saman. Spania skulle igjen vere eit kongedømme slik som historia tilsa, og diktaturet var ein garantist for denne tradisjonen ved å re-etablere denne institusjonen.

¹⁰⁸ Tremlett, *Ghosts of Spain: Travels through Spain and Its Silent Past*, 72.

¹⁰⁹ Aguilar, *Memory and Amnesia: The Role of the Spanish Civil War in the Transition to Democracy*, 230.

¹¹⁰ Viejo-Rose, *Reconstructing Spain: Cultural Heritage and Memory after Civil War*, 152; Tremlett, *Ghosts of Spain: Travels through Spain and Its Silent Past*, 73.

Det var derfor på ingen måte gitt at demokratiet skulle avløyse det autoritære regimet kort tid etter Franco sin død. Nyhenda om dødsfallet til Franco utløyste ikkje nokon omgåande kollaps av regimet. Hans død var derimot ei lenge forventta hending der Franco sjølv hadde planlagt at Juan Carlos skulle utnemnast som etterfølgjar.¹¹¹ Han blei krona til konge to dagar etter dødsfallet. Regimet var innstilt på å halde på makta etter Franco sin død, men dei var usamde om korleis ein skulle gjere dette, i følge Marcus Buck.¹¹² Den reaksjonære gruppa i regimet, búnkers, overtok regjeringsmakta etter dødsfallet. Dei ønskte å bevare samfunnet mest mogleg uendra, og nekta å gå med på reformer. Desse hadde framleis betydeleg makt gjennom deira koplingar til hæren. Dei såg på det som viktig å halde fram med å fremje diktaturet sitt minne om borgarkrigen, da deira legitimitet, lik Franco, framleis bygde på opphavsmakta.¹¹³ Aguilar meiner at diktaturet var tett knytt til figuren Franco, og hadde bygd mykje legitimitet på diktatoren sin personlege karisma.¹¹⁴ Dette kan også tolkast som at búnkers brukte opphavsmakta for å vise kontinuitet mellom regimet og Franco.

Etter eit år ved makta måtte búnkers gje frå seg makta til aparturistas. Dødsfallet til Franco gjorde at opposisjonen hadde håp om ei endring, men då búnkers ikkje starta med noko form for opning av samfunnet, førte dette til demonstrasjonar og streikar over heile landet. Hadde opphavsmakta mista sitt truverde når sjølve hovudpersonen, Franco, var borte? Denne uroa førte til at den reformvillige delen av diktaturet overtok makta i 1976.¹¹⁵ Leia av Adolfo Suarez byrja aparturistas å starte demokratiske prosessar og samtaler med opposisjonen. Dei satsa på at den prestasjonsbaserte legitimeringa av regimet også ville kunne gi makt, sjølv ved eit endra politisk system. I følge Buck har dette samanheng med at eit regime som kan peike på økonomisk suksess, har større sjølvtrillit til å starte ein demokratiserande prosess. Dei var sjølvsikre på deira evne til å skape utvikling i siste del av diktaturet, ville gje dei ei viktig rolle i framtida, sjølv med eit endra politisk system.¹¹⁶ Dei heldt fram med si prestasjonsbaserte legitimering, ved å argumenterte for at den økonomiske framgangen Spania hadde hatt dei siste åra, gjorde det mogeleg å få til ein fredeleg overgang til demokrati. I denne forteljinga hadde Franco og diktaturet sikra stabiliteten som gjorde at dette var mogleg. På denne måten verka det

¹¹¹ Aguilar, *Memory and Amnesia: The Role of the Spanish Civil War in the Transition to Democracy*, 168.

¹¹² Buck, *The Exemplary Transition from Authoritarianism: Some Notes on the Legacy of Undemocratic Decision-Making in Spain*, 1614.

¹¹³ Aguilar, *Memory and Amnesia: The Role of the Spanish Civil War in the Transition to Democracy*, 204.

¹¹⁴ *Ibid.*, 147–148.

¹¹⁵ Buck, *The Exemplary Transition from Authoritarianism: Some Notes on the Legacy of Undemocratic Decision-Making in Spain*, 1615.

¹¹⁶ *Ibid.*, 1613.

som at Franco sjølv hadde planlagt ei demokratisering av landet, medan han tvert imot hadde innsett Kongen med det formål at han skulle vere einerådig leiar av landet.¹¹⁷ Etter kvart vart alle politiske parti gjort lovlege. Valet i 1977 sette saman det nye parlamentet som skulle bestemme den nye grunnlova. På denne måten starta regimet overgangen til demokrati innanfrå. Dei nytta dei eksisterande institusjonane og lovene frå regimet, men gjorde dei om slik at dei også kunne brukast i framtida. På denne måten kunne aparturistas sikre ei viss påverking også i framtida for både dei sjølve og resten av eliten frå diktaturet.

Aguilar viser til at dragkampen mellom dei to delane av regimet er tydeleg i den langvarige og omstridde prosessen der opphavsbasert legitimering blei mindre viktig.¹¹⁸ Overgangen måtte skje gradvis og forsiktig, slik at hæren og búnkers ikkje kjende seg truga. Sjølv om dette hadde starta på 60-tallet med aukande vekt på prestasjonsbasert legitimering, så var det fyrst no som Franco var død at opphavsmyta blei truga. Dei reformvillige politikarane oppfatta det politiske minnet til regimet, opphavsmyta, som eit hinder i liberaliseringsprosessen dei hadde sett i gang, da den peika tilbake på den splittande borgarkrigen i staden for den økonomiske utviklinga og stabiliteten som dei sjølve ønskte å framheve. Markeringane og symbola knytt til opphavsmyta blei gradvis tona ned etter at aparturistas kom til makta, men til stor motstand frå militæret og búnkers. Reformvillige regimepolitikarar ville fjerne sigersparaden til minne om avslutninga på borgarkrigen 18. april, og erstatte den med ein meir nøytral paradedag som dei kalla “dei væpna styrkers dag”, på ein dato som ikkje hang saman med borgarkrigen. Også i Dei falnes dal fortsette markeringa av viktige merkedagar gjennom overgangen, men mindre omfattande for kvart år som gjekk. Fjerning av opphavsmyta svekka makta til búnkers samstundes som den styrka aparturistas. Dei gradvise opningane i samfunnet ville vere vanskelege å reversere for dei reaksjonære og hæren utan å bruke valdelege midlar mot folket. På denne måten starta dei reformvillige politikarane ein prosess som var vanskeleg å stogge. Den siste store markeringa som blei gjort i Dei falnes dal, var markering på dødsdagen til Franco og Jose Antonio eit år etter, i 1976. Dette var ei stor markering der alle ministrar og kongen sjølv var på plass og hylla den avøde diktatoren.

Fortida som lærebok

Trass i at det hadde gått 35 år sidan krigen var slutt, så var det aldri kome til forsoning mellom dei to partane. Dette gjorde at det var høg spenning under heile overgangen. Trass i ei moderering i språket til den vinnande sida utover 60-tallet, så var framleis

¹¹⁷ Aguilar, *Memory and Amnesia: The Role of the Spanish Civil War in the Transition to Democracy*, 236.

¹¹⁸ *Ibid.*, 208.

opphavsmyta ein viktig del av det spanske samfunnet. Det eksisterte ei uro over kva for konflikhtar som ulma under overflata, og at desse uløyste problema kunne komme opp i dagen igjen og føre til ny konflikt.¹¹⁹ Minnet om borgarkrigen hadde vore ein stor del av kvardagen gjennom diktaturet sin minnepolitikk og prega framleis befolkninga under overgangen. Derfor hadde fortida ei viktig rolle å spele under overgangen som ein lærdom om ei tid ein måtte unngå.

Diktaturet hadde hatt monopol på narrativet om borgarkrigen dei siste 35 åra, noko som påverka spanjolar si tolking av den. Franco hadde hatt tid til å sementere sitt bilete på fortida i følge historikaren Paul Preston.¹²⁰ Sjølv om dei mest splittande og omstridde delene av opphavsmyta hadde blitt motteke med skepsis, så var det andre delar som verka meir truverdige. Aguilar viser korleis det modererte synet på fortida som gradvis vart fremja saman med den prestasjonsbaserte legitimeringa av regimet i mykje større grad verka truverdig.¹²¹ Spanjolar flest sat derfor med ei oppfatning av at skulda for borgarkrigen måtte delast mellom den demokratisk valde regjeringa og dei nasjonalistiske opprørarane. Under overgangen var det derfor ei oppfatning om at utbrotet av krigen var eit slags kollektivt ansvar der samfunnet hadde brote saman, som stundom blei kalla for ein ‘kollektiv galskap’.¹²² At krigen starta med eit kuppforsøk og at nasjonalistane hadde drive ein brutal utreinskingskrig både under og etter konflikten, blei på mange måtar sekundært i denne lærdomen. Kuppforsøket blei sett på som legitimt på grunn av manglane til den spanske republikken, og utreinskningane under krigen blei heldne for å vere like omfattande frå begge sider.

Aguilar peiker spesielt på at ein ønskte å unngå det høge konfliktnivået som hadde rådd før borgarkrigen, i frykt for at dette ville føre til ny konflikt. Moderasjon og forhandlingar var viktig for overgangsprosessen, og sett på som nødvendige verkemiddel for å unngå ein ny konflikt. Det blei eit mål i seg sjølv at overgangen til demokrati skulle skille seg frå situasjonen under den spanske republikk som hadde vore prega av folkeleg mobilisering, agitering og krass retorikk mot politiske motstandarar. Spesielt frykta ein for at eit marginalt fleirtal skulle tvinge gjennom endringar som på nytt kunne splitte befolkninga i

¹¹⁹ Andrew Rigby, “Amnesty and Amnesia in Spain,” *Peace Review* 12, no. 1 (March 1, 2000): 77; Aguilar, *Memory and Amnesia: The Role of the Spanish Civil War in the Transition to Democracy*, 149.

¹²⁰ Giles Tremlett, “The Spanish Holocaust by Paul Preston – Review,” *The Guardian*, March 9, 2012, <http://www.theguardian.com/books/2012/mar/09/spanish-holocaust-paul-preston-review>.

¹²¹ Aguilar, *Memory and Amnesia: The Role of the Spanish Civil War in the Transition to Democracy*, 150–170.

¹²² *Ibid.*, 209.

to.¹²³ Den brutale karakteren borgarkrigen fekk, var eit resultat av at den spanske republikken hadde feila, i følge ein stor del av den spanske befolkninga. Spanjolane hadde ikkje vore klare for demokrati på dette tidspunktet, ifølge narrativet til diktaturet som langt på veg blei akseptert av ein stor del av befolkninga. Men no, etter 35 år med fred og økonomisk utvikling sikra av regimet, var Spania klart for demokrati i følge *aparturistas*.¹²⁴ På denne måten kan vi seie at minnepolitikken som blei laga under overgangen var ei slags blanding av det politiske minnet frå diktaturet og det sosiale minnet som enno levde både hjå vinnarar og taparar. Ein kan tolke dette som at frykta for ei ny konflikt påverka det kollektive minnet om krigen til å finne ein slags middelveg der skulda blei fordelt og ingen av sidene blei utpeika som syndebukkar. Medan lærdomane frå fortida påverkar samtida, er også desse lærdomane tolka ut i frå dei oppfatta behova i samtida. På denne måten kan vi seie at det er eit dynamisk forhold mellom fortid og notid, som til slutt bestemmer kva det kollektive minnet blir.

35 år med diktatur hadde vore med å prega verdiane og mentaliteten til befolkninga. Fleirtalet av befolkninga var kort sagt ikkje villige til å bytte vekk dei fordelene dei hadde fått under Francoregimet mot demokrati for ein kvar pris. Spanjolar flest kunne godta å moderere krava sine om fridom og rettferd for å sikre ei fredeleg framtid, i følge Aguilar. Befolkninga var heller ikkje vande med tanken om demokrati eller liberale verdier. Dei siste 35 åra hadde dei vore statistar i samfunnet der beslutningane vart tekne utan at dei hadde moglegheit til å påverke.¹²⁵ Viljen til konfrontasjon fanst primært i dei politiske ytterpolane. Fleire regionar kravde anten lausriving eller autonomi. Overgangen var den perioden da den baskiske separatistorganisasjonen ETA var mest aktiv, samstundes som ytre venstre ønskte hemn over diktaturet etter mange år med undertrykking. Dei fyrste åra etter borgarkrigen var prega av brutal utreinsking og tortur leia av hæren. Sjølv om tilhøva for regimemotstandarar hadde betra seg under den siste perioden, sat framleis mange opposisjonelle i fengsel eller hadde blitt torturert av regimet. I dei siste åra avretta framleis regimet medlem av ETA den venstreradikale organisasjonen FRAP.¹²⁶ Men den største frykta var at ein konflikt kom gjennom eit militærkupp, likt det som hadde starta borgarkrigen, da dei militære leiarane og búnkers var dei som hadde mest å tape på endring.¹²⁷ Mellom 1975 og 1980 døydde omlag 1000 spanjolar av politisk vald, politisk

¹²³ Ibid., 162–165.

¹²⁴ Ibid., 236.

¹²⁵ Ibid., 151.

¹²⁶ Aguilar, "Justice, Politics, and Memory in the Spanish Transition," 116.

¹²⁷ Buck, *The Exemplary Transition from Authoritarianism: Some Notes on the Legacy of Undemocratic Decision-Making in Spain*, 1617–618. Aguilar, "Justice, Politics, and Memory in the Spanish Transition," 97.

motivert terrorisme og i demonstrasjonar.¹²⁸ Dette viser at spenningsnivået var stort under heile overgangen og at ein fredeleg overgang ikkje på noko tidspunkt var sikkert.

Minnet om borgarkrigen gjorde derfor at overgangen var prega av både konflikt og toleranse. Oppfatninga om at sjansen for ei ny konflikt var stor, gjorde at det store fleirtalet på begge sider var innstilt på å moderere krava sine. Mykje av denne frykta kom av at situasjonen syntes å likne på på den som hadde vore før borgarkrigen, og på denne måten fungerte fortida som lærdom for heile den spanske befolkningen i følge Aguilar.¹²⁹ I tillegg hadde 35 år med hatretorikk frå Franco påverka mentaliteten til folk, slik at dei framleis oppfatta fiendskapet mellom dei to sidene som stort. Samstundes er det fleire som peikar på at det var eit heilt anna klima under overgangen, som gjorde at sjansen for ein ny borgarkrig var liten.¹³⁰ Den internasjonale situasjonen på 70-talet var ein heilt annan enn på 30-talet. Kampen mellom motstridande ideologiar prega ikkje verda på same måte, og økonomisk utvikling hadde minska motsetningane i samfunnet.

Høgresa sitt syn på fortida

Med overgangen til demokrati tilpassa det gamle regimet seg dei demokratiske spelereglane som dei sjølv innførte med sikte på å behalde makta.¹³¹ Dei organiserte seg som høgre og høgre-sentrumparti under overgangen. Alianza Popular bestod hovudsakleg av dei tidlegare búnkers frå francotida som ønskte ein sterk kontinuitet med fortida, og hadde framleis mykje makt på grunn av deira tette band til hæren. Dei teikna eit positivt bilete av diktaturtida, og framheva den økonomiske utviklinga som hadde skjedd under Franco. Dei stod for eit framhald av Franco sitt styre, og brukte dermed både den utdaterte opphavsmitta og den prestasjonsbaserte legitimeringa. Både dei og militæret åtvare spesielt mot kommunistpartiet og meinte at ytre venstre framleis utgjorde ein trugsel mot Spania.¹³²

Union de Centro Democrático, UCD, blei leia av statsministeren frå regimet, Adolfo Suárez, og orienterte seg mot sentrum-høgre. Dei bestod i stor grad av reformvillige politikarar som hadde som mål å behalde makta ved å bevege seg mot sentrum.¹³³ UCD

¹²⁸ Aguilar, "Justice, Politics, and Memory in the Spanish Transition," 96.

¹²⁹ Aguilar, *Memory and Amnesia: The Role of the Spanish Civil War in the Transition to Democracy*, 150–161.

¹³⁰ *Ibid.*, 162–163.

¹³¹ José Amodia, "Union of the Democratic Centre," *Democratic Politics in Spain: Spanish Politics after Franco*, 1983, 7.

¹³² Aguilar, *Memory and Amnesia: The Role of the Spanish Civil War in the Transition to Democracy*, 224–226.

¹³³ Buck, *The Exemplary Transition from Authoritarianism: Some Notes on the Legacy of Undemocratic Decision-Making in Spain*, 1628.

og Suarez sitt viktigaste budskap i valkampen var at dei var best eigna til å unngå ein ny konflikt. Dei forkasta den gamle opphavsmyta og nytta seg berre av den prestasjonsbaserte legitimeringa. Dei prata om forsoning og fordeling av skuld likt det dei hadde vektlagt i slutten av diktaturperioden. Borgarkrigen var eit delt ansvar på heile det spanske folket. Venstresida var like mykje å klandre som regimet, og det var nødvendig å legge fortida bak seg og gløyme for å kunne gå vidare. På denne måten ville dei også kunne unngå konsekvensar for dei overgrepa dei sjølv hadde delteke i mot opposisjonen. Dei representerte både kontinuitet og brot med fortida, gjennom å peike på at dei var den yngre generasjon som hadde vakse opp etter krigen, samstundes som dei kunne lene seg på den utviklinga som hadde skjedd frå 60-talet og utover. Dei meinte at det var denne generasjonen som var best eigna til å unngå nye konflikter. Dei vektla moderasjon, stabilitet og toleranse. Sentrum var det einaste alternativet som kunne motverke den polariseringa som hadde skjedd under den spanske republikken i følge dei sjølve.¹³⁴

Trass i at UCD prata om å legge fortida bak seg, ønskte ikkje dei å fjerne symbola frå diktaturperioden. Dei falnes dal skulle fortsette å bli avpolitisert, slik som diktaturet hadde byrja med på 60-talet. Da hadde Dei falnes dal blitt presentert som eit symbol som heile tida var laga for begge sider og som viste utanlandske gjester og media at landet var forsona etter borgarkrigen. Men med tida vart denne budskapen også formidla til det spanske folk gjennom aparturistas. Den opphavlege betydninga var blitt nedtona, men aldri fjerna frå Dei falnes dal. Med Franco sin død ønskte dei reformvillige politikarane å fjerne denne opphavsmyta frå monumentet på same måte som den var fjerna frå anna offentleg bruk. Stockey skriv at ein i staden vektla symbola i Dei falnes dal som peikte lenger tilbake, til dømes på gullalderen og samanhengen mellom katolisismen og det spanske samfunnet.¹³⁵ Ein kan dermed tolke det re-presenterte biletet av Dei falnes dal som eit viktig symbol på UCD sitt budskap om delt skuld, men også som eit symbol på deira tradisjonelle verdigrunnlag. I tillegg viste monumentet til at eit slikt budskap hadde eksistert under diktaturet, og bevist at dei, den yngre generasjon av diktaturet, allereie hadde jobba for ei forsoning av heile landet. I deira auge var dermed Dei falnes dal eit bevis på at landet var forsona, og det beste no var å legge fortida bak seg. Men samstundes skulle dei andre symbola til diktaturet, dei som ikkje va re-presentert som symbol på forsoning, også bli ståande i følge UCD. Dette kan tyde på at partiet aldri ønskte å dekonstruere opphavsmyta, men såg på borgarkrigen og Franco som ei naudsynt

¹³⁴ Aguilar, *Memory and Amnesia: The Role of the Spanish Civil War in the Transition to Democracy*, 230–256.

¹³⁵ Stockey, *Valley of the Fallen: The (N)ever Changing Face of General Franco's Monument*, 73.

hending for landet sin stabilitet og utvikling, sjølv om dette aldri blei sagt. Franco sitt nærvær i Dei falnes dal trass i at monumentet skulle avpolitiserast, kan også tolkast i den retninga av at opphavsmyta blei akseptert, sjølv om den var teken ut av bruk.

Opposisjonen sitt syn på fortida

Dei venstreorienterte partia var delte i synet på fortida. I kva grad trong overgangen eit oppgjer med fortida? Måtte enkelte urettar dei sjølve hadde blitt utsett for, verte gløymt for å kunne komme vidare? Den meir radikale delen av venstresida krevde eit oppgjer med fortida og eit kraftig brot med regimet. Dei argumenterte for ein radikal og omveltande politikk og kravde ei total endring av samfunnet, da det systemet som eksisterte no var basert på eit undertrykkande regime. Samstundes var frykta blant dei venstreorienterte stor for eit kuppforsøk frå militæret, som hadde mykje å tape på eit kraftig brot med fortida. Kommunistane og sosialistane var den historiske syndebukken for Franco, som hadde brukt dei siste 35 åra på å svartmåle deira revolusjonære politikk. Militæret hadde motsett seg å lovleggjera kommunistpartiet, men aparturistas hadde gjort det likevel for å kunne sikre eit politisk system som omfatta alle partar og som verka truverdig. Den meir moderate sida av venstrepartia ønskte derfor å kome det reformvillige regimet i møte og å samarbeide for å sikre ein fredeleg overgang. Dei meinte på same måte som UCD at toleranse og tilgjeving var naudsynt for eit nytt Spania.¹³⁶

Opposisjonen bestod av parti som hadde røter tilbake til den republikanske regjeringa og den spanske republikken. Dei viktigaste landsdekkande partia var Partido Comunista Espanola, PCE og Partido Social Obrero Espanola, PSOE, som også hadde eksistert under den spanske republikken og vore blant dei partia som hadde leia kampen mot dei nasjonalistiske opprørarane.¹³⁷ I staden for at denne kontinuiteten til ei tidlegare demokratisk periode verka som ei fordel for venstresida no som landet skulle demokratiserast på nytt, så framstod det som ei svakheit sidan denne perioden hadde vore fylt av konfliktrar ein ville unngå under overgangen. Det historiske narrative som hadde blitt innprenta i spanjolar dei siste 40 åra av diktaturet, gav all eller store deler av skulda for borgarkrigen til republikken. Sjølv om mykje av det politiske minnet til Franco stod i motsetning til det levande sosialt minne, kan vi seie at det eksisterte ei erfaring frå republikken om at venstresida ikkje kunne styre på ein moderat og beherska måte, men i staden oppfordra til folkeleg mobilisering og nærast total endring av samfunnet, noko som

¹³⁶ Paloma Aguilar and Francisco Ferrándiz, "Memory, Media and Spectacle: Interviú's Portrayal of Civil War Exhumations in the Early Years of Spanish Democracy," *Journal of Spanish Cultural Studies* 17, no. 1 (January 2, 2016): 2–4, 22.

¹³⁷ Buck, *The Exemplary Transition from Authoritarianism: Some Notes on the Legacy of Undemocratic Decision-Making in Spain*, 1615.

hadde leia ut i krig. Når enkelte sosialistiske leiarar nytta seg av radikal retorikk mot det etablerte styret og hevda at det var naudsynt med ei total endring av det spanske samfunnet, så vekte dette minnet om perioden som hadde ført til borgarkrigen.

Dei nasjonale minoritetane og regionale identitane var undertrykt og marginalisert under heile diktaturperioden. Medan undertrykkinga mot opposisjonen på eit nasjonalt nivå hadde minska under diktaturet på 60- og 70-talet, hadde kampen mellom regimet og separatistar auka. Ein viktig del av Franco sin minnepolitikk hadde vore å konstruere ein spansk nasjon med røter til ein på kastiljansk identitet. Franco hadde ikkje tillate noko form for nasjonal identitet eller fridom til dei tradisjonelle nasjonane Baskerland, Katalonia eller Galicia, og undertrykt deira språk og kultur. For diktaturet hadde dette berre vore undergrupper av den spanske identiteten med opphav frå det kastiljanske området. Dette hadde ført til auka motsetningar mellom senter og periferi under heile diktaturperioden, noko som i staden hadde auka dei regionale identitetane.¹³⁸ Regionale politiske organisasjonar og separatistar hadde kjempa ein bitter kamp mot det sentrale styret der tusenvis var drept eller sett i fengsel av regimet. Desse områda forventa eit nytt politisk system etter overgangen til demokrati, der krava varierte mellom autonome område til total lausriving frå Spania. Også blant den nye opposisjonen og deler av den gamle eliten var det rekna som naudsynt at det no vart ei form for regionalt sjølvstyre, men i kva grad var omdiskutert, og var blant dei mest vanskelege spørsmåla under overgangen. Ei oppsplitting av landet var den største frykta for hæren og den ytre høgresida, som såg på det som si rolle å halde landet samla og bevare den kastiljanske identiteten sitt overherredømme. Ei kvar form for regional identitet og autonomt styre kunne tolkast som eit steg mot deling av det gamle kongeriket for desse gruppene.¹³⁹

Alternativt narrativ på fortida

Dei mest radikale delane av venstresida forsøkte å utvikle eit narrativ om borgarkrigen og diktaturperioden som var i strid med tanken om delt skuld og forsoning. I denne framstillinga av fortida var dei nasjonalistiske opprørarane ansvarlege, og borgarkrigen hadde ført til eit brutalt militærregime som tok livet av fleire hundretusen av spanjolar på få år. Fremst i kampen om å fremje dette narrative stod vekebladet *Interviú* i følge Aguilar og Ferrandiz.¹⁴⁰ Dei skilte seg frå alle andre massemedia som i stor grad dreiv med sjølvensur kring fortida på grunn av frykta for ein ny borgarkrig og tanken om

¹³⁸ Sebastian Balfour and Alejandro Quiroga, *The Reinvention of Spain: Nation and Identity since Democracy* (Oxford University Press, 2007), 46.

¹³⁹ *Ibid.*, 55–58.

¹⁴⁰ Aguilar and Ferrándiz, "Memory, Media and Spectacle: *Interviú*'s Portrayal of Civil War Exhumations in the Early Years of Spanish Democracy," 3.

naudsynt forsoning. Interviu var eit blad som braut med verdiane til det gamle regimet på alle måter. Dei er skildra som eit blad som levde på alt som hadde vore umogleg å skrive om under regimet: nakenheit, korrupsjon og politiske skandalar, og til slutt regimet sin undertrykking og massedrap i fortida. Journalistane var i all hovudsak tidlegare regimemotstandarar som såg på bladet som ein arena for å kunne gå til angrep på den uretten dei sjølv var blitt utsett for, samstundes som dei hadde lite å tape da dei allereie var blitt marginaliserte i samfunnet. Fleire av journalistane hadde blitt torturert av det gamle regimet, og dei hadde alle bakgrunn frå venstreradikale, hemmelege organisasjonar som dreiv med all slags uloveleg undergrunnsarbeid, til og med attentat mot det gamle regimet.¹⁴¹

Interviu skildra det undertrykkande regimet og terrorveldet på ein måte som var unik for heile overgangsperioden, i følge Aguilar og Fernandez. Den viktigaste måten tidsskriftet kommuniserte dette på var ved å dekke opninga av massegraver under overgangsperioden, da etterlatne frå den tapande sida framleis leitte etter sine sakna slektningar. Det traumatiske minnet frå borgarkrigen levde framleis. Diktaturet si nekting av å gravleggje dei frå den tapande sida i anna enn umerka massegraver gjorde at dei etterlatte endå ikkje hadde fått nokon avslutning på krigen, men minnet i staden verka som eit opent sår. Sjølv om diktaturet sin minnepolitikk hadde vore å fjerne minnet til den tapande sida, hadde den omsynslause undertrykkinga i staden halde det i livet. Massegravene frå borgarkrigen og dei blodige åra som følgde beviste i følge Interviu både at nasjonalistane var skuldige i borgarkrigen og den brutale undertrykkinga som følgde. Ein torde å ta opp dette no som regimet gradvis slapp opp og ein i mindre grad frykta represalier for å, bokstavelig talt, grave i fortida. Nokon av desse gravopningane starta allereie før starten på overgangen. Dei som leita etter sine sakna fekk ikkje nokon form for offisiell støtte og heller ikkje dei store riksdekkande dagsavisene ville dekke deira kamp. Interviu fekk skildringar frå tidsvitne til overgrepa, og meinte at denne kunnskapen måtte ut til samfunnet før vitna var borte. Det var no berre eit mindretal av den spanske befolkninga som hadde opplevd borgarkrigen, og Interviu såg på det som deira plikt at denne kunnskapen ikkje forsvann ut av samfunnet. Mellom 1976 og 1981 hadde bladet 14 omfattande reportarsjar der dei viste til massegraver rundt omkring i heile landet, og tusenvis av gravlagde. Forteljarstilen var det ein kan kalle for spektakulær, der ein med groteske skildringar fortalte om massedrap, overgrep og funn av levningar etter menneske som hadde lidd ein valdsam død. Målet var, i følge dei sjølv, å hindre at noko slikt skjedde igjen. Medan resten av pressa frykta for at

¹⁴¹ Ibid., 9.

ei slik dekning kunne føre til ein ny krig, såg Interviu på det som ein fare for at liknande kunne skje igjen dersom den brutale framferda blei gløymt av samfunnet.¹⁴²

I november 1976 gir Interviu ut det Aguilar og Fernandez beskriv som det aller fyrste åttaket på Francoregimet, men går ikkje vidare inn på artikkelen i si forskning på opning av massegraver. Går vi til orginalkjelda, ser i at artikkelen omhandlar Dei falnes dal, og er skriven av Eliseo Bayo, ein kontroversiell journalist som tidlegare hadde delteke i ein venstreradikal terrororganisasjon, og vore fengsla og torturert av regimet.¹⁴³ Det har tidlegare blitt hevda at boka *La verdadera historia del Valle de los Caídos* av forfattern Daniel Suiero var den fyrste publikasjonen som sette søkelys på dei omstridde sidene ved monumentet,¹⁴⁴ men denne boka kom ikkje ut før i 1977, etter artikkelen frå *Interviu*. Her avslører Interviu i spektakulær forteljarstil den eigentlege bakgrunnen til monumentet og tilhøva da det vart bygd. Dei viste korleis betydninga til monumentet ikkje var forsonande, men heller var laga for å fremje skilnaden mellom vinnarar og taparar gjennom å peike på dei samtidige utreinskingane som føregjekk medan monumentet vart bygd.¹⁴⁵ Samstundes avslørte dei korleis monumentet var bygd av tusenvis av regimemotstandarar som gjorde særst farleg og tungt arbeid under særst dårlege forhold.¹⁴⁶ Til slutt kritiserte dei også dei store kostnadane som monumentet førte til, under ei periode der landet var råka av store økonomiske kriser som førte til svolt blant befolkninga.¹⁴⁷ Dette tidlege forsøket på å konfrontere fortida gjennom Dei falnes dal, før artiklane om massegravene, viser kor viktig monumentet var som eit symbol på diktaturet.

Den kastiljansk-nasjonale dimensjonen ved monumentet kan ein rekne med var omstridd også i regionane. For dei var også Dei falnes dal eit symbol på undertrykking av deira regionale identitet av den sentrale makta. Monumentet var eit nasjonalt symbol som stadfesta det sentrale styret og dei historiske banda til dei kastiljanske monarkane som hadde fått herredømme over resten av Spania på 1500-talet. Dei falnes dal var plassert inn i det kastiljanske kjerneområdet, med andre nasjonalmonument frå kastiljanske regentar i same området. Monumentet samla falne frå dei ulike regionane i landet og tok dei vekk frå deira opphavlege fødestader, dei lokale kyrkjegardane og slagmarkene der mange hadde falle primært for å beskytte sin region. Dei regionale identitetane hadde vore viktige

¹⁴² Ibid., 21.

¹⁴³ Ibid., 9.

¹⁴⁴ Solé, "The Valley of the Fallen: A New El Escorial for Spain," 5.

¹⁴⁵ Eliseo Bayo, "La Historia Secreta Del Valle de Los Caídos," *Interviu*, November 25, 1976, 16.

¹⁴⁶ Ibid.

¹⁴⁷ Ibid., 15.

på begge sider av krigen, men dette perspektivet på borgarkrigen som ein krig også mellom ulike område i Spania var undertrykt av regimet.

Bladet *Interviú* blei grunnlagt i 1976 under det vakuemet som eksisterte i overgangen. *Interviú* og andre radikale stemmer prøvde å påverke det kollektive minnet til befolkninga gjennom å ta opp undertrykte minne som braut med det nasjonale narrative som diktaturet fremja. Bladet var det desidert mest lesne spanske vekemagasinet i perioden, og hadde ein million lesarar i 1976 og tre millionar i 1978, noko som tilsvarte 20% av den spanske vaksne befolkninga.¹⁴⁸ 1978 var også året med flest artiklar om avdekking av massegraver. Med andre ord så var narrativet bladet prøvde å få igjennom, kjent blant heile befolkninga. Bladet var ekstremt omdiskutert og blei omtalt som farleg for freden av politikarar på både venstre og høgresida. Redaksjonen mottok tusenvis av trugslar frå høgreradikale. Samstundes var dette ei periode der lovene var uklare, og regimet gradvis slapp opp på sensuren. Domstolane og politiet var framleis styrt av regimet. Dette gjorde at bladet stadig var klagt og dømt for brot på lova. *Interviú* lanserte eit alternativt narrativ om fortida, men denne vegen innebar eit oppgjør som kunne føre til konflikt, og blei derfor motarbeida av mange både frå regimet og den nye opposisjonen.

Moderasjon og samarbeid

Valet i 1977 førte til ein borgarleg siger, men ikkje stor nok til at dei kunne styre landet på eiga hand. UCD og Suarez var valvinnaren. Aguilar meiner at dette kom av at dei spegla den stemninga som var ute blant befolkninga.¹⁴⁹ Det viktigaste var ikkje eit nytt og liberalt demokrati, men heller eit stabilt styre og moderasjon. UCD hadde nok kontinuitet frå fortida til at dei kunne vise til ein slik stabilitet. Samstundes som deira reformarbeid viste at dei var dedikert til ei endring av samfunnet. Dei knytte seg med andre ord til det positive ved regimet, medan dei tok avstand frå det upopulære og omstridde, som til dømes opphavsmyta.¹⁵⁰ Deira valsiger viste at ein stor del av befolkninga aksepterte deira narrativ om fortida og borgarkrigen, og som bygde vidare på minnet frå siste tida av diktaturperioden. Dette innebar at borgarkrigen var ei tragisk hending der diktaturet og motstanderane måtte dele skulda likt mellom seg. Samstundes var landet framleis splitta i synet på i kva grad det nye styret skulle byggje på ein kontinuitet med fortida eller eit brot. UCD hadde ikkje eit klart fleirtal men kunne alliere seg med det meir konservative

¹⁴⁸ Aguilar and Ferrándiz, "Memory, Media and Spectacle: *Interviú's* Portrayal of Civil War Exhumations in the Early Years of Spanish Democracy," 7–8.

¹⁴⁹ Aguilar, *Memory and Amnesia: The Role of the Spanish Civil War in the Transition to Democracy*, 236–237.

¹⁵⁰ Buck, *The Exemplary Transition from Authoritarianism: Some Notes on the Legacy of Undemocratic Decision-Making in Spain*, 1626.

AP som i stor grad stod for ei vidareføring av Francodiktaturet. Venstresida på si side innsåg at deira konfronterande line og ønskje om eit kraftig brot med fortida ikkje hadde hatt den ønskje effekta. Store deler av befolkninga oppfatta denne retorikken trugande og ikkje i takt med deira eiga oppfatning av fortida, som framleis var påverka av narrativet til regimet og den prestasjonsbaserte legitimeringa.

Det ein oppfatta som lærdomar frå borgarkrigen og frykta for eit militærkupp gjorde at dei store partia valde å gå saman og samarbeide etter valet i 1977. Partane som forhandla seg i mellom var primært den nye opposisjonen, PSOE og PCU, og det gamle regimet AP og UCD. Den nyvalde parlamentsforsamlinga skulle utarbeide ei ny grunnlov, og dette innebar å løyse fleire vanskelege problem knytta til Spania si framtid. Mest opprivande av desse var i kva grad ein skulle ha regional autonomi i område som Katalonia og Baskerland, noko som også var svært betente spørsmålet for militæret. Det var under denne perioden fleire rykte om at militærkupp var nær føreståande.¹⁵¹ Derfor oppfatta dei forhandlande partia at ein måtte oppnå ei brei semje, samstundes som ein ikkje gjorde noko som kunne utløyse reaksjonære handlingar frå dei mest konservative.

Undertrykkinga under regimet hadde ført til eit krav om autonomt styre frå desse historiske regionane. Samstundes var det stor motvilje mot å gje desse områda særbehandling som kunne tolkast som ei favorisering framfor dei områda med kastiljansk identitet. Dette ført til at grunnlova gav alle regionar ei stor grad av indre sjølvstyre, samstundes som regionane i lita grad kunne påverke det sentrale styret. Dette gjorde at dei historiske regionane ikkje følte at grunnlova vektla deira unike identitet i stor nok grad, men berre såg på dei som variasjonar innanfor den spanske nasjonen.¹⁵²

Måten den gamle eliten og nye opposisjonen samarbeide på har gjort at overgangen i Spania liknar på ei pakt, i følge Buck.¹⁵³ Dei to partane forhandla med kvarandre og blei einige om kompromiss som både sider kunne akseptere. Eit viktig trekk ved dette samarbeidet var at det blei gjort med få aktørar og utan særleg innsikt i forhandlingane frå befolkninga. Under heile overgangen var store avgjerder tekne av eit fåtal individ frå dei store partia, slik at forhandlingar kunne skje uforstyrra og ein auka sjansane for å kome til einigheit. Dette gjorde at pakta braut med demokratiske prinsipp, samstundes som forhandlingane gjekk ut over interessene til andre deler av samfunnet, som regionale parti. Til dømes så blei den nye grunnlova utarbeidd av eit utval på berre sju personar. Tanken

¹⁵¹ Ibid., 1618–1620.

¹⁵² Balfour and Quiroga, *The Reinvention of Spain: Nation and Identity since Democracy*, 199.

¹⁵³ Buck, *The Exemplary Transition from Authoritarianism: Some Notes on the Legacy of Undemocratic Decision-Making in Spain*, 1621.

om at utfallet av forhandlingane måtte kunne akseptast av begge partar var viktig, slik at ein skilte seg frå “fleirtalets tyranni” som ein meinte hadde vore ei viktig årsak til borgarkrigen. I følge Aguilar var prinsippet om at overgangen skulle skilje seg frå den andre republikk så viktig at målet for forhandlingane ofte var å komme til eit kompromiss mellom partane meir enn å finne gode løysingar.¹⁵⁴ På denne måten kunne begge partar sikre seg medbestemming og påverking på framtidens politikk sjølv om ein part sjeldan fekk det akkurat som den ville. Dersom ein stilte for radikale krav, kunne situasjonen kome ut av kontroll, og eit militærkupp kunne stoppe overgangen, eller i verste fall føre til ein ny krig. Dette gjorde at spesielt venstresida modererte krava sine i frykt for å ende opp med å bli tilsidesett. Ei viktig årsak til at ei slik pakt blir inngått mellom samfunnselitane, er nettopp å hindre konflikt, ved å skape ei felles einigheit innanfor eit avgrensa tidsrom.

Eit vedtatt kollektivt minne

For å kunne bli enige om framtida innsåg begge sider at dei måtte kunne legge fortida bak seg. Borgarkrigen eller diktaturperioden skulle ikkje kunne brukast som pressmiddel i politikken i framtida, men vere “off limits” for å hindre ei ny oppriveande konflikt. Denne avtalen om å gløyme fortida har i ettertida blitt kalt ‘Pacto de Olvidado’ eller ‘Gløymslepakta’. Men for å kunne legge fortida bak seg trongst det ei viss form for einigheit om kva som hadde skjedd. Dersom det var for stor usemje, for stor forskjell mellom minna som fanst i samfunnet, var det stor sjanse for at konflikten raskt ville blusse opp att. På same måte som partane sette seg ned for å avgjere kva framtid Spania skulle ha, vedtok dei også kva fortid landet hadde hatt. Ein rekna behovet for eit felles minne om den splittande fortida for avgjerande dersom ein skulle klare å etablere eit nasjonalt fellesskap og unngå ei ny konflikt i framtida. På denne måten handla Gløymslepakta også for ein stor del om å fastslå eit felles minne som begge partar kunne akseptere like mykje som ei rein gløymsle av fortida. UCD si framstillinga om ei delt skuld og eit forsona folk som hadde byrja under aparturistas, var det narrative som blei vald. Denne forteljinga verka til å ha størst støtte i det sosiale minnet til befolkninga.¹⁵⁵ Samstundes var prinsippet om ei delt skuld det som hadde minst sjanse til føre til ei ny konflikt. Det tyder på at det var ei felles semje om å gløyme dei forholda som blei rekna for splittande og traumatiske, sjølv om det var over 30 år sidan det hadde skjedd. På denne måten var minnet i Spania framleis politisk bestemt, distribuert ovanfrå og ned. Dette narrative om fortida var svært likt slik som aparturistas hadde lagt det fram under sin prestasjonsbaserte legitimering; UCD var også deira arvtakarar. På denne måten var ikkje det kollektive minnet som blei

¹⁵⁴ Aguilar, *Memory and Amnesia: The Role of the Spanish Civil War in the Transition to Democracy*, 166.

¹⁵⁵ *Ibid.*, 232–237.

innført noko nytt, men heller ei kontinuitet av den prestasjonsbaserte legitimeringa av diktaturet. På denne måten kan vi tenke oss at dette minnet blei godteke både fordi det hadde fått etablere seg over ei viss tid, samstundes som det blei sett i samanheng med den positive økonomiske utviklinga som også aparturistas representerte. Redsel for militærkupp og eit regime som hadde klart å vise til framgang, gjorde at diktaturet også fekk påverking i det nye politiske systemet. For majoriteten i den spanske befolkninga var fred, stabilitet og framgang viktigare enn openheit og rettferd.

Vi kan sjå på innføringa av amnestilova i 1977 som ei formalisering av gløymlepakta. Den innførte juridisk amnesti for alle politiske lovbrott frå borgarkrigen fram til overgangen. Verken regimemotstandarar eller overgrep frå diktaturet skulle kunne dømmast i framtida. Men debatten rundt lova viser at lova ikkje vart oppfatta likt frå begge sider.¹⁵⁶ Hovudformålet med lova skulle vere å frikjenne regimemotstandarar og akseptere deira kamp mot diktaturet, både under borgarkrigen og det påfølgjande regimet. Regimet oppfatta ikkje at dei sat med noko skuld knytta til dei overgrepa som var begått. Ikkje på noko tidspunkt var det aktuelt at overgripingarane skulle straffast for deira lovbrott under overgangen. Med den nye amnestilova blei også dette umogleg. Dette viser at regimet sitt narrativ hadde hatt ei stor påverking på samfunnet si oppfatning om skuld for borgarkrigen. Lova var likevel langt meir forsonande enn dei tidlegare benådingane regimet hadde gjennomført. Medan benådingane var ensidige handlingar som ikkje endra ei oppfatning om skuld til motstandarane av regimet, fjerna amnestilova sjølve lovbrottet. Dette gav trass alt større grad av oppreising til regimemotstandarar, og var eit av fleire forsøk på å etablere ei slags likevekt mellom dei ulike partane, utan å seie noko om dei lovbrota som blei gjort av regimet. På denne måten kan vi seie at amnestilova også var med på å etablere narrativet om delt skuld.¹⁵⁷

Artiklane og lesartala til Interviu viser at Spania kunne ha vald eit anna narrativ enn det som UCD foreslo. I staden viser utviklinga til magasinet at den spanske befolkninga aksepterte narrativet om delt skuld når venstresida og høgresida gjekk saman og etablerte gløymlepakta. Lesartala til Interviu stupte etter 1978. Dette var tidspunktet da grunnlova blei vedteken, og kan sjåast på som ei slags stadfesting av den einigheita mellom dei to sidene.¹⁵⁸ Ei ny kraftig nedgang i 1981 tyder også på at tryggingssituasjonen var viktig for kva narrativ spanjolane valde. Dette året opplevde Interviu ei bølge med vald mot seg frå

¹⁵⁶ Ibid., 198–199.

¹⁵⁷ Ibid.

¹⁵⁸ Aguilar and Ferrándiz, “Memory, Media and Spectacle: Interviu’s Portrayal of Civil War Exhumations in the Early Years of Spanish Democracy,” 6.

høgrekestremistar som gjorde at dei starta med ei viss form for sjølv-moderering av innhaldet sitt. 23. februar det same året tok deler av militæret og politiet heile parlamentet til gislar, og håpte på at dette ville føre til at resten av dei væpna styrkene støtta dei i kuppet. Då kongen fordømte angrepet på parlamentet, gav kuppemakerane opp. Hendinga viser at frykta for tilbakeslag under overgangen var reell, og mange medier vart enda meir forsiktige med innhaldet sitt etter dette. Ein viss oppgang i opplaget for Interviu i 1982 kan stadfeste at tryggingsspørsmålet var sensitivt for lesarane, da dette var året da PSOE, det sosialdemokratiske partiet, tok over regjeringsmakta. Mange såg med dette på overgangen som fullført, i og med at opposisjonen endeleg hadde kome til makta.

Venstresida, likt arvtakarane etter regimet, hadde likevel klare fordeler ved gløymslepakta. Spesielt det største og mest moderate partiet, PSOE, valde å gjenskape seg sjølv med eit intenst fokus på framtida gjennom modernisering og vektlegging av europeisk samarbeid. På denne måten skapte dei ein ny nasjonal identitet for spanjolar som ikkje hadde tilknytning til den splittande fortida. Dei satsa på unge representantar og gav inntrykk av at dei var eit nytt parti, i staden for å ta opp igjen deira band til den andre republikken. Medan enkelte venstreorienterte organisasjonar, som kommunistpartiet, hadde kjempa mot regimet under heile diktaturperioden, hadde PSOE fyrst kome på bana i siste del av diktaturet. PSOE endra kursen sin etter valet i 1977 da dei erfarte at befolkninga ikkje var interessert i eit oppgjær med fortida slik som dei sjølv hadde føreslått i starten av overgangen, og derfor slo seg til ro med tanken om delt skuld og ei delvis gløymsle av fortida. PSOE klarte å bruke gløymslepakta til noko positivt, slik den overlegne valsigeren i 1982 viser.¹⁵⁹ Det same året forsvann også den førre valvinnaren UCD etter dårlege valresultat og indre splitting. Trass i at overgangen var over og arvtakarane til regimet hadde mista regjeringsmakta, heldt PSOE fram med å nytte det same kollektive minnet. AP, partiet som var grunnlagt av búnkers, stod etter dette som det einaste større nasjonale partiet på høgresida. Dette førte til at Spania i praksis hadde eit toparti-system fram til etter 2000. PSOE behaldt makta i 14 år, heilt fram til 1996. Dette viser at gløymslepakta gagna begge sider godt. Ingen såg lenger nytte i noko stortstilt oppgjær med fortida, sjølv om det etter kvart ikkje var noko frykt for fleire militærkupp.¹⁶⁰

Under overgangen hadde det spanske folk vald å sjå bort ifrå prinsippet om rettferd for dei tusenvis som hadde blitt undertrykt av regimet, slik som Interviu hadde forsøkt å få til. Eit slikt krav ville sette heile overgangen i fare. I staden valde ein ei forteljing om ei delt

¹⁵⁹ Buck, *The Exemplary Transition from Authoritarianism: Some Notes on the Legacy of Undemocratic Decision-Making in Spain*, 1628.

¹⁶⁰ Balfour and Quiroga, *The Reinvention of Spain: Nation and Identity since Democracy*, 85.

skuld. Overgangen i Spania viser at behovet i notida er viktigare enn den faktiske historia når det kjem til å skape eit kollektivt minne, slik som Halbwachs hevdar. Prisen for å skape eit felles minne om borgarkrigen i Spania, var at det traumatiske minnet til taparane måtte gløymast.

Avpolitisering av Dei falnes dal

Ein aksept for narrativet til UCD gjorde derfor at Dei falnes dal beheldt betydninga si som eit forsonande monument, og stod uendra etter overgangen til demokrati. Dei demokratiske regjeringane etter overgangen fortsette å hevde at dette var den opphavlege betydninga, noko aparturistas hadde byrja med i slutten av diktaturperioden. Dei nye regjeringane hevda med dette at Dei falnes dal ikkje formidla opphavsmyta, slik den opphavlege betydninga var, trass i at Franco no var gravlagt der, og det elles ikkje var gjort nokon endringar av monumentet sidan det vart bygd.

Det viktigaste den demokratiske regjeringa gjorde for å stadfeste den forsonande betydninga til monumentet, var å avpolitisere monumentet også for det spanske publikumet og mystifisere bakgrunnen og diktaturet. Det vart underlagt staten sin administrasjon av nasjonalarv, slik at det vart plassert i same kategori som andre nasjonale monument og gjort til ein del av ein større kulturarv. Det blei plassert i same kontekst som dei omkringliggjande byggverka frå Gullalderen, og blei eit av dei mest besøkte monumenta av utanlandske turistar. Den religiøse rolla blei vektlagt, og det blei framstilt som eit katolsk monument som peikte på eit fleire hundre år gammalt band mellom Spania og katolisismen, i staden for den opphavlege og kontroversielle samanhengen mellom diktaturet og kyrkja. På denne måten framstod Dei falnes dal som eit tidlaust monument som peika på nokre generelle verdiar i staden for opphavsmyta til Franco.¹⁶¹

Stockey viser at eit viktig grep for å avpolitisere monumentet var å overføre tekstane i dei engelske informasjonshefta om monumentet til det spanske publikumet. Desse hadde vore laga under diktaturet for eit utanlandsk publikum, som ein del av ein større innsats for å få regimet til å verke meir liberalt og mindre undertrykkande enn det faktisk var, slik at Spania fekk delta i vestleg økonomisk samarbeid. Dette budskapet var blotta for splittande retorikk og omstridde begrep som regimet hadde nytta seg av, som til dømes “korstog”, “martyrar” og liknande. Dei falnes dal blei presentert i dei offisielle guidebøkene som eit monument som heile tida skulle heidre alle som fall under borgarkrigen, heilt sidan monumentet var påbegynt. Her blir det berre stadfesta at falne frå begge sider av krigen

¹⁶¹ Stockey, *Valley of the Fallen: The (N)ever Changing Face of General Franco's Monument*, 72–80.

blei gravlagt her. I praksis var det store fleirtalet av dei gravlagde frå den nasjonalistiske sida. Bruken av krigsfangar eller deira arbeidsforhold blei heller ikkje nemnt. Franco si rolle som initiativtakar til bygginga av monumentet var utelaten, samstundes som grava hans i monumentet berre er nemnt med ei setning under den nøytrale forma “statsoverhovud”. Regimet eller konteksten for monumentet blir ikkje omtala i desse informasjonshefta, og på denne måten blei regimet sin undertrykkande karakter fjerna frå betydninga til monumentet. Alle desse forholda var dokumentert av Interviuú, men likevel valde den demokratiske regjeringa å utelate denne informasjonen. Dette vitnar om ei selektiv gløymse eller form for sensur som Assmann kallar “aktiv gløymse” og tilseier at ein fjernar uønskte element frå historia for å skape eit spesifikt minne, her om eit Spania som var forsona etter borgarkrigen.¹⁶² Den nye regjeringa si framstilling av Dei falnes dal vitnar om at regimet sine overgrep var eit uønska element i denne forteljinga, da ein meinte at dette kunne splitte landet. Dette budskapet blei stadfesta av informasjonsbrosjyrer frå 1985, 1999 og 2008.¹⁶³

Eit viktig poeng som visar at den forsonande tolkinga vart akseptert av opposisjonen, var at flyttinga og gravlegginga av nye falne frå borgarkrigen fortsette heilt fram til 1983, året etter PSOE overtok regjeringsmakta.¹⁶⁴ Dette vitnar om at Dei falnes dal heldt fram med å tene som nasjonal samlingsplass også etter overgangen til demokrati. At gravlegging i monumentet heldt fram etter overgangen kan også vere med på å vise at sjølv om krigen ikkje skulle omtalast, så var dei påståtte lærdomane frå krigen viktig i det spanske samfunnet også etter overgangen til demokrati. Borgarkrigen var ei tragisk hending heitte det, og noko liknande måtte unngåast på nytt for ein kvar pris. Samstundes er det mykje som tyder på at narrativet om delt skuld og forsoning ikkje blei akseptert av dei som hadde blitt hardast råka av regimet og borgarkrigen. Beretninga om private initiativ der etterlatne leitar etter sine kjære, slik som Interviuú skildra, viser at ikkje alle følgde det offentlege narrativet om ei delt skuld og gravlegging av fortida. Men på grunn av konsensusen i den større del av befolkninga om å legge fortida bak seg, så påverkar ikkje desse initiativa det felles minnet. Etter at Interviuú si dekning av saka stilna, dukkar ikkje eit slikt alternativ til det offentlege minnet opp før på 2000-talet. Ofra etter borgarkrigen blei nedprioritert og undertrykt i det nasjonale minnet til fordel for biletet av eit homogent kollektivt minne, slik som gløymsepakta dikterte. Det kom ikkje noko alternativt narrativ om borgarkrigen under regjeringstida til PSOE, og heller ingen store nye mediedekningar som sette monumentet i eit kritisk lys likt det som hadde skjedd under overgangen.

¹⁶² Assmann, “Canon and Archive.”

¹⁶³ Stockey, *Valley of the Fallen: The (N)ever Changing Face of General Franco's Monument*, 88.

¹⁶⁴ Solé, “The Valley of the Fallen: A New El Escorial for Spain.”

Markeringar blant nostalgiske regimetilhengerar skjedde kvart år den 20. november, utan at dette fekk større merksemd i nasjonale medier. På den andre sida prøvde det ekstreme venstre å råke monumentet, både ved motdemonstrasjonar og forsøk på å bombe monumentet i 1962, 1999 og til slutt i 2005 utan at desse aksjonane tok liv eller gjorde større skade.¹⁶⁵

Enkelte forskarar har likevel hevda at gløymslepakta ikkje blei respektert i det nye demokratiet, og peikar på fleire ulike situasjonar der minnet om borgarkrigen blei brukt og utfordra. Trass i motvilja mot å diskutere krigen i det offentlege rom, så fatta befolkninga stor interesse for konflikten i følge Carolyn P. Boyd. Denne interessa blei møtt med bøker, seriar og filmar. I 1986 var det minst 15 000 ulike titlar om borgarkrigen.¹⁶⁶ Heller ikkje i akademia følte alle seg bundne av gløymslepakta. Fleire av den yngre generasjon historikarar sette i gang med å undersøke krigen gjennom dei mange arkiva som blei tilgjengelege etter overgangen. Målet var å drive ei objektiv historieskriving basert på skriftlege kjelder, og minst mogleg påverka av dei subjektive oppfatningane til dei som hadde opplevd krigen. Den tyske historikaren Walther R. Bernecker skreiv at utfallet av denne forskinga var eit balansert syn på fortida som ikkje ligg så langt frå dagens oppfatning innanfor akademia. I løpet av 90-talet blei det til dømes gjort statistiske undersøkingar i arkiva for å forsøke å kvantifisere overgrepa til dei to sidene under borgarkrigen, og under diktaturet etter krigen. Resultata støtta langt på veg opp om Interviu sine påstandar om at den nasjonalistiske utreinskinga fullstendig hadde overgått den republikanske, samstundes som ein blei klar over dei store tala på avretta også etter krigen.¹⁶⁷ Trass i at dette sikkert har mogleggjort den opninga av fortida som har kome i seinare år, førte desse funna og publikasjonane ikkje til at det offentlege synet på fortida blei revidert med ein gong. Vi kan tvert i mot sjå på dette som ei stadfesting på at det var ei slik gløymslepakt, da desse publikasjonane ikkje førte til noko større konflikt i samfunnet, og blei unngått brukt i ei politisk samanheng, noko Aguilar har peika på var det primære målet med pakta.¹⁶⁸

¹⁶⁵ Alejandro Requeijo, "Las Tres Veces Que Atentaron Con Explosivos En El Valle de Los Caídos," www.vozpopuli.com, October 13, 2019, https://www.vozpopuli.com/espana/atentados-explosivos-valle-caidos-exhumacion-franco_0_1290471052.html.

¹⁶⁶ Carolyn P. Boyd, "The Politics of History and Memory in Democratic Spain," *The Annals of the American Academy of Political and Social Science* 617, no. 1 (May 1, 2008): 135.

¹⁶⁷ Walther Bernecker and Others, "Democracia Y Superación Del Pasado: Sobre El Retorno de La Memoria Histórica Reprimida En España," *La Cultura de La Memoria. La Memoria Histórica En España Y Alemania*, (57-73). Madrid: Iberoamericana, 2009, 57–60, <https://core.ac.uk/download/pdf/304709063.pdf>.

¹⁶⁸ Aguilar, "Justice, Politics, and Memory in the Spanish Transition."

Vidareføring av eit minne

Det var ikkje berre gjennom Dei falnes dal at minnet og symbola til diktaturet eksisterte etter overgangen. Alle minnesmerke og monument etter diktaturet blei ståande som ein del av forståinga om å ikkje ta eit oppgjær med fortida eller fordømme det tidlegare regimet. Også gater og plassar oppkalla etter nasjonalistiske heltar frå borgarkrigen og viktige leiarar frå regimeperioden, beholdt namna sine. I motsetning til Dei falnes dal var ikkje desse monumenta re-presentert med ei forsonande meining, men stod med same betydning som den dagen det var sett opp, for å støtte opp under opphavsmyta. Overalt i Spania stod det monument etter falne nasjonalistar og sigersmonument på plassar der Francos styrker hadde vunne over fienden. At desse minnesmerka som kan knytast direkte saman med den kontroversielle opphavsbaserte legitimeringa fekk stå, kan også forklarast ut frå tryggingssituasjonen. Dette minnet var stadig beskytta av element frå den gamle og reaksjonære delen av regimet som enno kunne påverke tryggingssituasjonen. Dei væpna styrkene heldt fram som ein så og seie identisk institusjon etter overgangen til demokrati. Endringar innanfor desse institusjonane vart ikkje forsøkt gjennomført i frykt for å tirre dei gamle sigerherrane.¹⁶⁹

Det var berre eit fåtall av offentlege stadar som minnst den tapande sida i Spania, og desse var stort sett ført opp på privat initiativ. Eit monument for alle falne blei innvia i Madrid i 1985 av kongen, utan at dette monumentet fekk noko stor merksemd eller betydning.¹⁷⁰ Dette nye monumentet, som var tiltenkt same rolle som Dei falnes dal, kan tolkast som at styresmaktene ikkje heller sjølv heilt meinte at det opphavlege monumentet var tilstrekkeleg forsonande. Den plassen som i størst grad symboliserte eit minne om Franco sine overgrep under borgarkrigen, var Guernica.¹⁷¹ Regimet hadde heile tida nekta for bombinga av den ikoniske byen som hadde vore utan militære styrkar på tidspunktet for angrepet, og skulda på at dette var den republikanske sida sin udåd. Trass dette fanst det mange vitne som fortalde om at det var tyske bombefly frå kondor-legionen som bomba byen på vegne av dei nasjonalistiske styrkane. Under overgangen kom dette sosiale minnet opp idagen igjen etter mange år med undertrykking, og Guernica blei avslørt som eit bevis på diktaturet sine overgrep og forsøk på å dekke over dei. Dette eksempelet viser oss at sjølv eit autoritært styre ikkje har mogelegheit til å etablere eit politisk minne som heilt kan fortrenge det sosiale minnet. Når Dei falnes dal ikkje blei avslørt på same måte trass forsøka til Interviu, kan dette kome av at monumentet allereie

¹⁶⁹ Ibid., 106–107.

¹⁷⁰ Aguilar, *Memory and Amnesia: The Role of the Spanish Civil War in the Transition to Democracy*, 208.

¹⁷¹ Viejo-Rose, *Reconstructing Spain: Cultural Heritage and Memory after Civil War*, 170–182.

var oppfatta som eit symbol på delt skuld. Som vi har sett forsøkte regimet over fleire år å gjere om på betydninga til monumentet. Dette gjorde at det til å passe inn i det narrative som blei vidareført i overgangsperioden, noko som ikkje hadde skjedd med Guernica.

Bruken av det forsonande minnet i Dei falnes dal etter demokratiet og heilt fram til 2000-talet, kan derfor sjåast på som eit resultat av ei blanding av aksept av fortida, frykt for nye kupp og forsøk på å etablere eit kollektivt minne som kunne famne om det store fleirtalet av spanjolar. Denne bruken og avpolitiseringa av monumentet vitnar om ein heilt bevisst minnepolitikk også frå det nye styret, som også innebar gløymse av dei som hadde blitt undertrykt av regimet. Deira behov for rettferd blei nedprioritert til fordel for det ein meinte var fellesskapet sitt beste. Ei forklaring på kvifor dette minnet varte så lenge etter at opposisjonen tok over makta og frykta for eit militærkupp var nærast borte, kan vere at ein såg det som naudsynt å bevare det kollektive minnet. Ein frykta at mangelen på ein slik felles referansebakgrunn kunne verke øydeleggende på samfunnet. Den spanske identiteten var allereie utfordra av mylderet av regionale identitetar.

Ei anna medverkande forklaring på soliditeten til gløymslepakta, kan vere at den blei oppfatta som ein del av grunnlaget for overgangen. Buck kallar demokratiseringa i Spania for ei 'overgang ved pakt', noko som inneber at overgangen var ei bindande avtale mellom dei to partane. Politikarane tolka at ein ikkje kunne røre ved ein del av pakta, einigheita om å ikkje behandle fortida, utan at det fekk store konsekvensar for resten av pakta som la grunnlaget for det politiske systemet. Narrative om fortida kunne ikkje endrast utan at det fekk store konsekvensar for notida. Vi kan tolke det som om at pakta 'forsegla' derfor det kollektive minnet knytta til Dei falnes dal. Buck skriv at medan ei slik pakt er det som mest sannsynleg gjev eit stabilt og langvarig styre, kan det også føre til visse demokratiske avgrensingar i ettertida. Pakta mellom den gamle eliten og den nye opposisjonen førte til at det blei ein arv etter det gamle diktaturet med inn i det nye systemet, samstundes som overgangen sjølv også sette preg på det politiske systemet og kulturen som følgde. Pakta skildra situasjonen i 1978, eit bilete på kor langt ein torde å gå i balansen mellom kontinuitet og brot med fortida. Sjølv om situasjonen endra seg etter det, så vart forholda som rådde da pakta blei inngått framleis gjeldande som ei ramme. Eit døme på dette er at grunnlova er stort sett uforandra sidan den blei laga i 1978.¹⁷² Dette begrensa seinare handlingsrommet til politikarane. Også arbeidsmåtene, lukka samtaler for å få til kompromiss mellom partene, var med på å avgrense det spanske demokratiet.¹⁷³

¹⁷² Balfour and Quiroga, *The Reinvention of Spain: Nation and Identity since Democracy*, 46.

¹⁷³ Buck, *The Exemplary Transition from Authoritarianism: Some Notes on the Legacy of Undemocratic Decision-Making in Spain*.

Det er mykje som tyder på at Dei falnes dal og andre minnesmerke var med på å normalisere forholdet til diktaturet og Franco da dei blei ståande. Sjølv om Francoregimet i stor grad blei borte under overgangen, fortsette det å leve vidare i monumenta dei skapte. Fleire har retta merksemd på at det er gjennom materialitet og fysiske stadar vi kjem i kontakt med fortida vår. Den materielle arven etter regimet er derfor med på å påverke samfunnet. Dersom regimet hadde vorte fordømt og ein ønskte eit tydelig brot med fortida, hadde det vore naturleg å fjerne denne materielle arven. Dette ser vi andre stader der regimer fell og statuer blir rive ned. Faktumet at monumenta står att, kan vere med på å skape aksept for diktaturet og verdiane det representerte. I følge kunstforskarar som Jose Manuel Barros er det umogeleg å skille det kunstneriske uttrykket ved eit monument og den politiske betydninga.¹⁷⁴ Den retolka betydninga til Dei falnes dal som eit forsonande og tolerant monument kan derfor vere med på å tillegge denne meininga til Francoregimet i ettertida, trass i at det vart laga som ei del av ei splittande opphavsmyte. Etter overgangen var det fleire bryllaup i basilikaen i Dei falnes dal, samstundes som monumentet i fleire år har vore blant dei mest besøkte turistattraksjonen i Spania. Denne bruken av monumentet i andre rollar enn den tiltenkte kan tyde på ei normalisering av forholdet til francotida. Ei rekkje beskrivingar frå utanlandske turistar og statsleiarar, også etter overgangen, vektlegg det storslegne og estetiske rundt monumentet og forklarar den forsonande rolla til monumentet og regimet.¹⁷⁵

¹⁷⁴ Barros García, "Political Artefacts, Aesthetics and Heritage: The Valley of the Fallen."

¹⁷⁵ Stockey, *Valley of the Fallen: The (N)ever Changing Face of General Franco's Monument*, 85.

2000 - i dag: Eit splitta minne

Forsøket på å begrave fortida fungerte i hovudsak fram til 2000. Men gløymslepakta, semja frå overgangen mellom diktaturet og demokrati, blir satt på prøve når fortida vert ein del av den politiske agendaen. Det rådande narrativet om delt skuld og forsoning blir utfordra frå ulike hald. Dei falnes dal blir med dette senter for ein større minnekonflikt knytt til borgarkrigen og diktaturet, der fleire ulike forteljingar om fortida dukkar opp att. Det heile kulminerer med flyttinga av Franco i oktober 2019. Kva var årsaka til at fortida ikkje kunne gravleggjast? Overgangen si rolle i det spanske samfunnet blir i samband med dette viktig for å forstå det som ofte blir framstilt som eit uforståelig vern om Dei falnes dal og narrativet det skulle symbolisere.

Massegravene blir attfunne

I 2000 blei massegravene frå borgarkrigen opna på nytt, også denne gongen av etterkomarar som leitte etter sine slektningar. No var det ikkje lenger ektefeller eller barn av dei avdøde som stod i spissen for leitinga, slik det hadde vore i den fyrste bølga med opning av massegraver, men barnebarna. Journalisten og sosiologen Emilio Silva fann bestefaren sin i ei massegrav i regionen Leon saman med tolv andre menn i oktober 2000. Bestefaren hadde vore medlem av det lokale sosialistiske partiet, og byen hadde blitt teken av nasjonalistane kort tid etter krigen braut ut. Han blei avretta av fanlangistiske paramiltære i oktober 1936. I samband med funnet publiserte Silva eit lesarbrev i den lokale avisa under tittelen “Min bestefar var også ein av dei forsvunne” (“Mi abuelo también fue un desaparecido”). I lesarbrevet peika han på dobbeltmoralen i det spanske samfunnet som på dette tidspunktet førte ei rettssak mot den tidlegare chilenske diktatoren August Pinochet. Spania hadde enno ikkje behandla si eiga fortid eller gjort noko for å finne dei tusenvis som framleis var sakna etter den spanske borgarkrigen og militærdiktaturet.¹⁷⁶

Funna til Silva utløyste ei bølge av opningar av massegraver frå borgarkrigen og det påfølgjande diktaturet. Ei rekkje forskarar peikar på dette som starten på minnekonflikten som i dag pregar det spanske samfunnet.¹⁷⁷ Tusenvis byrja å leite etter sine slektningar som framleis var sakna. Massegravene var ikkje registrert eller merka av overgriparane, noko som gjorde leitearbeidet vanskeleg og tidkrevjande. I motsetning til dei tidlegare

¹⁷⁶ Francisco José Martín Ferrándiz, “Guerras sin fin: guía para descifrar el Valle de los Caídos en la España contemporánea,” *Política y sociedad* 48, no. 3 (2011): 481–500.

¹⁷⁷ Boyd, “The Politics of History and Memory in Democratic Spain,” 143; Balfour and Quiroga, *The Reinvention of Spain: Nation and Identity since Democracy*, 86; Ferrándiz, “Unburials, Generals, and Phantom Militarism: Engaging with the Spanish Civil War Legacy.”

utgravingane vart det no brukt rettsvitskapeleg framgangsmåte og moderne teknologi, som DNA-undersøkingar. Dette gjorde at dei kunne fastslå kven dei fann levningar av, og samstundes kunne seie noko om korleis dei vart drepne. Mangel på tidsvitne vart vege opp av ny teknologi for å skildre hendingar i fortida. Resultata av utgravingane gav eit heilt anna syn enn det etablerte narrativet om ei delt skuld mellom dei to sidene. Etter overveldande mengder med funn av republikanske soldatar og sivile kom ein fram at det hadde foregått ei brutal utrydding av den tapande sida av Franco og nasjonalistane. Omkring 200 000 republikanarar blei avretta mot 50 000 nasjonalistar.¹⁷⁸ Samstundes vart grufulle forteljingar frå den tapande sida henta opp att etter mange år med gløymse. Desse funna gjorde at mange byrja å setje spørsmål ved det narrativet som var etablert under overgangen; om delt skuld og at landet var forsona. Opninga av massegravene blir peika på som starta av minnekonflikten i Spania.¹⁷⁹ Eg har forsøkt å vise at eit slikt konkurerrande narrativ om fortida hadde eksistert heilt sidan borgarkrigen var over, og fleire gonger har forsøkt å trenge ut i det offentlige rom, til dømes gjennom Interviu.

Funna til Silva starta ei grasrotrørsle for å ta opp att minnet om borgarkrigen og diktaturet, som det var blitt lagt lokk på under overgangen. Dei som leita samla seg i minneorganisasjonar som arbeidde på ulike måtar for å taka opp at denne undertrykte fortida. Organisasjonen og kostnaden av arbeidet blei teke av dei etterlatte sjølv, som ikkje fekk noko støtte frå staten eller andre aktørar i byrjinga. Den viktigaste av organisasjonane var starta av Silva sjølv og heitte Foreininga for atffinning av historisk minne.¹⁸⁰ Ikkje berre massegraver blei opna: ei rekke minnesmerke til minne om republikanske falne blei sett opp, og enkelte nasjonalistiske minnesmerke blei fjerna i område der venstreorienterte parti sat med den lokale makta. Arbeidet vart kjenneteikna av at det var ein brei folkeleg bevegelse utan noko sentral styring. Gjenopptaket av fortida i Spania fell dermed saman med det som har blitt kalla ein 'memory boom' av historikaren Jay Winter. Dette er ein internasjonal trend som starta nokre få år før, og blir vagt definert som ein framvekst av historiebruk på grasrot-nivå med anna fokus enn den nasjonale historia, som hadde vore det primære formålet for historiebruk tidlegare.¹⁸¹ Eit anna viktig poeng med denne trenden var offera si nye rolle i historieskrivinga. Dette kom av ei framhenting av holocaust-minnet, der holocaustofferane no vart sett på som aktive motstandarar av naziregimet og symbol på menneskeverd, der dei tidlegare hadde blitt sett på som passive offer for vald. Med dette vart levningane i massegravene i Spania symbol

¹⁷⁸ Preston, *The Spanish Holocaust: Inquisition and Extermination in Twentieth-Century Spain*.

¹⁷⁹

¹⁸⁰ Asociación para la Recuperación de la Memoria Histórica

¹⁸¹ Winter, "Notes on the Memory Boom."

på motstand mot diktaturet, og deira død vart sett inn i ein større samanheng og assosiert med allmenne verdiar som demokrati og menneskerettar.¹⁸² Ein FN-rapport slår fast at offera har ein “rett til å minnast” som eit ledd i bearbeiding av traumer, og minnesmerke er viktige i denne samanhengen. I denne rapporten blir Dei falnes dal framheva som eit minnesmerke som ikkje tek omsyn til offera sine minne.¹⁸³

Minnet om den tapande sida blei i all hovudsak løfta fram av etterkomarar. Dette tyder på at det sosiale minnet hadde overlevd i familiane, trass i diktaturet sitt forsøk på å fjerne minnet og gløymlepakta sin tilsynelatande suksess under overgangen. Assmann peiker på at det er dei traumatiske minna som i størst grad overlever generasjonsskilja. I ein artikkel om korleis etterkomarane av taparane henta fram igjen minnet om borgakrigen, vektlegg Aguilar og Ramirez-Barat den tredje generasjon si rolle i å henta fram igjen desse minna. Der viser dei korleis sorg og sagn hjå besteforeldra påverka dei i ei slik grad at det blei opplevd som deira eigne erfaringar. Det sterke engasjementet til etterkomarane kan forklarast ut i frå eit slikt overlevert sosialt minne. Sjølv om starten på minnekonflikten var prega av internasjonale trendar, så var det partikulære i den spanske historia viktig for forma det tok. Diktaturet og overgangen til demokrati prega måten konflikten utarta seg, noko vi skal sjå nærmare på snart.

Massegravene blir knytta til Dei falnes dal

Funna i massegravene utfordra betydninga til Dei falnes dal og førte til ny merksemd om monumentet. Narrativet om ein nasjonalistisk utryddingskrig og eit undertrykkande regime stod i sterk kontrast til det forsonande minnet som vart kommunisert gjennom Dei falnes dal. Den opphavlege betydninga til monumentet som eit symbol for vinnarane og deira splittande syn på fortida var gradvis blitt tona ned av den prestasjonsbaserte legitimeringa av diktaturet, før den var blitt erstatta under overgangen til demokrati med eit narrativ om delt ansvar. Det blei no retta ny merksemd mot at monumentet var bygd av det same undertrykkande regimet som var ansvarleg for massegravene. Kontrasten mellom gravstadane for dei to partane, eit nasjonalt monument mot umerka graver, blei tolka som eit bevis på den omsynslause undertrykkinga av den tapande sida også etter krigen.¹⁸⁴

¹⁸² Winter, “The Memory Boom in Contemporary Historical Studies.”

¹⁸³ U. N. General Assembly, “Report of the Special Rapporteur in the Field of Cultural Rights, F. Shaheed, ‘Memorialisation Processes’” (A/HRC/25/49, 2014).

¹⁸⁴ Ferrándiz, “Unburials, Generals, and Phantom Militarism: Engaging with the Spanish Civil War Legacy.”

Minneorganisasjonane meinte at Dei falnes dal var det største og mest omfattande symbolet på diktaturet, massedrapa og undertrykkinga.¹⁸⁵ Franco, hovudpersonen i denne udåden, låg gravlagt på heidersplassen i monumentet. Organisasjonane kritiserte overgangsprosessen for at det ikkje var teke noko oppgjer med fortida, men at det i staden blei skapt ein kontinuitet med diktaturet. Eliten heldt fram med å styre landet gjennom institusjonar som var identiske med dei som var før overgangen, som til dømes rettssystemet og det kongelige spanske akademiet for historie.¹⁸⁶ For minneorganisasjonane vart dermed behandling av fortida avgjerande for Spania si evne til å vere eit demokratisk land i dag. Kjernen i deira kamp var å fjerne amnestilova. Dette ville sikre både ei juridisk rettferd for den tapande sida, men også sette i gang eit storstilt oppgjer med fortida og overgangen.¹⁸⁷

Francisco Ferrandez viser at Dei falnes dal også fekk ei direkte kopling til opninga av massegravene. I bølga av utgravingar prøvde den pensjonerte ingeniøren Fausto Canales å finne levningane etter faren sin som hadde blitt avretta av falangistar i løpet av borgarkrigen. Han hadde blitt gravlagt saman med andre medlemmer av det sosialistiske partiet i ei massegrav. Då han og ei gruppe rettsmedisinerar grov der dei hadde fått vite at levningane låg, fann dei berre restar etter ei tidlegare utgraving. Faren og seks andre hadde blitt fjerna frå si opprinnelege grav utan at nokon kunne fortelje kven som hadde gravd dei opp, eller kvar dei hadde blitt flytta. Etter kvart dukka det opp rykte om at levningane hadde blitt gravd opp i 1959 og sidan flytta til Dei falnes dal. Etter omfattande leiting i ulike arkiv fann Canales til slutt dokument som viste at massegrava var opna opp av dei lokale myndighetene i 1959 og levningane var flytta til Dei falnes dal.¹⁸⁸

Medan dei republikanske falne tidlegare hadde vore framheva som eit forsonande element, så vart desse nye funna starten på ein dekonstruksjon av denne betydninga. Dette var det fyrste kjende eksempelet på at republikanske falne hadde blitt gravlagt i monumentet utan at etterlatne visste det eller var blitt spurt. Massegravene til republikanske falne hadde blitt utsett for gravplyndring av diktaturet. På denne måten hadde diktaturet forgrripe seg mot dei falne frå den andre sida også etter deira død, og brukt dei for å betre oppfatninga av regimet i utlandet. Medan dei nasjonalistiske falne hadde blitt gravlagt i Dei falnes dal under seremoniar betalt av staten, var dei republikanske falne stort sett ukjende individ

¹⁸⁵ Rubin, "How Francisco Franco Governs from beyond the Grave: An Infrastructural Approach to Memory Politics in Contemporary Spain," 217–219.

¹⁸⁶ Rubin, "How Francisco Franco Governs from beyond the Grave: An Infrastructural Approach to Memory Politics in Contemporary Spain."

¹⁸⁷ Ibid.

¹⁸⁸ Ferrándiz, "Guerras sin fin: guía para descifrar el Valle de los Caídos en la España contemporánea."

innlemma i monumentet utan noko form for merksemd. Dei falnes dal var no blitt ei massegrav med tusenvis av falne republikanarar som var fanga i monumentet til sine overgripingar, mot dei etterlatne si vilje.¹⁸⁹

Politisering av konflikten

Den aukande merksemda om minnekonflikten generelt og Dei falnes dal spesielt gjer at fortida igjen blir eit tema i den politiske debatten. Allereie i juni 2000, same år som opninga av dei fyrste massegravene, foreslår sosialdemokratane, PSOE, ei lov for parlamentet som fordømmer Francodiktaturet og gir offisiell støtte til utgravingane som har byrja. Alle dei politiske partia, inkludert PP, høgrepartet som sat med makta, bestemmer seg for å støtte forslaget. Etter det fyrste lovforslaget i år 2000 held venstresida fram med å foreslå ulike lovforslag som skal gjere opp for den gløymsla den tapande sida vart utsett for i forbindelse med overgangen. Grasrotbevegelsen knytta til massegravene og behandling av minnet om borgarkrigen, hadde fått så stor breidde at det påverka den politiske leiinga og dermed også det politiske minnet som blei kommunisert frå offisielt hald.¹⁹⁰ Var Spania klar for eit oppgjær med fortida?

Dei nye utgravingane utfordra den minnepolitikken som hadde blitt etablert under overgangen. Dette satte PSOE i eit dilemma. Dei hadde styrt samanhengande i 14 år, frå 1982 til 1996, med den legitimiteten dei fekk frå overgangen. Dei hadde respektert gløymslepakta og avstått frå å bruke fortida i heile denne perioden. Samstundes representerte dei også den tapande sida i borgarkrigen. Fleire andre har peika på at Zapatero var den fyrste tredjegerasjonsleiaren av PSOE som i all hovudsak var oppvaksen i eit demokratisk Spania, og ikkje på same måte påverka av fortida eller gløymslepakta.¹⁹¹ Han var ikkje bunden av pakta mellom den gamle eliten og den nye opposisjonen som hadde blitt inngått under overgangen, ettersom han ikkje hadde vore med på den. Forgjengaren Felipe Gonzales, som hadde vore med under overgangen, og sidan vart statsminister frå 1982 til 1996, hadde ingen ønske om å politisere fortida. Zapatero blei også den fyrste statsministeren som hadde bakgrunn frå den republikanske sida. Bestefaren hadde vore kaptein i den republikanske hæren, og blei avretta mot slutten av borgarkrigen.¹⁹² Vi kan med dette knytte Zapatero direkte til det sosiale minnet til taparane.

¹⁸⁹ Ferrándiz, "Unburials, Generals, and Phantom Militarism: Engaging with the Spanish Civil War Legacy," 69–70.

¹⁹⁰ Balfour and Quiroga, *The Reinvention of Spain: Nation and Identity since Democracy*.

¹⁹¹ Ibid., 87–88; Paloma Aguilar and Clara Ramírez-Barat, "Generational Dynamics in Spain: Memory Transmission of a Turbulent Past," *Memory Studies* 12, no. 2 (April 1, 2019): 225.

¹⁹² Balfour and Quiroga, *The Reinvention of Spain: Nation and Identity since Democracy*.

I følge Balfour var høgresida og det største partiet Partido Popular skeptiske til ei opning av fortida på grunn av deira posisjon som arvtakarar etter regimet.¹⁹³ PP hadde tidlegare heitt Alianza Popula. Vi har tidlegare sett at desse representert den delen av samfunnet som i minst grad ønska eit brot med diktaturet under overgangen. Politikarane i PP hadde opphavleg kome frå den mest reaksjonære delen av regimet, búnkers, som ønska ein sterk kontinuitet med diktaturet. Sjølv om det hadde gått over 20 år sidan overgangen, var framleis nokon av politikarane med bakgrunn i diktaturet sentrale i partiet.¹⁹⁴ Aguilar og Barat-Ramirez meiner at dette er eit teikn på at ein vesentleg del av Spania framleis såg på Franco som eit naudsynt onde som hadde sikra stabilitet og økonomisk framgang etter borgarkrigen.¹⁹⁵ Vi kan med dette sjå at den prestasjonsbaserte legitimeringa til diktaturet framleis hadde støtte blant ein del av befolkninga. Eit oppgjær med fortida ville kunne bety at PP mista ein stor del av veljarmassa si.¹⁹⁶ Høgresida sitt dilemma var at motstand mot fordømming av regimet kunne oppfattast som å erkjenne ein arv frå diktaturet. Gjennom å godta fordømminga i 2000 håpte PP på å leggje diskusjonen om fortida død. På denne måten kunne dei behalde narrativet om delt skuld og eit forsona samfunn, noko dei meinte Spania var avhengige av. Men kanskje like viktig: gløymslepakta hindra også at deira eiga fortid vart brukt mot dei. Med dette kan vi sjå at både høgre og venstresida måtte forhalde seg til ei tilknytning til fortida.

Lova om historisk minne

I 2004 vann PSOE og venstresida tilbake makta etter 8 år med høgrestyre. Med dette byrja dei arbeidet for å ta opp att det historiske minnet om diktaturet og borgarkrigen. Lite hadde skjedd etter den fyrste fordømminga i 2000. Det mest tydelege resultatet av det fornya arbeidet til PSOE er lova frå 2007 som populært blir kalla 'Lova om historisk minne'. Men med det meir presise namnet 'Lova som anerkjenner og forsterkar rettane og etablerer tiltak til fordel for dei som var offer for undertrykking eller vald under borgarkrigen og diktaturet'.¹⁹⁷ Hovudformålet til lova var å gjenopprette rettferd for den tapande sida. Vi kan seie at PSOE påtok seg ei rolle som arvtakarar av den tapande sida dei hadde delvis sagt frå seg under overgangen. Dette gjorde den ved å støtte dei etterlatne

¹⁹³ Ibid., 97–99.

¹⁹⁴ Ibid., 99.

¹⁹⁵ Aguilar and Ramírez-Barat, "Generational Dynamics in Spain: Memory Transmission of a Turbulent Past."

¹⁹⁶ Balfour and Quiroga, *The Reinvention of Spain: Nation and Identity since Democracy*.

¹⁹⁷ På spansk 'La Ley por la que se reconocen y amplían derechos y se establecen medidas a favor de quienes padecieron persecución o violencia durante la guerra civil y la dictadura', forkorta til 'Ley de Memoria Histórica' Viejo-Rose, *Reconstructing Spain: Cultural Heritage and Memory after Civil War*, 161.

gjennom ulike tiltak og økonomisk støtte til opning av massegravene. Lova fordømte Francodiktaturet, men anerkjente samstundes offera på begge sider. Minnelova tok også eit oppgjør med den materielle minnearven etter Franco. Rundt omkring i heile Spania stod det framleis ulike minnesmerker etter regimet og den vinnande sida i borgarkrigen. Ein del av gløymsepakta hadde gått ut på å la desse stå, men samstundes ta dei ut av offentleg bruk. I følge lova så normaliserte denne materielle arven forholdet til diktaturet. På mange måter deler lova oppfatninga til Barros om at den materielle arva skapte ei aksept for diktaturet. Lova om historisk minne gjorde det derfor ulovleg med minnesmerke som berre heidra den eine sida av konflikten på offentlege plassar.¹⁹⁸ Med dette måtte tusenvis av statuar som hedra den nasjonalistiske sigeren takast ned, gatenavn til minne om nasjonalistiske heltar eller sigrar måtte endrast.

Kva betydde dette for Dei falnes dal? Monumentet blei skildra som både det største sigerssymbolet til Franco, og samstundes som eit symbol på forsoning. Eit unntak i lova som gjaldt symbol med spesiell artistisk, arkitektonisk eller religiøs betydning gjorde at Dei falnes dal vart skjerma for øydelegging eller fjerning. Dei falnes dal er det einaste monumentet med ei eiga forskrift. I forskrifta stod det at det skulle regulerast som ein religiøs plass og ein offentleg gravplass. I det andre punktet stod det at det var ulovleg med politiske markeringar som heidra borgarkrigen eller nokon av sidene. Dette betydde i praksis at Dei falnes dal skulle fortsetje å eksistere som ein forsonande plass for begge sider. Lova aksepterte med dette langt på veg retolkinga av monumentet, medan den opphavlege betydninga blir fortia. Dette ser vi også i Stockey sine tolkingar av informasjonshefte for Dei falnes dal frå 2008, eit år etter lova om historiske minne. Her blir det hevda at monumentet var meinte for begge sider heilt sidan det blei opna.¹⁹⁹

Stockey meiner at baa sider av minnekonflikten var skeptiske til lova.²⁰⁰ Dei som støtta eit oppgjør med fortida, meinte at lova ikkje gjekk langt nok. Spesielt bevaringa av Dei falnes dal blei sterkt kritisert av andre venstreorienterte parti og dei mange minneorganisasjonane. Det venstrepopulistiske partiet Podemos foreslo i 2006 å rive monumentet fordi det aldri kunne bli nokon plass for forsoning.²⁰¹ Den materielle arven etter diktaturet var også ei svært omstridd sak, i følge Viejo-Rose. Ho peikar på ei spørjeundersøking frå 2006, året før innføringa av lova, som viser at befolkninga var splitta i synet på om monument som heidrar diktaturet eller den vinnande sida av

¹⁹⁸ Ibid.

¹⁹⁹ Stockey, *Valley of the Fallen: The (N)ever Changing Face of General Franco's Monument*, 84–85.

²⁰⁰ Ibid., 23.

²⁰¹ Andrés Bartolomé, "La Demolición Del Valle de Los Caídos Llega Al Senado," *La Razón*, May 10, 2020, <https://www.larazon.es/espana/20200510/44hh5xkrmnclrhtjn5q5mbtfta.html>.

borgarkrigen skal fjernast. Samstundes viser undersøkinga at majoriteten i befolkninga støtter opninga av massegraver og rehabiliteringa av offera. Medan vi kan sjå ei slik rehabilitering som eit naturleg framhald av narrativet om forsoning og delt skuld, var ei fjerning av monumenta derimot ei konfrontering av fortida og utfordring av den gamle minnepolitikken.

Høgresida og PP var dei mest kritiske mot lova, i følge Stockey.²⁰² Dei meinte at den opna gamle sår og at Spania framleis var avhengige av gløymslepakta. Dekonstruering av Spania som eit minnekollektiv ville truge samhaldet i Spania. Høgresida stilte seg imot opninga av massegraver og meinte at dei økonomiske problema landet var i etter finanskrisa i 2008 måtte få prioritert fyrst. Dei vektla at problema til Spania ikkje var i fortida, men at ein heller måtte sjå framover.²⁰³ Dei sette seg også sterkt imot ei stenging av Dei falnes dal som PSOE-regjeringa innførte i 2009 på grunn av at tilstanden til byggverka kunne vere ein fare for dei besøkande. Stenginga førte til at det vart oppretta ein organisasjon som jobba for å opne monumentet att, samstundes som dei forsvarte den opphavlege forma til monumentet.²⁰⁴

Prøvde PSOE å få til ei reell forsoning mellom dei to sidene, der den republikanske sida skulle rehabiliterast etter tiår med gløymsle? Eller forsøkte lova om historiske minne attpåtil å gjennomføre eit storstilt oppgjær med fortida slik som minneorganisasjonane ønska? PP anklaga PSOE for å drive med politisk opportunisme der dei gjenopna gamle sår for si eiga politiske vinning. Balfour meiner også at PSOE sitt brot på gløymslepakta var eit forsøk på å knyte høgresida til diktaturet for politisk vinning meir enn at dei følte ei moralsk forplikting mot sine forgjengarar frå den andre republikken. Han ser på den systematiske fremminga av lovforslag som uttrykk for tilspissa kamp mot høgresida, som for fyrste gong etter overgangen til demokrati fekk ein majoritet i parlamentet i 2000.²⁰⁵

Mykje tyder likevel på at PSOE berre forsøkte å føre vidare det allereie rådande narrativet om delt skuld og forsoning, og ikkje hadde ønske om eit storstilt brot med fortida. Den relativt forsiktige framferda med lova om historisk minne er eit eksempel på dette. Her var hovudmålet å rehabilitere den tapande sida, noko som kan tolkast som ei fullføring av forsoninga som blei hevda gjort under overgangen. Frykta for å gjere storstilte endringar på Dei falnes dal vitnar om dette, der PSOE framleis aksepterte narrativet om at

²⁰² Stockey, *Valley of the Fallen: The (N)ever Changing Face of General Franco's Monument*, 23–25.

²⁰³ *Ibid.*, 23–25, 88–90.

²⁰⁴ *Ibid.*, 16–17.

²⁰⁵ Balfour and Quiroga, *The Reinvention of Spain: Nation and Identity since Democracy*, 84.

monumentet var tileigna begge sider av konflikten. Mi oppfatning er at PSOE med lova om historiske minne hadde eit reelt håp om å innføre ei lov som begge sider av konflikten kunne akseptere, og som kunne skape eit felles politisk minne for heile Spania. PSOE utfordra aldri amnestilova som var den grunnleggande brikka i gløymslepakta, trass i Podemos og minneorganisasjonane sine ønskje om dette. Fleire rapportar frå FN som kritiserte Spania si behandling av fortida og mangel på rettferd for dei etterlatne, vart i stor grad oversett av både PP og PSOE. Fleire har peika på at den nye generasjonen i mindre grad var påverka av diktaturet og overgangen, og dermed kunne fri seg frå tanken om at diskusjon om fortida måtte unngåast for ein kvar pris. Trass i dette ønskte ikkje det breie lag i befolkninga eit stort oppgjær med fortida, eller å rive ned det etablerte narrativet i følge Aguilar og Ramirez-Barat.²⁰⁶ Minneorganisasjonane representerte ein relativt liten, men engasjert del av samfunnet som ønskte eit oppgjær med fortida, liknande det Interviu hadde prøvd på over 20 år tidlegare. Årsaka til at dette synet ikkje spegla fleirtalet av befolkninga, kjem av overgangen til demokratiet si rolle i det spanske samfunnet. Vi må sjå både den forsiktige framferda til PSOE og den sterke kritikken til PP i lys av denne hendinga som hadde blitt definerande for samfunnet.

Overgangen si rolle

Fleire spørjeundersøkingar etter år 2000 viser at det spanske folket framleis har eit svært positivt syn på overgangen. Brorparten av befolkninga seier at dei er “stolte over overgangen” i ein spørjeundersøking i 2008. Sjølv om det er skilnad i befolkninga, der den eldre generasjonen scorar høgare enn den yngre, er også 65% av dei mellom 18 og 34 år enige i denne påstanden.²⁰⁷ Andre spørjeundersøkingar viser at sjølv om ein del av befolkninga ser på diktaturet som positiv eller nødvendig for å sikre fred og økonomisk utvikling i Spania, utgjer desse eit mindretal, men med høgare støtte blant den eldre delen.²⁰⁸ Vi kan tolke dette som at motvilje mot eit oppgjær med fortida ikkje nødvendigvis er å beskytte minnet om diktaturet, men heller overgangen, som framleis har ein svært høg posisjon i det spanske samfunnet. Forteljninga om forsoning og ei delt skuld vart sett på som avgjerande for den fredelege overgangen. Spørjeundersøkinga frå 2008 fekk den følgjande påstanden over 80% støtte: “Ei kvar offentleg anerkjenning av offera frå borgarkrigen må inkludere begge sider”.²⁰⁹

²⁰⁶ Aguilar and Ramírez-Barat, “Generational Dynamics in Spain: Memory Transmission of a Turbulent Past,” 221.

²⁰⁷ Balfour and Quiroga, *The Reinvention of Spain: Nation and Identity since Democracy*.

²⁰⁸ Aguilar and Ramírez-Barat, “Generational Dynamics in Spain: Memory Transmission of a Turbulent Past.”

²⁰⁹ Ibid.

At PSOE ikkje ønskte å utfordre overgangen ser vi også gjennom lova om historisk minne. I innleiinga til lovteksten blir det hevda at lova byggjer på prinsippa frå overgangen:

I forsoninga og harmoniens ande, og med respekt for pluralisme og forsvar av alle ideane som påverka [sic]Overgangen. Grunnlova frå 1978, som omsette juridisk denne vilja til å sameinast på nytt blant spanjolane, beskriv ein sosial og demokratisk rettsstat med eit forsonande kall.²¹⁰

Det står ikkje nemnt at behovet for ei slik lov kom av mangelen på rehabilitering av den tapande sida under overgangen. I staden bygde lova om historisk minne på mange måtar på tanken om ei delt skuld, og til ein viss grad også ønsket om å hindre ei politisering av fortida. Forbodet mot politiske demonstrasjonar i Dei falnes dal var retta mot begge sider, slik at ingen slike markeringar kunne finne stad i monumentet. Dette betydde til dømes at dei som hadde fått sine slektningar gravlagt utan samtykke, heller ikkje kunne demonstrere mot dette. I tillegg sa lova at alle symbol som “einsidig heidra berre den eine sida” var ulovlege i det offentlege rom, slik at gater og monument tileigna dei republikanske ofra for krigen per definisjon var ulovlege.²¹¹ På denne måten kan vi seie at lova innebar ein kontinuitet med gløymslepakta.

Sitatet frå lova om historisk minne peiker også på grunnlova, ein annan viktig grunn til at overgangen blei sett på som noko fundamentalt som det ikkje var ønskeleg å utfordre. Grunnlova utgjorde rammene for det spanske politiske systemet, og blei sett på som å ha ei avgjerande rolle for å halde samfunnet saman, i mangel på andre felles referansepunkt. I følge Balfour har dette ført til at konstitusjonell patriotisme er ein viktig del av nasjonalkjensla i Spania i dag. Overgangen førte til at det demokratiske Spania trong nye symbol og merkedagar å einast om, sidan dei valde å ikkje peike på kontinuitet med den andre republikken som hadde eksistert før borgarkrigen. Men mange eksisterande nasjonale symbol peikte tilbake til diktaturet, som til dømes nasjonaldagen Dia de Hispanidad, som hadde vore ein merkedag under Franco. Det var derfor vanskeleg å einast

²¹⁰ “LEY 52/2007, de 26 de Diciembre, Por La Que Se Reconocen Y Amplían Derechos Y Se Establecen Medidas En Favor de Quienes Padedieron Persecución O Violencia Durante La Guerra Civil Y La Dictadura” (Boletín Oficial del Estado, n.d.).El espíritu de reconciliación y concordia, y de respeto al pluralismo y a la defensa pacífica de todas las ideas, que guió la Transición, nos permitió dotarnos de una Constitución, la de 1978, que tradujo jurídicamente esa voluntad de reencuentro de los españoles, articulando un Estado social y democrático de derecho con clara vocación integradora.

²¹¹ Viejo-Rose, *Reconstructing Spain: Cultural Heritage and Memory after Civil War*, 161.

om noko i fortida som alle spanjolar kunne identifisere seg med og skape emosjonelt tilhøyre i, noko Assmann peikar på som avgjerande for å lage eit politisk minne. I staden valde dei å framheve grunnlova som eit nytt symbol som samla nasjonen. PSOE vedtok dette som ein etablert strategi for å binde landet saman, og gjorde dette til ein del av deira valprogram i 1990.²¹² Denne forma for patriotisme vart også omfamna av høgresida, då den innebar at dei slapp å ta eit oppgjær med fortida si. Ei undersøking i 2000 viser at denne samla innsatsen frå høgre- og venstresida førte fram, og opp til 80% av den spanske befolkninga var einige i at grunnlova var “heilag eller essensiell for spansk politikk”.²¹³

Ei anna årsak til at grunnlova blei oppfatta å vere viktig å verne om, var korleis den regulerte den evigvarande spenninga mellom senter og periferi, noko som har vore ei kjelde til konflikt i heile Spania si moderne historie. Balfour peiker på at ein av tankene bak grunnlovspatriotismen var at den kunne samle alle som var innanfor Spania sine grenser, trass i at dei kunne ha ein regional identitet som var sterkare enn den nasjonale. Når staten slo ned på forsøk på å auke regionalt sjølvstyre, gjorde den dette med utgangspunkt i at forslaga var i strid med grunnlova. Dette skjedde mot det baskiske parlamentet i 2004, det katalansk i 2006 og på nytt mot folkeavstemninga om lausriving av Katalonia i 2018.²¹⁴ Marcus Buck omtalar overgangen som ei bindande pakt, og brot på pakta som eit trugsmål mot heile det politiske systemet. Ein del av pakta var narrativet om forsoning, gløymse og delt skuld. Overgangen hadde høg oppsluting, og derfor var det også stor motstand mot eit storstilt oppgjær med fortida.

Det er påfallande at både PSOE og PP brukte overgangen for å støtte deira syn på korleis fortida skal behandlast. Konflikten kan tolkast som ulike syn på kor langt ein kunne gå utan å dekonstruere overgangen og grunnlova. Medan minneorganisasjonane og venstreradikale parti som Podemos ønska at minnet til den tapande sida, den spanske republikken, skulle bli det rådande narrativet. Dei såg i motsetning til resten av samfunnet på overgangen som kjelda til problemet. Til dømes har leiaren for Podemos argumentert for dette i boka si *Ein ny overgang* frå 2016.²¹⁵ Verken PP eller PSOE ønska eit storstilt oppgjær med borgarkrigen eller regimet som innebar eit totalt brot med fortida, som til dømes øydelegging av Dei falnes dal eller oppheving av amnestilova.

²¹² Balfour and Quiroga, *The Reinvention of Spain: Nation and Identity since Democracy*, 90.

²¹³ Balfour and Quiroga, *The Reinvention of Spain: Nation and Identity since Democracy*.

²¹⁴ Ibid.

²¹⁵ Pablo Iglesias Turrión, *Una nueva Transición: Materiales del año del cambio* (Ediciones AKAL, 2016).

Samstundes var ikkje høgresida klar til å forkaste synet på Spania som ein nasjon som hadde ei eldre historie enn overgangen og grunnlova. For mange konservative var nasjonalkjensla, som strakk seg lengre tilbake i tid, viktigare for å definere dagens Spania sine røter enn den svært unge grunnlovspatriotismen. Trass i at dei politiske partia med gløymslepakta hadde bunde seg til å ikkje bruke fortida for politiske vinning, så heldt dei mest konservative fram med “ei resirkulert utgave av Francoregimet sitt narrativ”, i følge Balfour. Med dette meiner han at mange i PP og andre høgreperti såg på dagens Spania som ein arvtakar av det spanske imperiet: kastiljansk kultur, språk og katolske verdiar var framleis kjernen i det spanske samfunnet.²¹⁶ Eit slikt syn på fortida arva også motviljen mot regionale identitetar frå diktaturet. Dei såg på det regionale sjølvstyret som den største trugselen mot samhaldet i Spania. Forsøk på å øydelegge den “opphavlege nasjonen” hadde ein sett fleire gonger frå Baskerland og Katalonia. Undersøkinga som Aguilar og Ramirez-Barat bruker frå 2008 viser at ein stor andel av befolkninga seier at “det var fredlegare og meir orden under diktaturet enn no”. I befolkninga over 55 år utgjorde denne delen nesten halvparten.²¹⁷

Komiteen for endring av Dei falnes dal

I 2011 utnemnde PSOE-regjeringa ein komite for å sjå på endringar av Dei falnes dal. Desse endringane skulle “demokratisere” og “re-presentere” monumentet. Medan dette pågjekk var monumentet framleis stengt på grunn av vedlikehald. PSOE ønskte å fortsetje avpolitiseringa av monumentet ved å fjerne den opphavlege betydninga heilt. Berre på denne måten kunne ein gjere Dei falnes dal til eit monument for begge sider av borgarkrigen i følge PSOE.²¹⁸ Resultatet frå komiteen sitt arbeid vart publisert eit halvår seinare. I følge Stockey var det førande prinsippet bak forslaga om endring å “forklare og ikkje øydeleggje”.²¹⁹ Rapporten foreslo i all hovudsak å bevare symbola i Dei falnes dal. Den underjordiske kyrkja var i følge rapporten “urørleg”, delvis på grunn av det komplekse forholdet mellom kyrkja og staten om kven som eigde denne delen av monumentet. På paradeplassen på utsida av kyrkja skulle det lagast eit besøksenter som gjestene måtte gjennom før dei kunne gå inn i resten av komplekset. Slik skulle ein forklare opphavet til Dei falnes dal: symbolismen, byggjeprosessen (ved bruk av straffangar) og gravene. Monumentet skulle kontekstualiserast, men samstundes også

²¹⁶ Balfour and Quiroga, *The Reinvention of Spain: Nation and Identity since Democracy*.

²¹⁷ Aguilar and Ramírez-Barat, “Generational Dynamics in Spain: Memory Transmission of a Turbulent Past,” 219.

²¹⁸ Stockey, *Valley of the Fallen: The (N)ever Changing Face of General Franco's Monument*, 23–25, 88–90.

²¹⁹ *Ibid.*, 86.

halde fram med å vere ein plass for forsoning mellom dei to partane der begge sider var representert. Namna til alle dei falne skulle skrivast inn på ein mur på utsida av kyrkja.

Stockey skriv at komiteen gjennom sitt arbeid viste stor kjensle for at monumentet var senter for ulike narrativ knytt til fortida. Komiteen peikte sjølv på at det var vanskeleg å gjennomføre ei endring av monumentet som ville få brei støtte i heile befolkninga. Komiteen anerkjente vanskaner med å lage eit besøksenter som kunne representere dei ulike narrativa knytt til Dei falnes dal, men meinte dette kunne supplerast med informasjon etter ei eiga “objektiv gransking” der begge sider av borgarkrigen var representert. Tanken om at monumentet kunne representere forsoning, blei altså halde fast ved av komiteen, og blei tungt vektlagt i dei endringane som det blei gjort framlegg om, ifølgje Stockey.²²⁰ Den einaste endringa inne i kyrkja var fjerning av Franco og flyttinga av Jose Antonio til dei umerka gravkammera. I følge rapporten var det naudsynt å gjere desse endringane om ein faktisk skulle avpolitiserer monumentet og gjere det til ein plass til minne om begge sider. Jose Antonio skulle leggjast i ei umerka grav ved sidan av dei andre falne i ein vanleg krypt, og ikkje på heidersplassen ved sidan av hovudalteret der han no låg. Franco skulle fjernast frå monumentet og flyttast til ei privat grav då han ikkje hadde falle under borgarkrigen. Vidare skulle krypta omklassifiserast til ein sivil gravplass. Ein ønskte å gjere gravplassen mest mogeleg nøytral, sidan det var vanskeleg å få ut dei republikanske falne som er gravlagt i monumentet mot etterkomarane si vilje. Francisco Ferrandez, antropologen som var med i komiteen og som er referert til fleire gonger i denne oppgåva, forklarar dei tekniske utfordringane med å drive utgravingar i monumentet. Dei gravlagde er stort sett lagt i uregistrerte kammer inne i krypta, samstundes som at fukt har gjort at beinrestane delvis har gått i oppløysning. I tillegg var det rettslege utfordringar med å opne krypta. Domstolane har motsett seg ei slik opning under den forklaringa at ein treng samtykke frå alle etterkomarane til dei falne i monumentet.²²¹

Trass i komiteen sine forsøk på å gjere monumentet til eit felles minnesmerke som representerer begge sider av konflikten, har kritikken av rapporten vore enorm. Flyttinga av Franco splitta også komiteen, og tre av medlemmene dissenterte på innstillinga på grunn av punktet om flyttinga.²²² Dei meinte at flyttinga av den “tidlegare statsleiaren” berre på grunn av at det noverande regimet ikkje hadde kompatible politiske meininger,

²²⁰ Ibid.

²²¹ Ferrándiz, “Guerras sin fin: guía para descifrar el Valle de los Caídos en la España contemporánea,” 494–497.

²²² Stockey, *Valley of the Fallen: The (N)ever Changing Face of General Franco's Monument*, 87–88.

ikkje kunne forsvarast, då dette kom til å splitte det spanske folk og radikaliserer debatten. Denne uttalelsen er beskrivande for mange konservative som meinte at PSOE prøvde å innføre sitt partiske narrativ om borgarkrigen med tvang. I følge dei tre medlemmene ville flyttinga gjere at “ein betydeleg del av spanjolane føler at ein avskriv ein stor del av den spanske historia, samstundes som ei slik flytting ville vere uverdige ein “tidlegare statsleiar”.²²³ Medan mange som var kritiske til endringane, meinte at det var ein truelse mot overgangen, viser også desse fråsegnene at ein stor del av samfunnet av ulike grunnar stadig aksepterte diktaturet.

Stiftinga av komiteen for endring av Dei falnes dal viser at venstresida sitt syn på kor langt ein kunne gå med å behandle fortida utan å øydeleggje overgangen sin posisjon, stadig forflytta seg. Om denne gradvis vija til å kritisere fortida kom av kritikk frå dei som meinte at minnelova ikkje gjorde nok, eller berre var eit naturleg framhald av det arbeidet som var starta med minnelova, er uvisst. Samstundes ser vi at målet til komiteen var å fortsette avpolitiseringa av monumentet, og gjere det til eit symbol som var i tråd med narrativet frå overgangen. Komiteen sin rapport trappa uansett minnekonflikten opp. Spesielt flyttinga av Franco har hausta kritikk frå dei konservative.²²⁴ For dei framstod dette som det tydelegaste brotet på gløymsepakta etter diktaturet fall, sidan ei slik politisering av fortida måtte føre til splitting i samfunnet. Når PP vann valet i 2012, vart derfor komiteens rapport sett til side. Den økonomiske finansieringa av dei tiltaka lova om historisk minne hadde sett i gang vart stoppa, viktigast av dette var bistand til opning av massegraver. Dei opna også monumentet igjen, etter det hadde vore stengt i tre år. Grunngeving var at besøkande skulle gje inntekter, då problemet til Spania i følge PP ikkje var Franco, men økonomisk krise. Trass i dette utspelet har Dei falnes dal aldri skapt inntekter for staten, men gått i underskot sidan overgangen, og på denne måten blitt finansiert av skattepengar.²²⁵

Flyttinga av Franco

I 2018 vann PSOE tilbake regjeringsmakta. PP og statsministeren Mariano Rajoy blei felt etter eit mistillitsforslag i parlamentet på grunn av ei korrupsjonsskandale i partiet. Kort tid etter å ha overteke regjeringskontora endra den nye statsministeren Pedro Sanchez artikkelen om Dei falnes dal i lova om historisk minne. Det blei no berre falne frå borgarkrigen som kunne ligge gravlagt i monumentet. Endringa i lova blei støtta av dei

²²³ “Informe” (Madrid, November 29, 2011).

²²⁴ Stockey, *Valley of the Fallen: The (N)ever Changing Face of General Franco's Monument*, 23–25, 88–90.

²²⁵ *Ibid.*, 88.

venstreorienterte og regionale partia i parlamentet, medan PP og Ciudadanos, eit borgarleg sentrumparti, valde å boikotte avstemninga. Med dette bekrefta Sanchez PSOE si haldning til å flytte diktatoren, men starta samstundes ein intens offentleg debatt med hard språkbruk.²²⁶ Rettsleg strid med familien til Franco og erkebiskopen av Madrid gjorde at fjerninga av den avdøde diktatoren ikkje kunne skje før eit år etter. Franco vart teken ut av monumentet 24. oktober 2019, frakta med helikopter til ein kyrkjegard i Madrid, og gravlagt under ein privat seremoni ved sida av kona si, Carmen Polo.

I denne perioden har minnepolitikken blitt eit sentralt konflikttema, med skiftande politikk frå regjering til regjering. Dette har ført til at det er nesten umogleg å einast om eit felles minne. I staden prøvde kvar side å innføre sitt eige partiske sosiale minne. Formålet med det politiske minnet er i følge Assman å samle ein nasjon om dei same lærdomane og lage ein felles referansebakgrunn, slik at dei med det same minnet opplever ein felles identitet. Endringane i det offisielt kommuniserte minnet ved kvart regjeringsskifte tyder på at ein slik felles referansebakgrunn ikkje eksisterer i Spania, og forsøket på å innføre eit felles minne verker tvert om til å splitte nasjonen. Dette viser oss utfordringa ved å etablere felles narrativ i eit demokrati, noko Franco i liten grad blei plaga med.

Det partiet som hadde hardast retorikk mot flyttinga av Franco, var det nye høgreekstreme partiet Vox. Politisk kaos i form av eit sviktande samarbeid mellom PSOE og det venstreradikale Podemos gjorde at det blei skreve ut to nyval på eit år i 2019, eit før og eit etter flyttinga av Franco. Sjølv om venstresida framleis sat med makta, steig Vox fram som valvinnar i begge vala. I april 2019 fekk partiet 10% av stemmene, og under valet på hausten fekk dei 15% oppslutning. I dei førre parlamentsvala hadde partiet lege på under 1% av veljarane.²²⁷ Mange hadde trudd at det var umogeleg for Spania å få eit stort høgreradikalt parti med den historia landet hadde. No viste Vox at dette var mogleg. Vox si sterke auke i oppslutning kan i stor grad knytast til uroa i Katalonia. Dei nye røystene til Vox kom primært frå tidlegare støttespelarar av PP som meinte at dei ikkje hadde vore harde nok mot katalanske politikarar som hadde sett i gang folkeavstemminga om lausriving, i følge Buck.²²⁸ Partiet skodde seg på eit inntrykk av at det herska eit politisk kaos i Spania, eit demokrati prega av korrupsjon og skandaler. Vox lova å rydde opp i dette ved å vende landet tilbake til eit sterkare sentralt styre og konservative verdiar. Til

²²⁶ Kerr, "How Effective Were Transitional Justice Measures in Post-Authoritarian Iberia?," 32–33.

²²⁷ "Composición - Congreso de Los Diputados," accessed May 10, 2021, <https://www.congreso.es/web/guest/grupos/composicion-en-la-legislatura>.

²²⁸ Halldor Hustadnes, "Brøt Franco-tabu - kan bli valgvinner i Spania søndag," dagbladet.no, November 10, 2019, <https://www.dagbladet.no/nyheter/brot-franco-tabu---kan-bli-valgvinner-i-spania-sondag/71799633>.

dømes ønska dei å gjere alle parti som var for sjølvstende, ulovlege. Ei anna kjernesak til Vox var å stoppe flyttinga av Franco frå Dei falnes dal, og i følge partiet var det ein samanheng mellom kampen mot å flyttinga og halde nasjonen samla.

I tillegg til at Vox nyttar seg av kjent retorikk frå høgresida om at flytting av Franco vil føre til splitting og hat i samfunnet, så gjekk også partiet mykje lengre i å verne om minnet om Franco og nytte seg av retorikk som stamma frå diktaturet. I staden for å tone ned dei historiske banda til Franco, såg dei med nostalgisk blikk tilbake på fortida. Spesielt Franco sitt sterke sentraliserte styre som kontrollerte regionane med jernhand er noko Vox vil ha tilbake. I ei tale om separatismen i Spania seier leiaren Santiago Abascal at “Dei snakkar om Franco, men det progressive diktaturet var det som heldt alt godt saman”.²²⁹ Diktaturet blir sett på som eit regime som garanterte for samholdet i Spania, slik diktaturet også såg på seg sjølv og legitimerte valdsbruken sin.

I praksis kan vi sjå at Vox løfter fram att opphavsmitta til Franco, der borgarkrigen vart starta av venstresida, og Spania vart redda av Franco som sidan sikra framgang og stabilitet gjennom eit autoritært styre. Abascal hevda etter fjerning at:

Vi sa at dei ikkje berre ønska å skjende general Franco si grav, men også kaste ut kongen og rive ned krossen[,] Tida vil vise at vi har rett. Dei ønskjer å spole tilbake historia for å vinne borgarkrigen og etablere ein anti-spansk kommunistisk republikk.²³⁰

Denne retorikken, spesielt med referanse til det anti-spanske, er godt kjent frå Franco sine eigne talar der han legitimerer eige opphav med at den republikanske regjeringa ville øydelegge det “spanske”. Vox brukar Dei falnes dal slik som den opphavleg var meint av regimet: som ein plass som minner om borgarkrigen og korleis Franco redda landet, samstundes som dei viser tilbake til dei “grunnleggjande spanske verdiane” i monumentet som skal gjere Spania stort igjen: kongen og katolisismen. Vox har påstått at PSOE undertrykker fridom og ytringsfridom gjennom flyttinga av Franco. Dei set totalitære

²²⁹ Santiago Abascal, “Ellos Hablan de Franco, Pero La Dictadura Progre Es La Que Tiene Todo Atado Y Bien Atado. Es Imposible Hablar de Según Qué Cosas Sin Que Inmediatamente Los Inquisidores de Lo Políticamente Correcto Te Etiqueten,” Twitter, October 13, 2019, https://twitter.com/vox_es/status/1183402487572766721. *Atado y bien atado* er eit uttrykk som stammar frå når Franco forklarar korleis regimet si framtid er sikra gjennom daværande prins Juan Carlos

²³⁰ Santiago Abascal, “Dijimos Que No Solo Querían Profanar La Tumba Del General Franco Sino Echar Al Rey Y Derribar La Cruz, Con La Complicidad Judicial Y Vaticana. El Tiempo Nos Da La Razón. Quieren Rebobinar La Historia Para Ganar La Guerra Civil E Implantar Una República Comunista Antiespañola,” Twitter, September 15, 2020, https://twitter.com/Santi_ABASCAL/status/1305935444593573895.

merkelappar på regjeringa, og omtalar styret til PSOE som prega av propaganda og illegitimitet.²³¹ På denne måten brukar dei same hatretorikken på motstandarane sine som vi såg diktaturet gjere når dei forklarte kvifor dei måtte ta makta for å hindre den republikanske regjeringa i å øydelegge landet. Abascal har også hevda at venstresida “vil brenne nasjonalflagget, skjende kongen og hedre ETA. Samstundes vil dei fengsle historikarane som seier at venstresida starta borgarkrigen eller at Franco sikra tryggleiken i samfunnet. Denne revolusjonære prosessen må stoppe.”²³² I deira narrativ er venstresida i gang med eit forsøk på å avsetje kongen og starte ein ny kommunistisk republikk som vil øydelegge Spania.

Dei falnes dal - sentrum for minnekonflikten

Konflikten om Dei falnes dal var både direkte og indirekte knytt til funna i massegravene som blei gjort omkring 2000. Det sosiale minnet til den tapande sida hadde overlevd 80 år med undertrykking og gløymse, og utfordra no det etablerte narrativet om forsoning og delt skuld som hadde blitt til eit politisk minne i samband med overgangen.

Minneorganisasjonane og delar av venstresida ønska eit storstilt oppgjær med fortida, der nasjonalistane si skuld for borgarkrigen og regimet si undertrykking skulle bli det kollektive minnet om fortida. Dette innebar i følge leiaren for Podemos ein “ny overgang” der arven etter Franco måtte fjernast frå samfunnet for alltid, og med dette også Dei falnes dal. Når PSOE i staden prøver å revidere det etablerte narrativet, må ein sjå dette i samanheng med overgangen si rolle. Dei prøver å innføre eit felles minne som skal gjere opp for den manglande rettferda taparane av borgarkrigen hadde fått under overgangen - men utan å fjerne symbol på fortida som også kunne knytast til overgangen, som Dei falnes dal og amnestilova. Høgresida meiner derimot at ei kvar oppattaking av fortida trugar samhaldet i nasjonen. Under flyttinga av Franco dukkar også ei tredje tolking av monumentet fram. Dette er ikkje eit nytt syn på fortida, men heller ei framhenting av opphavsmitta til diktaturet. Vox ser på dagens uro som eit resultat av et politisk kaos likt det som eksisterte før borgarkrigen, der venstresida vil kuppe makta ville ramme dei etablerte institusjonane og verdiane. Vidare hevdar Vox at det trengs eit autoritært styre for å hindre at nasjonen går i oppløysing.

²³¹ Kerr, “How Effective Were Transitional Justice Measures in Post-Authoritarian Iberia?,” 35.

²³² Santiago Abascal, “Quieren Impunidad Para Quemar La Bandera Nacional, Injuriar Al Rey O Gritar Gora ETA. Y a La Vez Meter En La Cárcel a Los Historiadores Q Digan Que El PSOE Desencadenó La Guerra Civil O Q Franco Trajo La Seguridad Social. Hay Que Detener Este Proceso Revolucionario,” Twitter, October 24, 2018, https://twitter.com/Santi_ABASCAL/status/1055015532829831168.

Konklusjon og avslutning

Mi overordna problemstilling har vore: “Korleis har ein forsøkt å skape eit felles minne om den spanske borgarkrigen? Kvifor har ikkje dette lykkast?”. Eg valde å belyse denne problemstillinga gjennom å sjå på monumentet Dei falnes dal, og bruke dette symbolet på borgarkrigen som ein indikator på kva dette minnet har vore til ei kvar tid. Sidan monumentet vart påbegynt same år som krigen slutta og framleis eksisterer, har det gitt meg eit inntrykk i kva slags minne dette har vore, og korleis det har endra seg over tid. Dei falnes dal har heile tida vore underlagt den spanske staten sitt ansvar. På denne måten kan vi seie at symbolet har vore eit uttrykk for det politiske minnet om borgarkrigen. Trass i at monumentet var laga for å framheve eit spesifikt minne, opphavsmitta, har ein forsøkt å endre framstillinga til Dei falnes dal uten å gjere noko med utsjånaden til monumentet. Fyrst i 2019 når Franco blir flytta frå monumentet, får vi ei fysisk endring i meiningsinnhaldet. Monumentet viser kor vanskeleg det er å etablere eit felles minne om ei traumatisk og splittande fortid. Spesielt to utfordringar med å skape eit felles minne om den spanske borgarkrigen melder seg når vi ser på historia til Dei falnes dal.

Det fyrste er spenninga mellom det Assmann har kalla sosiale minne og det politiske minne i Spania. Dei falnes dal har representert det politiske minnet som til ei kvar tid regjeringa har ønska å formidle. Då monumentet var under bygging, frå perioden 1939-1959, var det politiske minnet opphavsmitta til Francodiktaturet. Men i staden for at dette minnet samla nasjonen, delte det befolkninga i to kollektiv med ulike minne til fortida. Det sosiale minnet til ein stor del av befolkninga, primært den tapande sida, var så fundamentalt ulikt det politiske minnet at dei to ikkje var compatible. Sjølv om det politiske minnet til diktaturet hadde monopol på formidling i det offentlege rom, klarte ikkje diktaturet å utrydde det sosiale minnet som blei delt innad i familiar og mellom generasjonar. Dette viser oss at sjølv eit autoritært styre har visse grenser i kva minne dei kan innføre. Det sosiale minnet til taparane skulle bryte fram fleire gonger i ettertida og utfordre det politiske minnet. Uthaldenheita til dette minnet kom av den traumatiske karakteren. Assmann og fleire andre har sett merksemd på det er desse minna som overlever lengst, samstundes som dei i størst grad også blir overlevert til seinare generasjonar.

Ei viktig årsak til at det sosiale minnet fungerer som eit mot-minne til det politiske minnet ved fleire anledningar er den relative nærleiken til fortida. Assmann har sagt at ein viktig skilnad på eit politisk og sosialt minne, er tid. For Assmann omhandlar det politiske

minnet primært ei fjern fortid der minnet har blitt standardisert og utelukkande blir formidla gjennom symbol og ritualer. I Spania har det viktigaste politiske minnet omhandla ei relativt sett nær fortid som framleis er ein del av det sosiale minnet. Dette har ført til at det sosiale minnet har utfordra det politiske minnet, og slik sett forhindra etableringa av eit felles minne ovanfrå-og-ned gjennom symbol som Dei falnes dal.

I den neste perioden ser vi eit anna problem med å etablere eit felles minne til borgarkrigen. Halbwachs har sett merksemd på at det er behova til notida som er avgjerande for kva forteljingar vi lagar om fortida. Når behovet til regimet endrar seg, må dei også endre forteljingane. Behovet for økonomisk utvikling gjer at det oppstår eit alternativt politisk minne den neste perioden, 1959-1975, som primært er meint for utenlandske makter. Dette minnet skal vise korleis Spania er eit forsona og velfungerande land som har lagt borgarkrigen bak seg, noko som er naudsynt dersom Franco skal håpe å få delta i ein internasjonal økonomi. Men opphavsmyta kan likevel ikkje erstattast fullt ut av dette minnet, da Franco og store deler av regimet har gjort seg avhengige av den. Motsetninga mellom desse to minnene som diktaturet prøvde å balansere kjem best til syne i Dei falnes dal. Her skal utanlandske besøkande bli overbevist om at monument har ei forsonande og religiøs rolle, medan for spanjolar er det framleis eit symbol på opphavsmyta, og splittar landet i taparar og sigerherrar. Spania si opning mot utlandet gjer at landet blir liberalisert og kontrollen til regimet minskar. Dette gjer at den splittande opphavsmyta kjem under press både utanfrå og innanfrå. Slik kjem det eit undertrykt sosialt minne stadig meir til overflata. Medan dette mot-minnet opphavleg kom frå taparane, har ein større del av befolkninga likevel no behov for å legge konflikten bak seg og stoppe den delinga av samfunnet som regimet opprettheld. Etterkvart blir dette også spegla av reformvillige politikarar i diktaturet som også frykter at den splittande opphavsmyta kan føre til konflikt i samfunnet i framtida.

Behovet for eit forsonande minne melder seg verkeleg når Franco døyr i 1975. Dette markerar starten på mi nest siste periode som går frå 1975 til år 2000. Politikarane oppfattar at det trengst ei felles forståelse av fortida for å unngå ei ny konflikt i det usikre og spente vakuemet som oppstår når diktatoren døyr. Det primære samfunnsbehovet under perioden blir tolka til å vere å unngå ein ny konflikt lik borgarkrigen, og på denne måten sikre ei fredeleg framtid for Spania. Her blir minnet om borgarkrigen og perioda som leda opp til konflikten nytta som ein lærdom på kva ein no må unngå. Samstundes påverker også frykta for ei ny konflikt tolkninga av borgarkrigen og diktaturet. Ein vegrer seg for å ta opp igjen dei gamle konfliktene mellom dei to sidene som framleis står uløyst etter

diktaturet. Det har aldri vore noko forsoning mellom dei to sidene, noko som blir sett på naudsynt om ein skal kunne leve saman i framtida og unngå ny konflikt.

Det gamle regimet og den nye opposisjonen bestemmer derfor å forhandle om framtida og fortida til Spania. Med dette etablerer dei også eit narrativ om delt skuld mellom vinnarane og taparane av borgarkrigen. Gjennom overgangen erklærer dei politiske leiarane at landet er forsona og kan legge fortida bak seg, samstundes som ein ikkje ønsker å ta noko oppgjer med fortida. Denne gløymslepakta ser vi tydeleg gjennom Dei falnes dal. Her velger det nye demokratiet å bevare monumentet etter diktaturet, men forsøker å fortsette avpolitiseringsen som hadde byrja under diktaturet for å betre relasjonane til andre vestlege land. Gjennom Dei falnes dal har vi sett at det er både brot og kontinuitet i det politiske minnet om borgarkrigen under overgangen til demokrati. Ein prøver å fjerne eller skjule opphavsmyta frå monumentet og hevdar i staden at det har vore eit symbol for forsoning og delt skuld heilt sidan det var bygd. Dette narrative om borgarkrigen blir sett på som naudsynt for gjennomføringa av ein fredeleg overgang frå diktatur til demokrati.

I perioden etter overgangen kan vi langt på veg seie at det i alle høve på overflata eksisterte eit felles minne om borgarkrigen i Spania. Dette minnet er ein kombinasjon av eit sosialt minne som ønska ei forsoning, samstundes som at det er prega av det reviderte politiske minnet frå det seine diktaturet. Men dette minnet innebærer også i praksis ei marginalisering av den tapande sida og dei som har blitt undertrykt av diktaturet. For å gjere narrative om delt skuld truverdig, blir deira historie gløymt og behov for rettferd oversett. Gløymslepakta forutsette ein stilleiande aksept for diktaturet. Dette var prisen å betale for eit kollektivt minne om borgarkrigen. Narrative om krigen blir forsegle gjennom gløymslepakta, og Dei falnes dal blir forsøkt gjort til eit symbol på dette narrative.

Denne gløymslepakta held heilt fram til år 2000, som markerer starten på mi siste periode i denne oppgåva. Da bryt ei større minnekonflikt ut, og det felles minnet som blei etablert under overgangen går i oppløysning. Nok ein gong er det eit sosialt minne som står fram og utfordrar det politiske minnet. Dette skjer ved at massegravene frå borgarkrigen blir gjenopna av tredjegerasjons etterkomarar av den tapande sida. Deira traume har overlevd 60 år med undertrykking: fyrst under diktaturet, sidan gløymslepakta. Funna i massegravene beviser at dei nasjonalistiske overgrepa var mykje meir omfattande enn dei på republikansk side, samstundes som dei fortsatte i stort omfang også etter krigen var

avslutta. Dette utfordrer narrativet om ei delt skuld og at Spania er eit forsona land, og Dei falnes dal si rolle som symbol for dette minnet. I staden vektlegg etterkomarane av den tapande sida det vi har sett er den opphavlege betydninga, som formidla eit heilt anna budskap.

Medan etterkomarane av den tapande sida ønsker eit storstilt oppgjær med fortida for å konstruere eit nytt narrativ der nasjonalistane og det påfølgande diktaturet blir gjort ansvarleg for deira overgrep, er framleis majoriteten av befolkninga innstilt på å fordele skulda mellom dei to sidene. Dette må sjåast i samheng med overgangen si rolle i det spanske samfunnet. Medan spanjolane framleis er splitta i synet på borgarkrigen, framstår overgangen som den felles historia som eit stort fleirtal av befolkninga er stolte av. Forteljinga om korleis ein klarte å unngå konflikt og bli eit demokratisk land framstår som den felles forteljinga som langt på veg bind samfunnet saman, delvis gjennom ein heilt bevisst strategi til politikarane om å etablere dette som eit politisk minne. Sebastian Balfour har peikt på at grunnlova fungerer som ei ny opphavsmyte for det moderne Spania, som ikkje kan vise til ei felles fortid før dette.²³³ Eg meiner at vi kan utvide denne opphavsmyta til å omfatte heile overgangen. Narrativet om delt skuld og forsoning blir sett på som avgjerande for dette felles minnet om fortida, noko som gjer at Dei falnes dal også kan tolkast som eit symbol på overgangen. Dette kan forklare det uforståelege for oss: kva eit fascistisk symbol gjer i eit demokratisk land.

Når minnekonflikten utviklar seg i løpet av 2000-talet meiner eg derfor at dette må sjåast i lys av overgangen. Partane er uenig i kor langt ein kan gå med å utfordre det etablerte narrativet om ei delt skuld utan å dekonstruere den nye opphavsmyta. Den politiske venstresida ser på det som naudsynt å gjere opp igjen for den uretten som vart gløymt under overgangen, for ha eit felles minne om fortida. Høgresida meiner derimot at framhentinga av fortida tvert om vil øydelegge det kollektive minnet og splitte samfunnet, som i følge dei, allereie er samla og forsona. Dette skjer samstundes som regional uro også trugar samhaldet i Spania. Det er korleis dei ulike behova blir oppfatta av samfunnet i notida som gjer at fortida blir tolka ulikt av partane i minnekonflikten. På mange måtar kan ein seie at høgresida hadde rett i at eit oppgjær med fortida vil splitte samfunnet når vi ser minnekonflikten eskalere for kvart år som går etter 2000. Samstundes leiar dette til spørsmålet: er prisen for eit felles minne at ein må gravlegge traumatiske minne og stoppe rettferd for offera av undertrykking?

²³³ Balfour and Quiroga, *The Reinvention of Spain: Nation and Identity since Democracy*, 92–97.

Sjølv om Dei falnes dal berre er ein del av ei større minnekonflikt, har ein stor del av debatten omhandla monumentet. I forbindelse med flyttinga av Franco i 2019 vert Dei falnes dal sentrum for heile minnekonflikten. Årsaka til dette er at betydninga til monumentet blir tolka vidt forskjellig ut ifrå kva narrativ ein har om fortida. For den eine sida er det eit symbol på undertrykking, for den andre forsoning. I det siste har også eit tredje narrativ blitt knytt til monumentet. Gjennom det høgrekstreme partiet Vox er den opphavlege betydninga løfta fram igjen. I staden for å skape eit felles minne blir Dei falnes dal eit krystalliseringspunkt der alle dei ulike minna om borgarkrigen støyter saman. På denne måten kan vi seie at monumentet ikkje skapar eit felles minne, men heller held i live konfliktene frå fortida.

Paradokset ved borgarkrigen var at den skulle gløymast ved overgangen til demokrati, men samstundes måtte lærdomane haldast i live for å unngå noko liknande seinare. I dag har dette minnet på nytt splitta nasjonen og ført til eit polariserande samfunn. Sjølv om dette neppe vil utløyse nokon ny borgarkrig, står det att å sjå om - og i så fall korleis - Spania klarer å ta eit oppgjær med fortida si.

- Abascal, Santiago. “Dijimos Que No Solo Querían Profanar La Tumba Del General Franco Sino Echar Al Rey Y Derribar La Cruz, Con La Complicidad Judicial Y Vaticana. El Tiempo Nos Da La Razón. Quieren Rebobinar La Historia Para Ganar La Guerra Civil E Implantar Una República Comunista Antiespañola.” Twitter, September 15, 2020. https://twitter.com/Santi_ABASCAL/status/1305935444593573895.
- . “‘Ellos Hablan de Franco, Pero La Dictadura Progre Es La Que Tiene Todo Atado Y Bien Atado. Es Imposible Hablar de Según Qué Cosas Sin Que Inmediatamente Los Inquisidores de Lo Políticamente Correcto Te Etiqueten.’” Twitter, October 13, 2019. https://twitter.com/vox_es/status/1183402487572766721.
- . “‘Quieren Impunidad Para Quemar La Bandera Nacional, Injuriar Al Rey O Gritar Gora ETA. Y a La Vez Meter En La Cárcel a Los Historiadores Q Digan Que El PSOE Desencadenó La Guerra Civil O Q Franco Trajo La Seguridad Social. Hay Que Detener Este Proceso Revolucionario.’” Twitter, October 24, 2018. https://twitter.com/Santi_ABASCAL/status/1055015532829831168.
- Aguilar, Paloma. “Justice, Politics, and Memory in the Spanish Transition.” *The Politics of Memory and Democratization*, 2001. <https://doi.org/10.1093/0199240906.003.0004>.
- . *Memory and Amnesia: The Role of the Spanish Civil War in the Transition to Democracy*. Berghahn Books, 2002.
- Aguilar, Paloma, and Francisco Ferrándiz. “Memory, Media and Spectacle: Interviú’s Portrayal of Civil War Exhumations in the Early Years of Spanish Democracy.” *Journal of Spanish Cultural Studies* 17, no. 1 (January 2, 2016): 1–25.
- Aguilar, Paloma, and Clara Ramírez-Barat. “Generational Dynamics in Spain: Memory Transmission of a Turbulent Past.” *Memory Studies* 12, no. 2 (April 1, 2019): 213–29.
- Amodia, José. “Union of the Democratic Centre.” *Democratic Politics in Spain: Spanish Politics after Franco*, 1983, 1–28.
- Assembly, U. N. General. “Report of the Special Rapporteur in the Field of Cultural Rights, F. Shaheed, ‘Memorialisation Processes.’” A/HRC/25/49, 2014.
- Assmann, Aleida. “Canon and Archive.” In *Cultural Memory Studies*, edited by Astrid Erll And Nünning, 2010.
- . “Memories of Nazi Germany in the Federal Republic of Germany.” *A Companion to Nazi Germany*, 2018, 583.
- . *Memory, Individual and Collective*. Oxford University Press, 2006.
- Balfour, Sebastian, and Alejandro Quiroga. *The Reinvention of Spain: Nation and Identity since Democracy*. Oxford University Press, 2007.
- Barros García, José Manuel. “Political Artefacts, Aesthetics and Heritage: The Valley of the Fallen.” *International Journal of Heritage Studies* 26, no. 3 (March 3, 2020): 253–66.
- Bartolomé, Andrés. “La Demolición Del Valle de Los Caídos Llega Al Senado.” *La Razón*, May 10, 2020. <https://www.larazon.es/espana/20200510/44hh5xkrmnclrhtjn5q5mbtfta.html>.
- Bayo, Eliseo. “La Historia Secreta Del Valle de Los Caídos.” *Interviú*, November 25, 1976.
- Bernecker, Walther, and Others. “Democracia Y Superación Del Pasado: Sobre El Retorno de La Memoria Histórica Reprimida En España.” *La Cultura de La Memoria. La Memoria Histórica En España Y Alemania*, (57-73). Madrid: Iberoamericana, 2009.

- <https://core.ac.uk/download/pdf/304709063.pdf>.
- Boyd, Carolyn P. "The Politics of History and Memory in Democratic Spain." *The Annals of the American Academy of Political and Social Science* 617, no. 1 (May 1, 2008): 133–48.
- Buck, Marcus. *The Exemplary Transition from Authoritarianism: Some Notes on the Legacy of Undemocratic Decision-Making in Spain*, 1998.
- "Composición - Congreso de Los Diputados." Accessed May 10, 2021. <https://www.congreso.es/web/guest/grupos/composicion-en-la-legislatura>.
- Crumbaugh, Justin. "AFTERLIFE AND BARE LIFE: THE VALLEY OF THE FALLEN AS A PARADIGM OF GOVERNMENT." *Journal of Spanish Cultural Studies* 12, no. 4 (December 1, 2011): 419–38.
- El Diario. "Valle de Los Caídos: Casi 400.000 Visitas Y 1,5 Millones En Venta de Entradas." El Diario, October 10, 2019. https://www.eldiario.es/cultura/valle-caidos-visitas-millones-entradas_1_1319369.html.
- Fatih Tayfur, M. *Semiperipheral Development and Foreign Policy: The Cases of Greece and Spain*. Ashgate, 2003.
- Ferrándiz, Francisco. "Unburials, Generals, and Phantom Militarism: Engaging with the Spanish Civil War Legacy." *Current Anthropology* 60, no. S19 (February 1, 2019): S62–76.
- Ferrándiz, Francisco José Martín. "Guerras sin fin: guía para descifrar el Valle de los Caídos en la España contemporánea." *Política y sociedad* 48, no. 3 (2011): 481–500.
- Halbwachs, Maurice. *The Collective Memory*. Harper & Row, 1980.
- Hepworth, Andrea. "Preservation or Destruction of Lieux de Mémoire: Contested Spaces in the Realm of Memory." *Journal of Iberian and Latin American Research* 21, no. 2 (May 4, 2015): 283–94.
- . "Site of Memory and Dismemory: The Valley of the Fallen in Spain." *Journal of Genocide Research* 16, no. 4 (October 2, 2014): 463–85.
- Hite, K. "The Valley of the Fallen: Tales from the Crypt." *Forum for Modern Language Studies*, 2008. <https://academic.oup.com/fmls/article-abstract/44/2/110/589539>.
- Hustadnes, Halldor. "Brøt Franco-tabu - kan bli valgvinner i Spania søndag." [dagbladet.no](https://www.dagbladet.no), November 10, 2019. <https://www.dagbladet.no/nyheter/brot-franco-tabu---kan-bli-valgvinner-i-spania-sondag/71799633>.
- "Informe." Madrid, November 29, 2011.
- Kerr, Breanna. "How Effective Were Transitional Justice Measures in Post-Authoritarian Iberia?," 2020. <https://cdr.lib.unc.edu/concern/dissertations/k643b678p>.
- "LEY 52/2007, de 26 de Diciembre, Por La Que Se Reconocen Y Amplían Derechos Y Se Establecen Medidas En Favor de Quienes Padecieron Persecución O Violencia Durante La Guerra Civil Y La Dictadura." Boletín Oficial del Estado, n.d.
- Llobera, Joseph R. "Halbwachs, Nora and 'History' versus 'Collective Memory': A Research Note." *Durkheimian Studies/Études Durkheimiennes* 1 (1995): 35–44.
- Payne, Stanley G. *The Franco Regime, 1936–1975*. University of Wisconsin Press, 2011.
- Preston, Paul. *The Spanish Holocaust: Inquisition and Extermination in Twentieth-Century Spain*. W. W. Norton & Company, 2012.
- Requeijo, Alejandro. "Las Tres Veces Que Atentaron Con Explosivos En El Valle de Los Caídos." www.vozpopuli.com, October 13, 2019. https://www.vozpopuli.com/espana/atentados-explosivos-valle-caidos-exhumacion-franco_0_1290471052.html.
- Rigby, Andrew. "Amnesty and Amnesia in Spain." *Peace Review* 12, no. 1 (March 1,

- 2000): 73–79.
- Rubin, J. S. “How Francisco Franco Governs from beyond the Grave: An Infrastructural Approach to Memory Politics in Contemporary Spain.” *American Ethnologist*, 2018. <https://anthrosource.onlinelibrary.wiley.com/doi/abs/10.1111/amet.12633>.
- Rueda Laffond, José Carlos. “Medios, imágenes y memoria: el Valle de los Caídos.” Universidad Complutense de Madrid, 2016. <https://eprints.ucm.es/38116/>.
- Sheean, Jacqueline. “Monument and Memory: The Valley of the Fallen and Its Cultural Archive.” *Arizona Journal of Hispanic Cultural Studies* 23, no. 1 (2019): 9–32.
- Solé, Queralt. “The Valley of the Fallen: A New El Escorial for Spain.” *Human Remains and Violence An Interdisciplinary Journal* 3, no. 1 (2017): 3–21.
- Stockey, Gareth. *Valley of the Fallen: The (N)ever Changing Face of General Franco’s Monument*. Critical, Cultural and Communications Press, 2013.
- Stugu, Ola Svein. *Historie i bruk*. Det Norske Samlaget, 2008.
- The Editors of Encyclopedia Britannica. “Spanish Civil War.” In *Encyclopedia Britannica*, July 10, 2020. <https://www.britannica.com/event/Spanish-Civil-War>.
- Thomas, Hugh. *The Spanish Civil War*. Random House Digital, Inc., 2001.
- Tremlett, Giles. *Ghosts of Spain: Travels through Spain and Its Silent Past*. Bloomsbury Publishing USA, 2008.
- . “The Spanish Holocaust by Paul Preston – Review.” *The Guardian*. March 9, 2012. <http://www.theguardian.com/books/2012/mar/09/spanish-holocaust-paul-preston-review>.
- Turrión, Pablo Iglesias. *Una nueva Transición: Materiales del año del cambio*. Ediciones AKAL, 2016.
- US Embassy of Spain-Informaton Department. “Franco’s Annual Message.” *Spanish Newsletter*, 31 januar, 1967.
- Viejo-Rose, Dacia. *Reconstructing Spain: Cultural Heritage and Memory after Civil War*. Apollo Books, 2011.
- Winter, Jay. “Notes on the Memory Boom.” In *Memory, Trauma and World Politics: Reflections on the Relationship Between Past and Present*, edited by Duncan Bell, 54–73. London: Palgrave Macmillan UK, 2006.
- . “The Memory Boom in Contemporary Historical Studies.” *Raritan* 21, no. 1 (2001): 52–66.